


KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD I HERØY KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL

av John Bjarne Jordal og Karl Johan Grimstad



Herøy kommune

Forfattarar:

John Bjarne Jordal
6610 Øksendal
Telefon 71 69 54 45
epost: bjjordal@online.no

Karl Johan Grimstad
6062 Brandal
Tlf: 70 09 33 21
epost: kagrim@online.no

Kan siterast fritt med vising til kjelde.

Rapporten kan tingast frå:

Herøy kommune
6099 Fosnavåg
Telefon 70 08 13 00

Denne rapporten kan refererast som:

Jordal, J. B. & Grimstad, K. J., 2001: Kartlegging av biologisk mangfold i Herøy kommune, Møre og Romsdal. Herøy kommune, rapport. 123 s. + kart og bilete.

Framsidebileta: Herøy er ein kystkommune med særprega flora og fauna. Fuglane og landskapet er vel kjende. Vi har her velt å presentera på framsida nokre svært særprega innbyggjarar på ytterkysten som ikkje er så godt kjende.

Øvst t. v.: Hayburkne er ein sjeldan ytterkystbregne med viktige førekomstar i Herøy, særleg i sørvestvende bergholer ut mot storhavet. Skageneset, Nerlandsøy 16.04.2001. Foto: Karl Johan Grimstad

Øvst t. h.: Hinnebregne krev stabilt fuktig lokalklima, og veks i nordvendte skrentar på ytterkysten. Mange nye lokalitetar vart oppdaga under arbeidet med denne rapporten. Goksøyrvika, Runde 16.04.2001. Foto: Karl Johan Grimstad

Nedst t. v.: Gullprikklav er ein sjeldan og svært fuktikrevande lavart med få funn i fylket. Goksøyrvika, Runde 16.04.2001. Foto: Karl Johan Grimstad

Nedst t. h.: Purpurlyng er ein sørleg og lite frost-tolande lyngart knytt til ytterkysten. Herøy har truleg blant dei viktigaste bestandane i fylket. Mange lokalitetar i denne rapporten er avgrensa på grunn av purpurlyngen. Skorpa 27.09.1994. Foto: John Bjarne Jordal

FØREORD

Bakgrunnen for dette prosjektet var at ein såg at det var nødvendig at ein i arealforvaltinga hadde ein samla oversikt over område med viktige biologiske verdiar i kommunen. Berre på denne måten kan ein unngå å bygge ned og dele opp dei areala som er avgjerande for å kunne oppretthalde det rike og varierte plante- og dyrelivet. I F-sak 66/99, i møte 24.03.99 vart det gjort vedtak på å gjennomføre dette prosjektet.

John Bjarne Jordal og Karl Johan Grimstad vart engasjerte for å gjere arbeidet. Desse to vart valgte utifrå at dei på førehand hadde god kjennskap til området. Vi er svært nøgde med gjennomføringa av arbeidet, og vi vil takke dei for innsatsen.

Vi har under arbeidet forsøkt å kople inn befolkninga i Herøy gjennom folkemøter og oppslag i media. Gjennom ein biletserie Vestlandsnytt sommaren 2000 fekk vi presentert arbeidet samtidig som vi fekk inn ein god del opplysningar, og vi vil takke lokalavisa vår for samarbeidsviljen. Vi oppretta også ei arbeidsgruppe med representantar frå ulike interessegrupper, samt hadde kontakt med folk som hadde spesiell kunnskap om naturen i ulike geografiske område i kommunen. Takk til alle.

Det er viktig å understreke at denne rapporten gjeld berre ein del av naturarven vår. Mange område er ikkje godt nok undersøkte, og rapporten omfemnar heller ikkje område som er spesielt viktige for dyrelivet i kommunen. Det er difor viktig å vidareføre arbeidet med kartlegging av naturverdiane våre.

Uansett kor godt kartlagt naturverdiane i Herøy blir, vil det avgjerande likevel bli korleis vi forvaltar naturen. Det foreliggende arbeidet vil ikkje vere vellukka dersom vi seier oss nøgde no. Det vil bety at ein er nøgd med at verdiane er kartlagde. Dette har liten verdi i seg sjølv. For at prosjektet skal sjåast på som vellukka, må rapporten og databasen nyttast til å ta vare på naturarven i kommunen. Det krev innsats ikkje berre av kommuneadministrasjon og politikarar, men også av innbyggjarane i kommunen og alle andre som nyter godt av å ha ein rik og mangfaldig natur. No har vi i alle tilfelle fått eit verkty som vil vere med på å gjere jobben enklare.

Sakshandsamar: Torbjørn Hasund

Fosnavåg 21.11.01


Rune Sjøgaard
rådmann

INNHOLD

SAMANDRAG	6
INNLEIING.....	10
BAKGRUNN	10
FORMÅL.....	10
NOKRE BEGREP	10
METODAR OG MATERIALE.....	12
INNSAMLING AV INFORMASJON.....	12
ARTSBESTEMMING OG DOKUMENTASJON.....	14
VERDSETTING OG PRIORITERING.....	14
PRESENTASJON.....	16
NATURGRUNNLAG OG NATURBRUK	17
HISTORIKK OMKRING UTFORSKINGA AV HERØY-NATUREN.....	17
LANDSKAP M.M.....	19
KLIMA.....	20
GEOLOGI.....	21
LAUSMASSAR.....	21
NATUR- OG BIOGEOGRAFISK PLASSERING.....	21
MARINE OMRÅDE, HAVSTRAND OG KYST.....	22
KULTURLANDSKAP	22
FERSKVATN	24
SKOG.....	25
MYR.....	25
BERG OG RASMARK.....	25
FJELL	26
OMRÅDESKILDRINGAR (FAKTAARK).....	27
BERGSØYA: HORNSETSTRANDA (NATURBEITEMARK).....	27
BERGSØYA: HORNSETEN (NORDVENDTE BERG)	28
BERGSØYA: MJELTEVIKNESET (NATURBEITEMARK).....	28
BERGSØYA: IGESUND: SØRE VAULEN (HAVSTRAND).....	29
BERGSØYA: MYKLEBUSTVATNET (FERSKVATN)	29
BERGSØYA: STOREHAUGEN (KYSTLYNGHEI)	30
BERGSØYA: STRAUMANE (UNDERVASSSENGER).....	31
GURSKØYA: ASPEVIKVÅGEN (UNDERVASSSENGER)	31
GURSKØYA: ASPEVIKVATNET (FERSKVATN)	32
GURSKØYA: DRAGSUND (HASSELSKOG M. M.).....	32
GURSKØYA: DRAGSUND: DJUPVIKVATNET (FERSKVATN)	32
GURSKØYA: DRAGSUND: HULDREHORNET (KYSTFURUSKOG).....	33
GURSKØYA: DRAGSUND: RAMBJØRHAMMAREN (NORDVENDTE BERG, SKOG).....	34
GURSKØYA: DRAGSUND: KVENNNAVÅGEN, MAKRELLVÅGEN (UNDERVASSSENGER).....	34
GURSKØYA: DRAGSUND: STYGGESJØEN (BRAKKVASSPOLLAR)	35
GURSKØYA: JØSOKBAKKEN (NATURBEITEMARK)	35
GURSKØYA: JØSOK (EDELLAUVKOG)	37
GURSKØYA: JØSOK: RAUDSKAR (NATURBEITEMARK, KALKSKOG).....	37
GURSKØYA: JØSOK: RAUDSKAR (OLIVIN).....	38
GURSKØYA: JØSOK: VOLDNES (SVARTOR, KRISTTORNLOK.)	38
GURSKØYA: JØSOK: VOLDNESGJERDET (KYSTLYNGHEI, KRISTTORN)	39
GURSKØYA: LEIKONG: KLEPPFURENE (KYSTFURUSKOG)	39
GURSKØYA: LEIKONG: NYKREIM (KRISTTORNLOK.)	40
GURSKØYA: MOLDTUSTRANDA: TARBERG (NATURBEITE)	40
GURSKØYA: MOLDTUSTRANDA: TARBERGTUA (NORDVENDTE BERG).....	42
GURSKØYA: MOLDTUSTRANDA: VEST FOR LØSET (NATURBEITEMARK)	42
GURSKØYA: MÅLØYA (KYSTLYNGHEI).....	43

GURSKØYA: STOKKSUND (NATURBEITEMARK, HAGEMARK)	43
GURSKØYA: STOKKSUND (UNDERVASSINGER).....	44
GURSKØYA: TJØRVÅG (HAVSTRAND)	44
GURSKØYA: TJØRVÅG (NATURBEITEMARK)	45
GURSKØYA: TJØRVÅG: TUFTEVATNET (FERSKVATN)	45
HERØYFJORDEN: FLÅVÆR (NATURBEITEMARK).....	46
HERØYFJORDEN: FUGLEHOLMEN (NATURBEITEMARK)	47
HERØYFJORDEN: HERØYA (NATURBEITEMARK M.M.)	47
HERØYFJORDEN: NAUTØYA VESTSIDE (BERG)	48
HERØYFJORDEN: NAUTØYA SØRSIDE (KYSTLYNGHEI).....	48
HERØYFJORDEN: PETTERHOLMEN (NATURBEITEMARK).....	49
HERØYFJORDEN: SKAFFERHOLMEN (NATURBEITEMARK)	49
LEINØYA: LEINEHORNET (KYSTLYNGHEI).....	50
LEINØYA: NØRE VAULEN (HAVSTRAND)	50
LEINØYA: GRØNELIDA (NORDVENDTE BERG)	51
LEINØYA: LEINESTØYLEN (NATURBEITEMARK)	52
LEINØYA: RØYRA (SØRVENDT BERG).....	52
LEINØYA: VOLSEND (NATURBEITEMARK)	53
NERLANDSØYA: ANDBØVIKA (NATURBEITEMARK)	53
NERLANDSØYA: BARMEN (KYSTLYNGHEI)	54
NERLANDSØYA: KALDDALSBUKTA (NORDVENDTE BERG)	54
NERLANDSØYA: KVALSVIK: MYRANESET (NATURBEITEMARK)	55
NERLANDSØYA: KVALSVIK: SKJELLINGSNESET (NATURBEITEMARK).....	56
NERLANDSØYA: MULEVIKA (NATURBEITEMARK, KYSTLYNGHEI)	56
NERLANDSØYA: MULENESET-OKLA (NORDVENDTE BERG M.M.).....	58
NERLANDSØYA: MULENESET (SØRVENDTE BERG M.M.).....	58
NERLANDSØYA: KOPARSTAD-SKORPESUND (KYSTLYNGHEI M.M.).....	59
REMØYA: REMØYVIKA (KYSTLYNGHEI)	60
REMØYA: UNDER REMØYKAMMEN (NORDVENDTE BERG).....	60
REMØYA: BARNESET (NATURBEITEMARK)	61
REMØYA: VEST FOR STOREVATNET (KYSTLYNGHEI).....	61
REMØYA: TERNENESET/ARESFJELLET (NATURBEITEMARK M.M.).....	62
RUNDE: GOKSØYRBEITA (KULTURLANDSKAP).....	62
RUNDE: GOKSØYRMYRANE (MYR).....	63
RUNDE: HELLESTIEN-KLØFJELLET (NORDVENDTE BERG)	64
RUNDE: GOKSØYRVIIKA (HAVSTRAND)	64
RUNDE: MÅGANESET (NATURBEITEMARK)	65
RUNDE: NØRE HANDFANGEN (NATURBEITEMARK).....	66
RUNDE: GEITA (KYSTLYNGHEI)	66
RUNDE: AUST FOR SØRE HANDFANGEN (KYSTLYNGHEI)	66
RUNDE: RUNDE VESTSIDE (BERG).....	67
SKORPA: DJUPVIKA (HAVBURKNE)	68
SKORPA: SØRSIDA (KYSTLYNGHEI, BERG OG RASMARK)	68
SKORPA: VED GARDANE (KULTURLANDSKAP)	69
VILTMØRÅDE	70
ÜPRIORITERTE OMRÅDE	78
RAUDLISTEARTAR OG ANSVARSARTAR	80
GENERELT.....	80
SOPP.....	80
LAV.....	81
PLANTER.....	81
MOSAR.....	82
FUGL.....	82
PATTEDYR.....	83
FORVALTNING OG TILRÅDINGAR.....	88
VIKTIGE NATURTYPAR OG FORVALTNING AV DEI	88
KONTROLL MED INNFØRTE ARTAR	89
KUNNSKAPSSTATUS OG BEHOV FOR VIDARE UNDERSØKINGAR	90

LITTERATUR	91
LITTERATUR SOM BERØRER HERØY	91
ANNAN LITTERATUR	106
VEDLEGG: PLANTELISTER.....	107
PLANTELISTE FOR HERØY	107
ARTSLISTER FOR LOKALITETAR	108
VEDLEGG: SOPPLISTER.....	113
SOPPLISTE FOR HERØY	113
ARTSLISTER FOR LOKALITETAR	115
VEDLEGG: LAVLISTER	118
LAVLISTE FOR HERØY	118
ARTSLISTER FOR LOKALITETAR	119
VEDLEGG: INSEKTLISTER.....	121
LISTE OVER AUGNESTIKKARAR I HERØY	121
VEDLEGG: FUGLELISTE.....	122
FUGLELISTE FOR HERØY	122

SAMANDRAG

Bakgrunn og formål

Bakgrunnen for rapporten er tilgang på statlege tilskott til kartlegging av biologisk mangfald, kombinert med kommunen sitt ønske om betre kjennskap til område med naturverdiar som bør takast omsyn til i kommunalt planarbeid. Dette er ledd i ei statleg satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einstilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltinga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller krafifulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det brukt litteratur, Naturbasen m.m. hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, databasar på Internett, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk og lokalkjente folk. For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa ein del på feltarbeid, i alt ca. 20 feltdagar. Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart og i rapport.

Naturtypar

Dei ulike naturtypane i Herøy er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Herøy er havstrand, kulturlandskap (særleg kystlynghei og naturbeitemarker), ferskvatn (særleg rike kulturlandskapssjøar som Myklebustvatnet), berg/rasmark (særleg nordvendte kystberg med rik lav- og moseflora) og skog (særleg rik edellauvskog med t. d. alm). Ein annan interessant type er myr (terringdekkjande myr på Runde). Herøy har i visse område ein berggrunn som gjev eit meir baserikt jordsmøn og innslag av kalkkrevande planter m.m. Bortsett frå dette er Herøy ein kystkommune med eit sterkt kystpreg i alle vegetasjonstypar, flora og fauna. Dette preget gjer kommunen svært forskjellig frå mange andre kommunar i fylket.

Tabell 1. Naturtypar kartlagte etter DN-handboka i Herøy kommune.

Hovudnaturtype	Undernaturtype	Kommentar
Berg/rasmark	sørvestende berg/rasmarker	Solrike berg/rasmarker med interessant flora
Berg/rasmark	nordvende kystberg	Skuggerike berg/rasmarker med interessant lav- og moseflora
Ferskvatn	rike kulturlandskapssjøar	Næringsrike innsjøar i kulturlandskapet
Ferskvatn	andre viktige lokalitetar	På Vestlandet kan det vera grunn til å ta med ein del innsjøar/tjønner i låglandet (ikkje berre i kulturlandskapet, og ikkje berre dei næringsrike slik som i DN-permen)
Havstrand/kyst	undervassenger	Område med havgras eller ålegras, oftaast lite tørrlagt
Havstrand/kyst	strandenger/ strandump	Saltpåverkaenger og sumpar i fjøra
Havstrand/kyst	brakkvassdelta	Tjørvåg har t.d. eit lite brakkvassdelta
Kulturlandskap	kystlynghei	Kulturbetinga røsslynghei, prioritert er særleg dei som er i drift som lynghei, eller som inneheld purpurlyng
Kulturlandskap	naturbeitemark	Artsrike, helst ugjødsla beitemarker med lang hevd
Kulturlandskap	hagemark/skogsbeite	Open beitemark med spreidde tre. Brukt om skogområde i Stokksund
Myr	terringdekkjande myr	Myr som dekkjer landskapet som eit teppe, fuktig klima
Myr	intakt låglandsmyr	Myr i låglandet som er lite påverka av fysiske ingrep
Skog	rik edellauvskog	Skogar m. alm, hassel el. svartor, og varmekjære planter.
Skog	kalkskog	Skog med gras- og urterik vegetasjon av kalkkrevande planter
Skog	kystfuruskog	Furuskog på kysten, helst større, velutvikla område med ein del gamle tre

Følgjande naturtypar må seiast å vera viktige å ta omsyn til i kommunen, samstundes som mange av dei er i tilbakegang på grunn av menneskelege aktivitetar (marine område høyrer ikkje med i prosjektet):

- **Havstrand med rik strand- og undervassvegetasjon**
- **Naturbeitemarker med stor artsrikdom**
- **Kystlynghei som framleis er i bruk**
- **Kystlynghei med purpurlyng**
- **Terrengdekkjande myr (Runde, verna)**
- **Innsjøar i kulturlandskapet**
- **Hassel- og almeskog (mest Gurskøya)**
- **Kystfuruskog (Gurskøya)**
- **Berg og rasmark, både nord- og sørvendt**
- **Holmar og berg med større sjøfuglkoloniar (fell utanfor dette prosjektet, høyrer under viltkartlegging)**

I slike område bør omsynet til det biologiske mangfaldet prioriterast i alt planleggingsarbeid, og ein bør utarbeida planer for forvaltninga.

Herøy har eit sterkt sær preg i flora og fauna som ein av dei mest utprega kystkommunane i fylket. Det er ei utfordring å bevara mest mulig av det som er spesielt med denne kytnaturen.

Viktige lokalitetar i Herøy

Nedanfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetane er gjeve nummer frå 10001 og oppover. Lokalitetar som er med i Naturbasen (Fylkesmannen 1999) har også eit nummer i denne basen, dette er i denne rapporten nemnt i parentes under i områdeskildringane.

Tabell 2. Verdifulle lokalitetar i Herøy. Tabellen gjev ei oversikt over avgrensa og verdsette lokalitetar sorterte alfabetisk etter namn. Namnsettinga er prøvd gjort slik at nærliggjande lokalitetar hamnar saman. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig. Alle lokalitetsnummer tek til med 1515- som er kommunenummeret. I tabellen er berre siste del av nummeret teke med. Ein har her ikkje inkludert viltområde (t. d. hekkeområde for sjøfugl, rovfugl, ugler, yngleområde for eter), som ikkje inngår i metoden som denne rapporten er utarbeidd etter (DN (1999a).

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
10001	Bergsøya: Hornsetstranda	Kulturlandskap: naturbeitemark	A
10002	Bergsøya: Hornseten	Berg/rasmark: nordvendte berg	B
10003	Bergsøya: Mjeltevikneset	Kulturlandskap: naturbeitemark	B
10004	Bergsøya: Igесund: Søre Vaulen	Havstrand/kyst: strandeng/strandsump	B
10005	Bergsøya: Myklebustvatnet	Ferskvatn: rik kulturlandskapssjø	A
10006	Bergsøya: Storehaugen	Kulturlandskap: kystlynghei	B
10007	Bergsøya: Straumane	Havstrand/kyst: undervassenger	B
10008	Gurskøya: Aspevikvatnet	Ferskvatn: andre viktige førekommstar	C
10023	Gurskøya: Aspevikvågen	Havstrand/kyst: undervassenger	B
10009	Gurskøya: Dragsund	Skog: rik edellauvskog (hassel)	C
10010	Gurskøya: Dragsund: Djupvikvatnet	Ferskvatn: andre viktige førekommstar	B
10011	Gurskøya: Dragsund: Huldrehornet	Skog: kystfuruskog	C
10012	Gurskøya: Dragsund: Rambjørhammaren	Berg/rasmark, skog: nordvendte berg, høgstaudebjørkeskog	B
10013	Gurskøya: Dragsund: Kvennavågen, Makrellvågen	Havstrand/kyst: undervassenger	B
10014	Gurskøya: Dragsund: Styggesjøen	Havstrand/kyst: brakkvasspollar	B
10015	Gurskøya: Jøsokbakken	Kulturlandskap: naturbeitemark	B
10016	Gurskøya: Jøsok	Skog: rik edellauvskog	A
10017	Gurskøya: Jøsok: Raudskar	Kulturlandskap: naturbeitemark	B
10018	Gurskøya: Jøsok: Raudskar	Andre viktige førekommstar (olivinknausar, olivinfuruskog)	B
10019	Gurskøya: Jøsok: Voldnes	Kulturlandskap: hagemark (svartor, kristtornlok.)	C
10020	Gurskøya: Jøsok: Voldnesgjerdet	Kulturlandskap: kystlynghei (kristtorn)	C

10021	Gurskøya: Leikong: Kleppefurene	Skog: kystfuruskog	C
10022	Gurskøya: Leikong: Nykreim	Kulturlandskap: andre viktige førekomstar (kristtornlok.)	C
10024	Gurskøya: Moldtustrand: Tarberg	Kulturlandskap: naturbeitemark	A
10025	Gurskøya: Moldtustrand: Tarbergtua	Berg/rasmark: nordvendte kystberg	B
10026	Gurskøya: Moldtustrand: vest for Løset	Kulturlandskap: naturbeitemark	A
10027	Gurskøya: Måløya	Kulturlandskap: kystlynghei	C
10028	Gurskøya: Stokksund	Kulturlandskap: naturbeitemark, hagemark	A
10029	Gurskøya: Stokksund	Havstrand/kyst: undervassenger	C
10030	Gurskøya: Tjørvåg	Havstrand/kyst: strandeng/strandsump	B
10031	Gurskøya: Tjørvåg	Kulturlandskap: naturbeitemark	C
10032	Gurskøya: Tjørvåg: Tuftevatnet	Ferskvatn: andre viktige førekomstar	B
10033	Herøyfjorden: Flåvær	Kulturlandskap: naturbeitemark	B
10034	Herøyfjorden: Fugleholmen	Kulturlandskap: naturbeitemark	C
10035	Herøyfjorden: Herøya	Kulturlandskap: naturbeitemark m.m.	B
10036	Herøyfjorden: Nautøya vestside	Berg/rasmark: nordvendte kystberg	B
10037	Herøyfjorden: Nautøya sørside	Kulturlandskap: kystlynghei	C
10038	Herøyfjorden: Petterholmen	Kulturlandskap: naturbeitemark	C
10039	Herøyfjorden: Skafferholmen	Kulturlandskap: naturbeitemark	C
10040	Leinøya: Leinehornet	Kulturlandskap: kystlynghei	A
10041	Leinøya: Nørdre Vaulen	Havstrand/kyst: strandeng/strandsump	B
10042	Leinøya: Grønelida	Berg/rasmark: nordvendte kystberg	B
10043	Leinøya: Leinestøylen	Kulturlandskap: naturbeitemark	B
10044	Leinøya: Røyra	Berg/rasmark: sør vendt berg/rasmark	B
10045	Leinøya: Volsund	Kulturlandskap: naturbeitemark	A
10046	Nerlandsøya: Andbøvika	Kulturlandskap: naturbeitemark	B
10047	Nerlandsøya: Barmen	Kulturlandskap: kystlynghei	B
10048	Nerlandsøya: Kalddalsbukta	Berg/rasmark: nordvendte kystberg	A
10049	Nerlandsøya: Kvalsvik: Myraneset	Kulturlandskap: naturbeitemark	A
10050	Nerlandsøya: Kvalsvik: Skjellingsneset	Kulturlandskap: naturbeitemark	C
10051	Nerlandsøya: Mulevika	Kulturlandskap: naturbeitemark, kystlynghei	A
10052	Nerlandsøya: Muleneset-Okla	Berg/rasmark: nordvendte kystberg	B
10053	Nerlandsøya: Muleneset	Berg/rasmark: sør vendt berg/rasmark	B
10054	Nerlandsøya: Koparstad-Skorpesund	Kulturlandskap: kystlynghei m.m.	A
10055	Remøya: Remøyvika	Kulturlandskap: kystlynghei	C
10056	Remøya: under Remøykammen	Berg/rasmark: nordvendte kystberg	B
10057	Remøya: Barneset	Kulturlandskap: naturbeitemark	B
10071	Remøya: vest for Storevatnet	Kulturlandskap: kystlynghei	B
10058	Remøya: Terneneset/Aresfjellet	Kulturlandskap, berg/rasmark: nordvendte kystberg, naturbeitemark, kystlynghei	A
10059	Runde: Goksøyrbeita	Kulturlandskap: naturbeitemark	A
10060	Runde: Goksøyrmyrane	Myr: terregndekkjande myr	B
10061	Runde: Hellestien-Kløfjellet	Berg/rasmark: nordvendte kystberg	A
10062	Runde: Goksørvika	Havstrand/kyst: strandeng/strandsump	B
10063	Runde: Måganeset	Kulturlandskap: naturbeitemark	B
10064	Runde: Nøre Handfangen	Kulturlandskap: naturbeitemark	B
10065	Runde: Geita	Kulturlandskap: kystlynghei	B
10066	Runde: aust for Søre Handfangen	Kulturlandskap: kystlynghei	B
10067	Runde: Runde vestside	Havstrand/kyst: andre viktige førekomstar (havburkne, del av reservat)	A
10068	Skorpa: Djupvika	Havstrand/kyst: andre viktige førekomstar (havburkne)	A
10069	Skorpa: sørsida	Kulturlandskap, berg/rasmark: kystlynghei, sør vendt berg/rasmark	B
10070	Skorpa: ved gardane	Kulturlandskap: naturbeitemark, kystlynghei	A

Tabell 3. Fordeling av lokalitetar etter naturtype og verdi. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig. Nokre lokalitetar inneheld fleire typar.

Huvudnaturtype\verdi	A	B	C	Sum
havstrand/kyst	2	8	1	11
kulturlandskap	12	16	11	39
ferskvatn	1	2	1	4
myr		1		1
skog	1	3	1	5
berg/rasmark	3	11		14
fjell				0

Raudlisteartar og ansvarsartar

Ei raudliste er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999b).

Det er registrert 106 funn av raudlisteartar av planter, mosar, sopp og lav i Herøy, men dei som er kjent, er omtala i eit eige kapittel. Raudlisteartar av virveldyr er også kort presenterte her, sjølv om dette kjem inn under viltkartlegging (DN 1996), som ikkje inngår i dette prosjektet.

Forvaltning og tilrådingar

Eit eige kapittel inneholder råd om forvaltning og skjøtsel av dei ulike viktige lokalitetane i Herøy. Det går særleg på å prøva å unngå fysiske inngrep, oppretthalda tradisjonell drift som beiting m.m. i verdifullt kulturlandskap, unngå treslagskifte i verdifull skog, og unngå forureining.

Omtale av truslar, og råd om omsyn og forvaltning tek ikkje omsyn til kor aktuell eventuelle truslar er i dag. T. d. er attgroing konsekvent ført opp som trussel i naturbeitemarks-lokalitetar.

Det er vidare teke med ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Kunnskapen om mange organismegrupper i Herøy er svært därleg.

Litteratur

Ein eigen litteraturdatabase er under utarbeiding over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Herøy i denne basen ga vel 580 treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t. d. til skulebruk.

Vedlegg

I vedlegga er det presentert artslistar, dels for heile kommunen, dels for einskildlokalitetar.

INNLEIING

Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er tilgang på statlege tilskott til kartlegging av biologisk mangfald, kombinert med kommunen sitt ønske om betre kjennskap til område med naturverdiar som bør takast omsyn til i kommunalt planarbeid. Dette er ledd i ei statleg satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er igjen Brundtlandkommisjonens rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Noreg i 1993 og som tredde i kraft i 1994. Heile kartleggingsarbeidet i kommunane er planlagt ferdig innan 2004. Direktoratet for Naturforvalting (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

Formål

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltinga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid. Eit delmål er å gje eit så godt oversyn som råd over dei naturverdiane og artane som finst i dei undersøke områda. Eit generelt formål med naturfagleg kartlegging er elles å verne om naturen, og ein får håpa at rapporten blir eit viktig dokument i den langsiktige arealplanlegginga i kommunen.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

Nokre begrep

Beitemarkssopp: grasmarkstilknytta soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

Biologisk mangfald omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

Edellauvskog: skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtreslaga (alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Herøy er det alm, svartor og hassel som er aktuelle. Desse treslaga krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 °C, medan gran og furu greier seg rundt 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C (Hafsten 1972).

Indikatorart (signalart): ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisera ein verdifull naturtype bør ein helst ha fleire indikatorartar.

Kontinuitet: i økologien brukar om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyrring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreia seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

Naturbeitemark: gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

Natureng: i snever forstand gamle slåttemarker med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar blir omgrepene brukte i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarker og naturbeitemarker.

Nøkkelbiotop: ein biotop (levestad) som er viktig for særleg mange artar, eller artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett blir tilfredsstilt andre stader i landskapet.

Naturengplanter: planter som er knytta til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker, og er dermed en parallel til beitemarkssoppene.

Nøkkelbiotop: ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar, eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett blir tilfredsstilt andre stader i landskapet.

Raudliste: liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

Signalart: blir i denne rapporten brukte omrent synonymt med indikatorart. I "signalart" ligg det litt meir at ein bør vakna opp og leita etter fleire teikn på ein evt. verdifull lokalitet.

Tradisjonelt kulturlandskap: dominante typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeidning, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarker, hagemark, slåttelundar og lynghei.

Truga artar: artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.

METODAR OG MATERIALE

Innsamling av informasjon

Informasjonen kjem dels fra innsamling av eksisterande kunnskap, dels fra feltarbeid i samband med dette prosjektet, i første rekkje utført av Karl Johan Grimstad. I hovudsak kan ein seia at arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t. d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t. d. artsrike naturbeitemarker
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t. d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t. d. rik edellauvskog med alm eller hassel og mange varmekjære planter
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t. d. artsrike nordvende berg med sjeldan og kystbunden lavflora

Vilt- og fiskekartlegging inngår ikkje i metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må setta seg inn i eksisterande kunnskap, så samla inn ny kunnskap (feltarbeid), deretter systematisera materialet, prioritera lokalitetane og til slutt presentera dette på kart og i rapport eller liknande.

Litteratur

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Herøy. Dette har vorte lettare å få oversikt over frå år 2000, da John Bjarne Jordal saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal har laga eit utkast til litteraturdatabase over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune, og skal etter planen liggja på Fylkesmannens heimesider på Internett frå etterjulsvinteren 2001. Eit sok på Herøy i databasen er presentert i litteraturoversikta attast i rapporten. Søket ga eit svært stort materiale. Herøy er nok ein av dei mest omskrivne kommunane i fylket etter dei store kommunane Sunndal og Rauma, særleg på grunn av fuglefjella på Runde.

Oversikt over viktige litteraturkjelder med kommentarar

Tabell 4. Dei viktigaste skriftelege kjeldene som er bruka for å kartleggja eksisterande naturinformasjon frå Herøy, med kort skildring av innhaldet. Sjå litteraturlista for fleire kjelder.

Kjelde	Kommentar
Aksdal (1994)	Omtalar verdifulle kulturlandskap.
Bendiksen m. fl. (1998)	Omtalar raudlisteartar av sopp, mange er kjent frå Herøy.
Bjørlykke (1938)	Omtalar floraen i olivenområde på Sunnmøre inkl. Herøy.
Crundwell & Nyholm (1976)	Omtalar ein utryddingstruga moseart på Runde
Dahl (1954)	Om bergartane på Runde
Dahl (1895)	Botaniske undersøkingar juli-august 1894 på Leinøya, Bergsøya, Nerlandsøy, Skorpa, Runde, Flåvær, Herøy og Notøy.
DN (1995)	Nemner interessante marine område.
Folkestad (1975)	Skildrar ferskvatna i kommunen.
Folkestad (1976a)	Skildrar flora og fauna i Myklebustvatnet.
Folkestad (1976b)	Skildrar naturkvalitetane i Herøy kommune.
Folkestad (1978a)	Gjennomgang av viktige våtmarkslokalitetar
Folkestad (1996a)	Går grundig gjennom fuglefaunaen i kommunen.
Folkestad & Loen (1998)	Skildrar ei rekke sjøfuglområde i kommunen.

Fremstad m. fl. (1991)	Omtalar verdifulle llynghiområde.
Fremstad & Elven (1997)	Omtalar platanlønn med utbreiingskart, også Herøy er med.
Frisvoll & Blom (1992)	Gjennomgang av raudlista for mosar, Herøy er nemnt.
Frisvoll & Blom (1997)	Førebelse faktaark for raudlista mosar, Herøy er nemnt.
Fylkesmannen i MR (1988)	Verneplanen for myr, omtalar Goksøyrmyrane m.m.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavd. (2000)	Naturbasen, utskrift for Herøy m. kart.
Fægri (1960)	Utbreiingskart for kystplanter, mange artar også kjent fra Herøy.
Fægri & Danielsen (1996)	Utbreiingskart for sør austlege planter, fleire artar også kjent fra Herøy.
Gjershaug m. fl. (1994)	Viser detaljerte kart over alle norske hekkefuglar.
Gjærevoll 1990	Utbreiingskart for fjellplanter, ein skilde artar også i Herøy.
Goksøy (1931)	Skildrar floraen på Svinøy
Goksøy (1938)	Skildrar floraen på Runde.
Gaarder & Jordal (2001)	Gjennomgang av funn av raudlisteartar i fylket av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl, nokre også fra Herøy
Gaarder m. fl. (2001)	Omtalar ei rekke viktige naturtypar i Møre og Romsdal, som eit supplement til DN (1999a), mellom desse fleire viktige typar i Herøy.
Holmboe (1914)	Omtalar detaljert forekomstane av kristtorn på Vestlandet inkl. Herøy.
Holten m. fl. (1986b)	Omtalar fleire strandområde.
Korsmo & Svalastog (1997)	Undersøkingar av kystfuruskog på Gurskøya
Jordal (1993)	Nemner nokre soppfunn fra Herøy.
Jordal & Gaarder (1993, 1995, 1997, 1998b)	Nemner område og funn inkl. raudlisteartar fra beitemark
Jordal & Gaarder (1999)	Oppsummering av undersøkte kulturlandskap
Moen (1984)	Behandlar verdifulle myrområde i fylket, m.a. Goksøyrmyrane.
Oterhals (1996)	Utkast til verneplan for havstrand og elveos, Herøy er med.
Pareliussen (1997)	Hovudfagsoppgåve om floraen i beitelandskapet på Runde, samanliknar med situasjonen i 1928-29 (jfr. Goksøy 1938).
Steien (1984)	Bibliografi dels sortert på kommunar
Strøm (1762, 1766)	Grundig opplysningsprest som også skildrar naturen i Herøy.
Størmer (1967, 1969)	Behandlar mosar med kystutbreiing.
Tveten m. fl. (1998)	Geologisk kart over ytre Søre Sunnmøre inkl. heile Herøy.
Tønsberg m. fl. (1996)	Gjennomgang av norske raudlisteartar for lav, 1 er funne i Herøy.
Wischmann (1965)	Referat frå botanisk ekskursjon til m. a. Gurskøya

Museumssamlingar, databasar, Internett

Lav- og soppdatabasane ved Universitetet i Oslo er sjekka på Internett.

Innsamling frå personar

Ei rekke einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Herøy. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samla all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne bruka noko meir tid til dette. Tidlegare miljøvernkonsernt Torbjørn Hasund har samla inn noko.

Eigne registreringar av biologisk mangfold i kommunen

I 1993-1998 har den eine av forfattarane (J. B. Jordal) saman med Geir Gaarder undersøkt ein del kulturlandskapsområde i kommunen (Jordal & Gaarder 1993, 1995, 1997, 1998b). I tillegg har Gaarder & Jordal (2001) samla opplysningar om raudlisteartar av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfuglar frå alle kommunar i fylket inklusive Herøy. I 1998-2001 har Karl Johan Grimstad utført ein del feltarbeid i kommunen, dels saman med John Bjarne Jordal, Dag Holtan og Geir Gaarder. Feltarbeidet er truleg den delen av prosjektet som får størst verdi for kommunen på lengre sikt, sidan mykje ny kunnskap er samla og systematisert.

Eit utval lokalitetar er registrert meir detaljert. Floraen er undersøkt ved at det er laga krysslister for dei kartlagte lokalitetane. Særleg interessante funn er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vegetasjonen er kartlagt i grove trekk etter vegetasjonstypene hos Fremstad (1997).

Sopp er særleg samla i gammal grasmark i område med tradisjonelt kulturlandskap, sidan ein del slike artar kan brukast til å verdsetta slikt landskap (sjå nedanfor).

Interessante fugleobservasjonar er notert i samband med alt feltarbeidet.

Artsbestemming og dokumentasjon

Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Elven m. fl. (1994), og norske namn følgjer også denne utgåva.

Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 1994). For jordtunger (*Geoglossum*, *Microglossum*, *Trichoglossum*) har ein brukt Olsen (1986). For dei andre artane, har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997) og Ryman & Holmåsen (1984). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg.

Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m. fl. (1994) og Moberg & Holmåsen (1986).

Vitskaplege navn følgjer dei publikasjonane vi har bruka i arbeidet.

Alle interessante funn av planter, sopp og lav er tekne vare på, og vil bli overlatne til Botanisk Museum på Tøyen, Oslo.

Namnsetting av fugl følgjer Gjershaug m. fl. (1994).

Verdsetting og prioritering

Generelt

Ved verdsetting av naturmiljøet blir det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller arter høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og arter som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og arter som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile forekomstar eller er i framgang

Kriteriar og kategoriar

Ein viser her berre til verdsettingskriteria i DN (1999a). Kategoriene her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria for naturtypar og raudlisteartar innarbeidde, kriteria fra vilthandboka (DN 1996) er brukt berre unntaksvise. Kriteria i DN (1999a) gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Dessutan er kriteria for C - "lokalt viktig" ikkje presentert i handboka. Ein del lokalitetar som truleg ikkje bør koma i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. forekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vera særleg velutvikla og artsrike. For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte.

Avvik fra DN-handboka i denne rapporten

For det første har vi brukt ein naturtype som ikkje er omtala i DN-handboka, nemleg Berg/rasmrk: nordvendte kystberg (Gaarder m. fl. 2001), denne er nærmare skildra under omtalen av dei ulike hovudnaturtypane lengre bak.

Rapportfattarane er vidare usamd med DN-handboka på nokre punkt

- DN-handboka vil føra alle rike edellauvskogar nord for Sogn og Fjordane til kategori A (svært viktig)

- DN-handboka vil føra alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig)

Desse kriteria gjer det vanskeleg å skilja mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsettast ulikt. Når det gjeld rik edellauvskog er ein ikkje usamdi at lokalitetane blir sjeldnare nordover, men grensa for å føra alle lokalitetar i kategori A bør flyttast nordover, i det minste nord for Møre og Romsdal. Når det gjeld naturbeitemarker meiner underteikna at krava for å koma i kategori A bør vera noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av rik edellauvskog:

A (svært viktig)	større, velutvikla edellauvskog med mange varmekjære planteartar (m. a. alm-lindeskog)
B (viktig)	mindre velutvikla edellauvskog med nokre varmekjære planteartar
C (lokalt viktig)	mindre skogparti med spreidde edellauvtre og få varmekjære planteartar (t. d. därleg utvikla gråor-almeskog)

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av naturbeitemarker:

A (svært viktig)	velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, forekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga
B (viktig)	lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med forekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller hensynskrevande
C (lokalt viktig)	lokalitetar som er små eller litt attgrodde eller därleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.

Viltlokalitetar

Hekkeområde for t. d. sjøfugl, rovfugl eller ugler er ikkje prioriterte i denne rapporten. Dette er fordi prosjektet byggjer på metoden i DN-handboka om kartlegging av biologisk mangfald (DN 1999a). T. d. er hekkeområde for sjøfugl ingen naturtype etter denne metoden. Grunnen til dette er at alle virveldyr med unntak av fisk (dvs. pattedyr, fugl, krypdyr og amfibiar) i den tradisjonelle norske naturforvaltninga har hørt inn under såkalla "viltkartlegging". DN har utarbeidd ei eiga handbok i viltkartlegging (DN 1996). DN-handboka om biologisk mangfald (DN 1999a) omfattar ikkje viltkartlegging. Denne kunstige oppdelinga av det biologiske mangfaldet er i betydeleg grad til hinder for å få ei heilskapleg naturforvaltning i Noreg, både nasjonalt og lokalt. Det er grunn til å håpa at ein på lokalplanet likevel kan få til å gjennomföra heilskapleg planlegging og arealforvaltning.

Sjølv om DN (1999a) omhandlar alle naturtypar og biologisk mangfald generelt, blir altså ikkje alle organismegrupper vurderte, og ikkje alle naturtypar verdsette og prioriterte med denne metoden. Vi vil lenge måtte slita med fleire andre metodeopplegg parallelt: handbok i viltkartlegging (DN 1996), samt handbökene i kartlegging av ferskvatn (DN på Internett) og marine miljø (DN under arbeid).

Uprioriterte og ikkje undersøkte lokalitetar

Potensielt interessante lokalitetar som det finst informasjon om, men som ikkje er undersøkte eller prioriterte i dette prosjektet, er samla i kapitlet "Uprioriterte lokalitetar". Prosjektet hadde tronge rammer, og ein kan her berre visa til behovet for vidare kartlegging.

Lokalitetar som er oppsøkte, men som ikkje er prioriterte, er også kort omtala i det same kapitlet. Dette er gjort fordi det trass alt dreier seg om eit mindre tal lokalitetar, og fordi det kan ha interesse å vita at eit område er oppsøkt eller vurdert.

Årsaker til at lokalitetar er uprioriterte:

- ein har ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar
- DN-handboka om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiene på vedkomande lokalitet

Bruk av raudlisteartar/signalartar

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til opprampa mange artar som er funne på staden. Dette kan vera for å illustrera trekk ved t. d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdsetta lokaliteten. Nokre artar blir lagt særleg mykje vekt på i verdsettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Signalartar blir kort omtala her. Nedanfor blir det opprampa ein del artar som er brukt som signalartar og veklagt i verdsettinga.

- Edellauvskog: varmekjære artar som t. d. svarteknapp, breiflangre, vårvartecknapp, ramslauk, sanikel, vårmarihand
- Nordvende berg: hinnebregne, kystmaigull, kystblåfiltlav, gullprikklav, dronningmose, gullhårmose (i Herøy inneheld naturtypen dessutan signalartar på rik fjellvegetasjon eller rikmyr, som raudsildre, gulssildre, fjellsmelle, fjellstiel, engstorr, loppestorr, jáblom, gulstorr)
- Sør vendte berg: t. d. bergasal, purpurlyng, vivendel, vestlandsvikke og blankburkne
- Havstrand: t. d. grusstorr, havstorr, ishavstorr, bogestorr, småhavgras, skruehavgras og ålegras
- Naturbeitemark: ei rekje artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995) (merka med ¹ i vedlegg: planteliste for Herøy og soppliste for Herøy).

Presentasjon

Generelt

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar, samt litt historikk omkring utforskinga av Herøynaturen og om bruken av naturen, er samla i eit kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel, og i tillegg har ein presentert kva artar frå Herøy som Noreg har eit særskilt ansvar for i internasjonal samanheng. Siste kapitlet kjem med betraktingar og tilrådingar omkring framtidig forvaltning ut frå den kunnskapen som no er samla. Sist i rapporten er presentert litteraturliste for Herøy og ulike artslistar. Dette er både artslistar for heile kommunen for planter, sopp, lav og fugl, men i tillegg også ein del plante-, lav- og sopplister frå einskildlokalitetar. Lavlistene stammar særleg frå undersöking av bergvegger og skog. Sopplister for lokalitetar stammar frå undersökingar av kulturlandskap, i første rekke naturbeitemark.

Områdeskildringar

Dei undersøkte lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgt DN (1999a) med nokre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte alfabetisk etter namn, og ikkje etter naturtype. Namnsettinga er forsøkt gjort slik at geografisk nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummer i dette prosjektet er velt frå 1001 og oppover. Nummer i Naturbasen til Fylkesmannen er, der dei finst, nemnt under områdeskildringa.

Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For edellauvskog er stort sett treslagskifte ført opp sjølv om dagens eigalar ikkje har planer om noko slikt.

Kartavgrensing

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på økonomisk kart 1:10 000 som er overlett til kommunen, som så har digitalisert dei. Avgrensingane blir ikkje så svært nøyaktige i denne målestokken. Ein må oppfatta avgrensingane som omrentlege og orienterande. I tilfelle planer om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta befaring for å få ei meir detaljert avgrensing og prioritering.

NATURGRUNNLAG OG NATURBRUK

Historikk omkring utforskinga av Herøy-naturen

Tabell 5. Talet på registrerte litteraturtitlar som vedrører Herøy generelt eller Runde spesielt i ulike 10-årsbolkar. Tabellen er eit resultat av søk i litteraturdatabasen for naturen i Møre og Romsdal i februar 2001 (Jordal & Gaarder under arbeid). Mange titlar har berre periferog fragmentarisk informasjon, eller inneholder grove utbreiingskart.

	før 1950	1950-talet	1960-talet	1970-talet	1980-talet	1990-talet
Herøy	51	17	48	90	123	230
Runde	17	10	26	51	57	80

Utforsking av fuglefjella på Runde

Presten Hans Strøm (1756, 1762) ga viktige bidrag til kjennskapet til fuglelivet i kommunen, inkludert Runde. Dette er oppsummert av Folkestad (1982a). Den neste litteraturkjelda som vi har oversikt over når det gjeld fugl på Runde, var Rasch (1847). Den kjende zoologen Robert Collett nemner også Runde ved fleire høve frå siste del av 1800-talet (t. d. Collett 1869, 1921). Schaanning (1924) og Johnsen (1924) rapporterer om den første kjende hekkinga av havhest i Noreg - på Runde. Goksøyr (1925) og Løvenskiold (1928) er døme på ei veksande ornitologisk interesse utover i mellomkrigstida. Valeur (1947) skriv om havsula på Runde, og i 1949 (Fauna vol. 2) kom den første rapporten om konstatert havsulehekking. Utover 50-talet kom dei første sjøfuglundersøkingane i gang i regi av J. F. Willgoths frå Bergen (Willgoths 1953, 1954, 1955, 1957). Utover 60-talet dukka det opp namn som sjøfuglforskaren Einar Brun (1962, 1963, 1966, 1969a, b, 1971a, b, 1972, 1973), og dei ikkje ukjende Alv Ottar Folkestad og Olav Johansen skreiv sine første publikasjonar om fuglelivet på Sunnmøre, m. a. Runde (Folkestad 1963, Johansen 1969). Holger Holgersen (1968) presenterte tidlege ringmerkingsresultat frå Runde, ei verksemd som sidan vart oppsummert fram til da av Myklebust & Johansen (1973). Utover 1970-talet formeleg eksploderte fugleinteressa, og mengda av faunrapportar frå Runde auka kraftig. Alv Ottar Folkestad og Olav Johansen produserte stadig fleire rapportar og artiklar og nye deltakarar kom til. Teljingar og ringmerking kom inn i fastare former. Eit nytt og seinare veletablert tilskott i faunaen her ute var det da Folkestad, Follestad og Valde (1980) kunne fortelja på engelsk at no hekka storjoen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga (1981) kunngjorde oppretting av verneområde her ute. Folkestad (1981b, 1983b) engasjerte seg i trugsål frå oljesøl og byrjande oljeverksemd utanfor kysten vår. Folkestad & Valde (1985) var mellom dei første konsekvensutgreiingane i samband med oljeverksemd og sjøfugl. Oljesøl vart etter kvart meir aktuelt m. a. i samband med skipsforlis (Larsen & Larsen 1991, Skjelstad 1992, Rusten & Berstad 1993). Etter at Folkestad (1982b) kunne rapportera havsvaler i hekketida på Sunnmøre, har Runde vorte eit av studieområda for havsvale og stormsvale, med nettfangst og ringmerking (Anker-Nilsen 1990 og seinare, Mork 1993 og seinare). Runde har vorte overvåkingsområde for sjøfuglbestandar med årlege teljingar, og tek så å seie havet på pulsen frå år til år (Lorentsen 1989 og seinare). Parallelt med dette har turiststraumen auka, og er i dag både ei næring og ei forvaltningsmessig utfordring, men dette skal vi ikkje drøfta vidare i denne rapporten.

Utforsking av andre område og naturtypar

Den tidlegaste av opplysningsprestane som skreiv om naturen i Herøy var truleg Stevelin Reutz som etterlet seg eit skrift frå 1743, attgjeve av N. J. Hjelmesæth i Tidsskrift for Søndmøre historielag 1911. Han skriv m. a. om mangelen på skog. Elles nemner han ærfugl og grågås, og planter til kurering av skjørbusk (truleg skjørbusurt og bukkeblad). Ei av dei første kjeldene til naturen i Herøy generelt er likevel presten Hans Strøm (1756, 1762). I Sunnmørs beskrivelse frå 1762 hadde han og med ei floraliste. Få opplysningsprestar var så grundige som han, og somme av opplysingane hans er faktisk nyttige den dag i dag. Den svenske botanikaren C. G. Myrin har skrive om ei reise på Vestlandet på 1830-talet (Myrin 1835), den har vi ikkje hatt høve til å sjå, men han var tydelegvis innom Gurskøya. Da M. N. Blytt (1861) og sonen A. Blytt (1874, 1876) publiserte "Norges Flora", var det med einskilde funn frå Herøy (purpurlyng, kystmaigull, grønbuknne og murbuknne funne av C. G. Myrin og Ivar Aasen). Men med konservator Ove Dahl sine raid på Sunnmøre i 1894 (Dahl 1895) vart det meir fart i sakene. Han hadde for vane å fara over store område, og han hadde også ein utprega botanisk teft. Han fann ofte ein god del av det som vi i dag oppfattar som biologisk interessante område. I Herøy vann han over ein god del stader på m. a. Leinøya, Bergsøya, Nerlandsøya, Skorpa, Runde, Flåvær, Herøya og Nautøya. Ove Dahl kan dermed kanskje seiast å vera den første moderne biologen som har utforska naturen i Herøy. Mosefolka som for her i fylket rundt århundreskiftet var også innom Herøy (Hagen 1908, 1910, 1915, Kaalaas 1911). Seinare kom

Jørgensen (1934) med ei oversikt over norske levermosar, der også nokre funn frå Herøy er med. Sidan har det vore stilt lenge på den fronten.

Det neste store framsteget i utforskinga av vegetasjonen og floraen i kommunen var arbeida til Harald Goksøyr. Han tok hovudfagsoppgåve på vegetasjonen og floraen på Runde, som han seinare publiserte på tysk i skriftene til vitenskapsakademiet i Oslo (Goksøyr 1930, 1938). Dette var ei avhandling som ruver også i våre dagar, og han hadde m. a. ei omfattande planteliste frå Runde. Har skreiv elles om floraen på Svinøy og andre stader, og fekk også med seg litt om fuglelivet (Goksøyr 1931, 1925, 1935). Mest interessant av artiklane hans er nok den i Ålesund og Sunnmøre turistforenings årerbok i 1939. Her er det ei rekke detaljerte floraopplysningar om dels sjeldne planter frå heile Sunnmøre. Denne artikkelen har vore verdifull også i arbeidet med denne rapporten. Men andre botanikarar har og tidleg interessert seg for kystfloraen, m. a. nemner Harald Goksøyr (1939) at den svenske botanikkprofessoren du Rietz hadde vore på Runde.

Botanikaren Jens Holmboe (1928, 1930) skreiv ein del om planter med kystutbreiing, og som naturleg kan vera vedkom dette også Herøy. Same mann var med på analysane av planterestar i Kvalsundfunnet (Holmboe 1929). I 1953 var Jens Stordal (no pensjonert rektor ved Gjøvik vidaregåande skole og ein av Noregs fremste soppekspertar) og Ola Skifte (no pensjonert konservator ved Universitetet i Tromsø) på sopptur i m. a. Ålesund og Herøy. Dette var starten på den moderne utforskinga av soppfloraen i kommunen, sjølv om både Hans Strøm (1700-talet) og Bjørn Bjørlykke (sist på 1800-talet) har samla sopp på Sunnmøre (oftast dårleg stadfest). Det Stordal og Skifte samla i 1953 vart seinare starten på soppharbariet i Tromsø. Dei gjorde ei rekke interessante soppfunn i kommunen, i første rekje på Jøsok (22. september) og Leikong (23 september) (Jordal 1993).

Eilif Dahl (1954) var opptatt av om Runde kunne ha vore isfri under istida, og slik kan ha vore overlevingsstad for ulike planter. Fægri (1960) presenterte eit standardverk som framleis er i bruk med utbreiingskart over norske kystplanter, noko som er svært aktuelt for Herøy. Haldås (1962a, b) var mellom dei første av dei moderne, lokale amatørornitologane, og skreiv om fugl i Fauna. Frå 1970-talet har litteraturen vore dominert av fuglestudiær, som i stor grad er relatert til Runde (sjå ovafor). Eit og anna om livet i havet har også vore publisert, Reidar Mehl og kolleger har studert parasittar på sjøfugl, andre har publisert litt om lav, mose eller insekt.

Dei første undersøkingane med direkte relevans for areal- og naturforvaltning kom med Folkestad (1975, 1976a, b, 1978a, 1981a) sine undersøkingar av viktige ferskvass- og våtmarkslokalitetar i Herøy. Sidan fekk vi verneplanane med grunnlagsmateriale og andre registreringar av verdifull natur, m. a. Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1982, utkast til verneplan for våtmarksområde), Folkestad (1978a, 1983a, Folkestad & Loen 1998, innspel til sjøfuglreservatplan), Moen (1984, myrundersøkingar), Holten m. fl. (1986b, havstrandundersøkingar), Fremstad m. fl. (1991, kystlynghei), Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1991, barskog, jfr. Korsmo & Svalastog 1997), Jordal & Gaarder (1993, 1995, 1997, 1998b, kulturlandskap). Mengda av spesialartiklar og forvaltningsretta litteratur har auka sterkt dei siste ti åra, og det vil føra for langt å ta med alt.

Eit viktig bidrag på 1990-talet som må nemnast var Ingar Pareliusson (1997) som gjekk i Harald Goksøyr sine fotspor og tok botanisk hovudfag på ei ny analyse av den kulturbetinga vegetasjonen på Runde.

Dersom ein hadde hatt tid til å sitta i universitetssamlingane og leita etter planter, mosar, insekt, fugleegg osv., ville ein nok finna ut mykje meir om ulike forskrarar og andre som hatt hatt turar i Herøy, og om kva dei har funne. Det som her er skrive, får likevel vera ei innleiing til denne historia, basert hovudsakeleg på trykte kjelder.

Landskap m.m.

Herøy er ein av fleire små kommunar på Sunnmørskysten. Landarealet er oppgjeve til 121 km². Ein stor del av dette ligg på nordre del av Gurskøya, medan 6 andre større øyar utgjer ein stor del av det øvrige. Spennvidda i naturtypar er svært stor, frå havdjup via grunner, holmar, skjer, bratte strandberg, rolege sandstrender, jordbrukslandskap, skog, myr og hei til snaufjell med eit nokså alpint preg. I ytre deler er landskapet prega av større øyar med markerte sund, medan midtre og indre deler har eit småkupert og variert landskap av småøyar, holmar, viker, sund og straumar mellom dei større øyane. På Gurskøya er det fleire avrunda fjelltoppar over 500 meter, det høgste er Sollida med 660 m. Dei ytre øyane er og utprega fjelløyar med toppar som er noko lågare: 432 m på Skorpa, 431 på Nerlandsøya, 363 m på Leinøya, 333 m på Runde, 217 m på Bergsøya og 191 m på Remøya.

Tabell 6. Nokre geografiske data for Herøy kommune [xx noko for deg Tanja]


Parameter	Verdi
Landareal	121 km ²
Del av fylket sitt areal	0,8 %
Strandline	233 km
Høgaste punkt	660 m o. h. (Sollida på Gurskøya)
Talet på øyar	359
Talet på ferskvatn (samla areal)	89 (totalt 1,5 km ²)
Areal 0-150 m o.h.	54,1 %
Areal 150-300 m o.h.	20,9 %
Areal 300-600 m o.h.	24,5 %
Areal >600 m o.h.	0,4 %
Folketal 2000	ca. 8350

Herøy har mange stader eit strandflatlandskap med fleire velutvikla "hattøyar", det vil seia fjelløyar med ein flat låglandsbrem på ei eller fleire sider. Dette er eit landskap forma under istidene, av brear, flaumelvar og av havet. Under siste istida skal iskanten ha ligge over m. a. Runde ei tid slik at ytre halvdelen av øya var isfri. Dette skal forklara landskapsformene her.

Ytst mot havet har ein eit av dei mest verharde områda på norskekysten med bratte berg utan skjergard eller fallgard til å dempa bølgjene utanfor.

Klima

Klimaet på ytre søre Sunnmøre er utprega oseanisk. Eit typisk trekk ved eit oseanisk klima er liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter. I eit slikt klima er vintertemperaturane er høge, på Runde verstasjon (i drift 1918-1955) er det målt +2°C som gjennomsnitt for januar, dette er nær det høgaste i landet. Om sommaren er det målt gjennomsnittstemperatur for juli på knapt 14°C. På det nærliggjande Svinøy fyr er det i gjennomsnitt 315 dagar i året med temperatur over 4°C. Vidare er det relativt mykje nedbør (årsnedbør Runde 1254 mm), hyppig nedbør (mange dagar med nedbør i løpet av året) og fuktig luft. Kjelde: Pareliussen (1997). Dette klimaet gjev levevilkår for mange spesialtilpassa kystplanter som anten krev mild vinter/lite frost (termisk oseaniske artar) eller stabil, høg luftfuktighet (hygrisk oseaniske artar), eller begge deler. Eksempel på slike spesialtilpassa kyststartar i Herøy er purpurlyng, havburkne, hinnebregne og kystblåfiltlav. Sjå omtale av vegetasjonsseksjonar nedanfor.



Figur 1. Nedbør og temperatur på Runde verstasjon gjennom året. Kjelde: Pareliussen (1997)/Det norske meteorologiske institutt.

Geologi

Mesteparten av kommunen er prega av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet (Kaldhol 1970). Dette er nokså harde bergartar som forvirrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. Berggrunnkart i målestokk 1:250.000 finst no tilgjengeleg for ytre Søre Sunnmøre (Tveten m. fl. 1998). Utanom grunnfjellbergartane finst yngre glimmerhaldige bergartar (glimmergneis, glimmerskifer) som dekkjer austlege deler av Bergsøya og Straumane. Kalkrevande planter er mindre vanlege i Herøy, og finst helst i tilknyting til skjelsand under marin grense. Lenger sør på Gurskøya (Sande Kommune) finst fleire stader marmor. Det går ei tynn marmoråre austover mot Jøsok, men det er uklart om denne når inn i Herøy kommune. Kalkrevande vegetasjon ved Raudskap med m. a. hjartegras kan tyda på at her er kalkinnslag i jordsmonnet. Andre bergartar som har innverknad på naturen og plantelivet er t. d. olivin som finst m. a. ved Raudskar på Gurskøya. Dette gjev gode vilkår for tilpassa artar som grønburkne og blankburkne. Den spesialiserte olivinplanten brunburkne er ikkje funnen i Herøy. Elles finst den spesielle og i ein større geografisk samanheng sjeldne bergarten eklogitt fleire stader, m. a. på Bergsøya, Leinøya, Remøya og nordaustre del av Gurskøya. Små forekomstar finst og på vestre del av Skorpa og på Nerlandsøya.

Lausmassar

Overdekninga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Det er mykje fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. Lausmassane er i stor grad morenemasse frå siste istida. Mest lausmassar finn vi på strandflatene på øyane og i dalane på Gurskøya. Strandflatene er i stor grad utnytta til jordbruksland. Lausmasseforekomstane på og nær strender er påverka av kor utsett stranda er for ver og vind. På eksponerte stader er ofte alle lausmassar vaska vekk slik at ein har berre blanke berget. På meir beskytta stader kan det vera bra med finare sediment, alt frå rullestein til fin sand og leire. Sand og leire finn ein helst på dei mest beskytta stredene på indre deler av Gurskøya, og elles t. d. på Leinøya. I hei- og myrområda har det etter istida danna seg meir eller mindre tjukke lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote.

Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Herøy høyrer her til region 38c, den vestnorske lyngheiregionen.

Noreg sitt kulturlandskap er inndelt i **landskapsregionar** som er definert og karakterisert av NIJOS (1993). For avgrensing av regionar i vårt fylke viser vi til kartet utgjeve av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998). Herøy tilhøyrer i denne samanheng region 20. Vestlandets kystbygder.

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein oppgi **vegetasjonssone** og **vegetasjonsseksjon**.

Vegetasjonssonar beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

- Boreonemoral sone** (nordleg edellauvskog- og barskogsone)
- Sørboreal sone** (sørleg barskogsone)
- Mellomboreal sone** (midtre barskogsone)
- Nordboreal sone** (fjellskogsone)
- Alpine soner** (Låg-, mellom- og høgalpin sone)

Vegetasjonen i Herøy tilhøyrer ifølge Moen (1998 s.70) for det meste den boreonemorale sonen, medan fjellområda på Gurskøya tilhøyrer den alpine sonen. Vi tykkjer dette verkar noko skjematiske og grovt, og vil gå ut frå at mykje av Herøy i baklier, øvre lisider opp til 300-400 meter m.m. tilhøyrer sørboreal sone.

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** blir bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk blir bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad

mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental blir brukta tilsvarende om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

O3. Sterkt oceanisk seksjon: Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørsmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Sonen blir delt i to underseksjonar:

O3t. Vintermild underseksjon. Her finst ein del frostomfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten omlag nord til Ålesund.

O3h. Humid underseksjon. Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostomfintlege (termisk oceaniske) artane. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det vantar ei rekke fjellplanter m.m. som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

O2. Klart oceanisk seksjon: Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok i fylket vårt.

O1. Svakt oceanisk seksjon: Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekke svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innafor, frå Geiranger til Trollheimen.

OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar): Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkesamfunn. Til denne seksjonen høye berre nokre mindre område i austlege deler av Sunndal, Nasset og Rauma.

Vegetasjonen i Herøy tilhøyrer sterkt oceanisk seksjon (O3). Mest heile kommunen tilhøyrer den vintermilde underseksjonen (O3t, med purpurlynghei), berre austlege deler av Gurskøya tilhøyrer den humide underseksjonen (O3h) (Moen m. fl. 1998).

Marine område, havstrand og kyst

Noko av det som særmerker mykje av Herøy kommune er møtet mellom hav og land, det er over alt kort avstand mellom desse to. Organismar som er knytt til havet, grunne område, strand eller som er avhengige av begge miljøa (sjøfugl) er svært utbreidde i kommunen. I sjøfuglhøkkeområde føregår det ein stor stofftransport frå havet og inn på land. Frå gammalt av er kystområda her kjent for rike fiskeri av t. d. sild og torsk.

Kystfarvatna er rike på mat for store sjøfuglbestandar både sommar og vinter. Det er særleg Runde med fuglefjellet og dei store mengdene klippehekkande sjøfugl som har vekt merksemd om Herøy kommune blant biologar, og da særleg blant dei som har interessert seg for fugl. Runde har landets største koloniar av havhest, havsule, storjo og lomvi. Tidlegare fanst her den største toppskarvkolonien som var kjent i verda, med meir enn 5000 par (Folkestad 1996a). Også ved Muleneset på Nerlandsøya og på Svinøya har det vore ein del hekkande sjøfugl.

Havstrandområda i kommunen er i stor grad svært eksponerte for vind og bølgjer. I mange tilfelle er alle lausmassar vaska vekk, og blanke berget står att. Somme stader har brenningane laga holer som kan ha biologisk interesse. M. a. veks den sjeldne og raudlista havburkna i fleire slike brenningsholer og bølgjeskapte overheng, ofte i selskap med blankburkne. Der det er rolegare farvatn er det meir lausmassar, og i særleg beskytta farvatn kan lausmassane danna større flater med gradvise overgangar frå land til sjø og også ein del salt påverka engsamfunn (strandenger og strandsump). Ute i sjøen kan ein på slike rolegare stader finna ålegrasenger.

Ein uvanleg naturtype i fylket er meir avstengde brakkvasspollar med trøngt utløp og avgrensa vassutskifting mot sjøen. Her kan ein finna havgrasenger som også kan innehalda det sjeldne skruehavgraset.

Kulturlandskap

Kystlynghei

Ved Universitetet i Bergen har ein studert kulturpåverknaden på Vestlandet frå den tida menneska tok til å halda husdyr for 4500-5000 år sidan. Mykje av det landskapet som er dyrka eller har open lynghei i dag, har tidlegare vore skogkledd. Studiar av Kaland (1986) viser at dei eldste lyngheiområda i Hordaland vart skapt for ca. 4300 år sidan gjennom avskoging, beiting og lyngbrenning. Mykje av det opne lyngheilandskapet på kysten slik vi kjenner det er truleg skapt på denne måten, men somme stader kan det og tenkast at det aldri har vore skog, eller at området er avskoga av naturlege årsaker. Aktiv avskoging og nyskaping av open lynghei har foregått heilt

fram til 1700-talet. Det har danna seg ein eigen jordbrukskultur med lyngheiskjøtsel som spesiale langs heile kysten. Dersom lyngen vart stor og grov, måtte ein brenna for å fornya beitet, ofte med 5-10 års mellomrom. Somme stader har i hundreårsvis og kanskje tusenårsvis hatt såpass beitetrykk at det ikkje har vore naudsynt å brenna (t. d. Riste i Sande og på Runde).

Når det gjeld kystlynghei, har Herøy ein god del areal med purpurlyng, som er ein sørleg art som her er nær nordgrensa si (Nordøyane i Haram). Dette er ein type kulturmark med stor forvaltningsmessig verdi, og finst m. a. på Leinøya, Nerlandsøya, Bergsøya, Runde og Skorpa, men også hist og her på Gurskøya. Frå heirområda finst også anna å fortelja, m. a. har det hekka svartstrupe (og kalla lyngskvett) i dei mest solrike og varme heilane. Der finst einer kjem og t. d. tornsongar inn. Heiane er ofte hekkeområde for måsefuglar.

Husdyra var i stor grad ei blanding av sau og geit som gjekk ute mesteparten av året. Desse vart samla og slakta om hausten, og det var først og fremst kjøtet ein nytt. Restar av den gamle kystgeita finst i dag berre på Skorpa i Herøy og Sandsøya i Sande i vårt fylke, og drifta på desse har opphørt, slik at dei i praksis ikkje er å rekna som husdyr lenger. Kleofas Kvalsvik har fortalt at han skaut den siste utegangargeita på Nerlandsøya i 1942. Desse geitene er ulik mjølkegeita, og må betraktast som ein genetisk ressurs som er godt tilpassa kystnaturen vår, og som må bevarast (Jordal & Gaarder 1998b). Tradisjonell drift på kystgeit eksisterer i dag mest berre på Stadlandet (A.O. Folkestad pers. medd.). Utegangarsauen har og vore borte ei tid, men er no på veg inn att. Han krev lite arbeid, og kan halda dei urgamle kystbeita ved like, som no elles er i ferd med å gro att mange stader (sjå oversikt over lokalitetar med utegangarsau i fylket hos Jordal & Gaarder 1998b).

Etter kvart som jordbruket utvikla seg, og særleg i periodar med kaldare klima, fekk ein behov for å ha dyra, særleg kyr, inne i periodar om vinteren. Det vart da naudsynt å samla vinterfør, og ein trond slåttemark der dyra ikkje beita. Dels var det spesielle udyrka holmar og utslåttar som vart hausta, men ein tok og til å dyrka opp til graseng og åkrar. I dag er mykje av strandflatene på den beste jorda i Herøy oppdyrka.

Kulturlandskapet i Herøy i dag er prega av eit småkupert landskap med ein mosaikk av jordbruksland i aktiv drift, attveksande dyrkjord og brakmark med høge fleirårige gras og urter, busetnad med hagar og plantingar, kollar og knausar, dels med lyng, dels med skog, og alltid kort avstand til strand. Drifta er mest mjølkeproduksjon hos dei få som driv som heiltidsbrukarar, ungdyr og sau hos kombinasjons- og hobbybrukarar, og lite åkerland. Av fugl kan nemnast grågås, som har auka både i tal og utbreiing sidan 1960-talet og trekkbesøk av tundragås, kortnebbgås og kvitkinngås. Åkerriksa hekkar år om anna i attveksande brakmark på Gurskøya, Nerlandsøya, Bergsøya og Remøya. Denne arten står som direkte truga på raudlista, og krev særskilt merksemad og tiltak. Av og til blir det observert vaktel. Vidare hekkar tjeld, raudstilk, storspove, songlerke, fleire måseartar m.m. i møtet mellom strand, hei og jordbrukslandskap. Av småfugl må nemnast flokkar av stare, trast og bergirisk på leiting etter mat. Av sjeldne artar/underartar kan nemnast svartryggerle og svartkråke (Folkestad 1996a).

Diverre er jordbruket og husdyrhaldet på retur, og mykje av kulturlandskapet er i attgroing. Ein skal vera merksam på at dette ikkje berre påverkar landskapsbiletet, men også i stor grad det biologiske mangfaldet.

Naturbeitemarker

Ei naturbeitemark er ei gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark". Denne naturtypen er ofte artsrik og inneholder ei rekkje artar og raudlisteartar som i liten grad finn livsrom elles i landskapet. Slike lokalitetar finst ei rekke stader i Herøy. Dyr på utmarksbeite er i stor grad sau. Sauetalet i Herøy har variert mellom 2700 og 2000 vinterföra dyr dei siste 20 åra fram til 1996 (Jordal & Gaarder 1997), men synest no å vera på sterkt retur.

I utmarka er det mange stader gamle gras- og urtdominerte beite, eller lynghei i mosaikk med grasmark. Dette er dei tradisjonelle utmarksbeita, som i dag i stor grad er i attgroing med høg og grov røsslyng, einer, rogn og bjørk, og dels blir tilplanta med ulike treslag, som furu, sitkagran eller bergfuru/buskfuru. Vi finn i dag likevel mange godt bevarte tradisjonelle utmarksbeite i Herøy. Desse ligg særleg på Nerlandsøya (Mulevika, og andre deler i nærleiken av Kvalsøya), Runde (Goksøyrbeita, Måganeset), Bergsøya (Hornsetstranda (Flusundet)) og Gurskøya (Moldtustrand-Hidsneset). På 1990-talet er det gjennom undersøkingar vist at desse har eit heilt spesielt biologisk mangfold av artar som ein ikkje finn i landskapet elles, særleg beitemarkssopp og naturengplanter (Jordal & Gaarder 1993, 1995, 1997, 1998b). Mulevika er ei av dei mest artsrike naturbeitemarkene som er kjent i heile landet. Ei rekke raudlisteartar og sjeldne artar elles er påvist her.

Å bevara eit utval av desse svært verdifulle naturbeitemarkene er ei av dei større naturforvaltingoppgåvene Herøy kommune står overfor i nært samarbeid med bøndene.

I samsvar med verdettingsmetodikken for naturbeitemarker utvikla av Jordal & Gaarder (1995, 1997, 1998b) blir det nedanfor presentert ein del nøkkeltal for dei undersøkte kulturlandskapsområda.

Tabell 7. Biologiske data for dei undersøkte kulturlandskapslokalitetane (26 lok.) med verdivurdering. Lokalitetane er sorterte alfabetisk etter lokalitetsnamn. Forklaring på forkortinger:

<i>pl</i>	<i>talet på planteartar totalt</i>	<i>Raudlista sopp: talet på soppartar i ulike raudlistekategoriar (Bendiksen m. fl. 1998)</i>											
<i>npl</i>	<i>talet på naturengplanter (sjå Jordal & Gaarder 1997 og Vedlegg: planteliste for Herøy)</i>	<i>E direkte truga artar</i>											
<i>gms</i>	<i>totaltalet av soppartar i grasmark</i>	<i>V sårbare artar</i>											
<i>bms</i>	<i>talet artar av beitemarkssopp (sjå Jordal & Gaarder 1998b og Vedlegg: soppliste for Herøy)</i>	<i>R sjeldne artar</i>											
<i>pbms</i>	<i>talet på artsspoeng for beitemarkssopp (sjå Jordal & Gaarder 1998b)</i>	<i>CD omsynskrevande artar</i>											
<i>vs</i>	<i>talet artar av vokssopp</i>	<i>Σrl talet på raudlisteartar</i>											
<i>Verdi-vurdering:</i>													
		<i>A svært viktig (DN 1999a)</i>											
		<i>B viktig (DN 1999a)</i>											
		<i>*</i> lokal verdi											
		<i>- liten verdi</i>											

Lokalitetsnamn	Tal planter				Poeng/tal sopp				Tal raudlisteartar				Verdi	
	pl	npl	spl	npl+spl	pbms	gms	bms	vs	E	V	R	CD	Σrl	
Bergøya: Hornsetstranda (Flusundet)	52	18	3	21	48	30	20	16	1	2		3	6	A
Bergøya: Igesund: Mjeltevikneset	62	12	1	13	10	18	6	3				2	2	B
Gurskøya: Jøsokbakken	54	16	1	17	7	8	6	6						B
Gurskøya: Raudskar	60	19	3	22	2	2	1	1						B
Gurskøya: Stokksund	31	12	0	12	31	21	17	12		1			1	A
Gurskøya: Tarberg	38	12	1	13	53	41	26	18	1	2		2	5	A
Gurskøya: Tjørvåg	31	9	0	9	5	8	5	4						C
Gurskøya: v. for Løset	38	10	1	11	24	22	14	12		1		1	2	A
Herøyfjorden: Flåvær	60	13	0	13	10	12	10	7				1	1	B
Herøyfjorden: Fugleholmen	39	12	0	12	0	0	0	0						C
Herøyfjorden: Herøya	54	14	1	15	10	10	8	7				1	1	B
Herøyfjorden: Petterholmen	40	8	0	8	7	15	6	3						C
Herøyfjorden: Skafferholmen	26	6	0	6	0	0	0	0						C
Leinøy: Leinestøylen	38	15	1	16	7	9	7	5						B
Leinøy: Volsund	36	8	1	9	12	10	5	3	1				1	A
Nerlandsøy: Mulevika	61	24	3	27	143	88	59	25	1	5	3	13	22	A
Nerlandsøy: Myraneset	52	11	1	12	42	41	23	11		1		6	7	A
Nerlandsøy: Andbøvika	55	17	1	18	13	12	10	4			1	2	3	B
Remøya: Barneset	39	12	0	12	9	10	7	7						B
Remøya: Terneneset	117	18	4	22	24	17	12	9	2			1	3	A
Remøyvika	49	13	1	14	3	10	2	2						C
Runde: Goksøyr	63	15	1	16	33	34	20	12		1		4	5	A
Runde: Måganeset	68	18	2	20	6	16	5	3				1	1	B
Runde: Nøre Handfangen	45	14	1	15	12	12	10	9						B
Skorpa	67	16	0	16	18	19	10	7	1				1	A

Mulevika framhevar seg med svært høge nøkkeltal, som viser at denne lokaliteten ligg heilt i Noregstoppa blant naturbeitemarker når det gjeld artsrikdom. Men lokaliteter som Hornsetstranda (Flusundet), Tarberg/Løset på Moldtustranda og Myraneset er også verdifulle.

Ferskvatn

Dei fleste vassdraga i eit landskap som Herøy blir korte og små med lita og varierande vassføring. Dei største vassdraga i Herøy ligg på Gurskøya. Utløpet av vassdraga i Tjørvågen er foreslått som naturreservat. Når det

gjeld innsjøar, finst framleis nokre få interessante låglandsvatn som er intakte utan for store inngrep. Myklebustvatnet på Bergsøya er verna først og fremst på grunn av ein rik fuglefauna. Dette er eit av dei mest næringsrike vatna i låglandet i heile fylket. Dette vatnet har både ein interessant flora og ein svært artsrik fuglefauna. Elles finst fleire låglandsvatn m. a. på Gurskøya (Aspevikvatnet, Djupvikvatnet, Tuftevatnet). Folkestad (1975) omtalar mange av desse. I fjellområda på dei fleste hovedøyane (unntatt Skorpa) finst meir næringsfattige tjønner. Fleire av desse er regulerte. Mange stader hekkar smålomen.

Skog

Etter slutten av siste istida har skogen vandra inn, også i Herøy. I periodar har nok kommunen vore mykje meir skogkledd enn i dag. Minne om ein tidlegare meir utbreidd kystfuruskog finn ein t. d. i form av fururøter i myrene. Til og med på Runde er det funne fururøter, for ikkje å snakka om hasselneter i jorda (Goksøyr 1938). Det finst i dag likevel restar av kystfuruskog i kommunen, særleg på Gurskøya (m. a. Kleppefurene, og området vest for Djupvikvatnet under Huldhrehornet). I desse skogane hekka det tidlegare storfugl. Elles finst barskogfuglar som raudstjert, møllar, fuglekonge, toppmeis og furukorsnebb (Folkestad 1996a, Korsmo & Svalastog 1997). Opplysningspresten Stevelin Reutz etterlet seg eit skrift frå 1743, attgjeve av N. J. Hjelmesæth i Tidsskrift for Søndmøre historielag 1911. Han skriv m. a. at det var "*aldeles ingen skove; ingen slags trær eller træfrugter, ikke engang brændefang som langt fra, fra andre steder, maa føres og kjøbes*". Herøy har nok vore relativt skogfattig i store deler av nyare tid. Attgroinga av kulturlandskapet dei siste åra synest å reversera denne utviklinga.

Mest artsrik og interessant er dei små hasselskogområda som stort sett er det nærmeste ein kjem edellauvskog i kommunen. Slik skog finst på Gurskøya (Aurvåglia, Dragsund, Jøsok, Leikong, Raftenes, Sandvika og Stokksund) og på Leinøya (m. a. Røyra). Mange uvanlege og interessante planteartar finst i desse hasselkratta, det er og funne sjeldne soppartar. Det finst alm på Jøsok, og her veks det og eik og ask. Goksøyr 1939 nemner alm ved Stokksund. Elles er det observert svartor m. a. ved Voldnes på Gurskøya og Bø på Leinøya (begge notert i 1894 av Ove Dahl, den første er intakt).

Kristtorn er ei sørleg busk eller lite tre som gjerne blir omtala saman med edellauvskog. Denne er funne ei handfull stader i Herøy, m.a. på holmar og i kulturlandskapet og nærliggjande skog på aust- og nordsida av Gurskøya (Strøm 1766, Dahl 1895, Holmboe 1914, KJG) og i Skorpesundet (Folkestad 1996a, KJG).

Av lauvskog elles er det verdt å nemna lav- og planterik storbregne- og høgstaudebjørkeskog ved Rambjørhammaren på Gurskøya. Det er her funne fleire sjeldne lavartar med strenge krav til stabil og god luftfuktigkeit. Der det finst osp kjem det ofte inn hakkespettar, først og fremst gråspett. Relativt frodig bjørkeskog med alpint preg finst øvst i Sædalen på Gurskøya nær grensa til Sande, her finst m. a. blåstrupe, ringtrast, gråsisik, bjørkefink og sivsporv (Folkestad 1996a).

Dei seinare tiåra har det vore planta ein del skog, både furu og gran, men særleg dei saltolande artane sitkagran og bergfuru/buskfuru. Dei sistnemnde er innførte artar, som kan spreia seg ukontrollert når dei tek til å setta frø.

Myr

Myr er fuktige til våte område der det med tida byggjer seg opp eit torvlag av ikkje nedbrotne planter. Grensa mot fukthei er flytande og uklår. Mykje av dei trelause områda i kommunen er ein mosaikk mellom tørr og fuktig hei, knausar, kulturlandskap og små myrflekkar. I desse myr- og heiområda finst av og til vaktel og åkerrikse, artar som elles er knytt til jordbrukslandskapet. Større myrområde er det lite av. I myrrapporten (Moen 1984) er berre Goksøyrmyrane på Runde skildra. Desse er av typen terregdekjkjande myr, som er ein prioritert og interessant myrtype. Elles er Hansmyrane og Krikane på Gurskøya omtala ut frå flybildetolkning.

Berg og rasmark

Berg og rasmark finst det ein del av i dei bratte fjellskråningane i kommunen. Særleg interessant i Herøy er nordvendte skrentar og hamrar. Desse har somme gonger eit stabilt fuktig lokalklima, og kan da vera levestad for ei rekke interessante lavartar, mosar og planter. Harald Goksøyr skriv ein stad: "*Legg berre merke til den skoddehatten som dei høge utøyane før når nordausten set inn - og det gjer han so tidt, særleg um våren som er viktigaste veksetida for plantene. Slike dagar kan dei på solsida ha drivande solvarme, medan utsida har skodda hengande langt ned i lidene og lufta er tung og rå.*" I nordvendte bergvegger veks t. d. den sjeldne og raudlista lavarten kystblåfiltlav, ofte saman med hinnebregne og andre fuktrevande lavar og mosar, t. d. gullhårmose og dronningmose. Nordvendte berg har også ein spesiell karplanteflora med ei blanding av kalkrevande fjellplanter, rikmyrartar og somme tider strandbergplanter som strandkjempemose og havbendel høgt til fjells der det

tidvis er mykje sjøsprøyte i lufta. Nordvendte berg på kysten er ikkje beskrive som nokon prioritert naturtype i DN (1999a), men er skildra av Gaarder m. fl. (2001) i eit fylkestilpassa supplement til DN-handboka. Sørvendte berg og rasmarker kan ha andre spesielle artar, m. a. purpurlyng og vestlandsvikke. Skrentar og holer med overhengande berg ut mot havet huser fleire bestandar av den sjeldne og raudlista planten havburkne. Olivinskrentar ved Raudskar på Gurskøya har ein spesiell flora av olivintilpassa karplanter, namnet har nok med farga på steinen å gjera. Berg har også viltfunksjon. Særleg viktige er berghamrane på Runde som hekkested for store sjøfuglbestandar. Vidare er berghamrar viktige som hekkeområde for mange rovfuglar, ramn, bergirisk og ringtrast. Som nemnt er ikkje slike hekkeområde for sjøfugl eller andre fugleartar nokon prioritert naturtype i DN (1999a).

Fjell

I fjellområda er det ei blanding av heiprega kystvegetasjon og innslag av meir alpin vegetasjon med t. d. kreklinghei. Det meste er relativt trivielt. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det vantar ei rekke fjellplanter som krev stabile vintertilhøve med snø og total kvile (kontinentale artar). I nordskråninga av Hidsegga på Gurskøya er det funne høgstaudevegetasjon med kvitbladtistel og turt (Dahl 1985). Fjella i Herøy kan også ha viltfunksjon. Av fugl kan nemnast heipiplerke, lirype, ein sjeldan gong fjellrype, storjo og tjuvjo, heilo, songlerke, steinskvett, ringtrast, ramn, bergirisk, og ein sjeldan gong snøsporv (ikkje funne hekkande).

I DN-handboka (DN1999a) er kalkrike fjellområde framheva som nøkkelbiotop. Slike område er ikkje kjent frå Herøy bortsett frå dei lokalitetane som er skildra som nordvendte berg (med innslag av kalkkrevande fjellplanter, sjå under berg og rasmark ovafor).

OMRÅDESKILDRINGAR (FAKTAARK)

I det følgjande er naturtypar som er skildra i DN (1999a) og Gaarder m. fl. (2001) omtala etter ein fast mal. Deretter er det teke med nokre viltlokalitetar og uprioriterte lokalitetar (sjå under Presentasjon i metode-kapitlet).

Følgjande forkortinger er nytta: AOF=Alv Ottar Folkestad, GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal, KJG=Karl Johan Grimstad.

Bergsøya: Hornsetstranda (naturbeitemark)

Lokalisetsnummer:	1515-10001
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 273 172
Høgd over havet:	0-40 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	Opphøyr av beite, attgroing
Undersøkt:	10.10.1996, 25.09.1997, GGa & JBJ Jordal & Gaarder (1997, 1998b)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er i tidlegare rapportar kalla Flusundet. Han ligg i ei nordvendt, relativt bratt fjellskråning på nordsida av Bergsøya, aust for Fosnavåg og vest for busetnaden i Flusundet.

Vegetasjon: Vegetasjonen nedst i lia opp til 50-100 meter over havet er ein mosaikk av grasdominert beitemark og røsslynghei (G3, H1-H3). Elles er det noko steinur. Nokre hundre meter vest for enden av vegen i Hornsetstranda (Flusundet) vart det i 1997 lagt ut ei 10x10 meters analyserute i gras- og mosedominert naturbeitemark. I ruta var det 22 planteartar, av desse 7 naturengplanter. Dominerande artar var finnskjegg, geitsvingel, engkvein, tepperot og gulaks. Mosedekninga var 85-90% og feltsjiktet 50%. Strø utgjorde berre 5%, noko som viser at det meste graset på dette tidspunktet vart hausta av beitande dyr og lite visna ned på staden.

Kulturpåverkanad: Brenning har vore gjort med jamne mellomrom opp gjennom tidene. I 1996 var det att to bruk med tilsaman 86 sauer og lam på beite. I 2000 var det berre ein buskap (kjelde: Grethe Johnsen, Søre Sunnmøre Landbrukskontor).

Artsfunn: Det er funne 52 planteartar, av desse 18 naturengplanter. Fleire av desse er kalkrevande artar som fanst i nokre baserikle sig ute i beitemarka. Av meir interessante artar kan nemnast dvergjamne, fjellsmelle, gulsildre, kornstorr, kusymre, loppestorr og raudsildre. Det er kjent 20 artar av beitemarkssopp (48 artspoeng). Sauenvokssopp (*Hygrocybe ovina*) er direkte truga, og funnet i Hornsetstranda i 1997 var det sjette i Noreg etter 1980 (Jordal 1997). Vidare kan ein nemna limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*) og raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*), begge står som sårbar på raudlista. Vrangjordtunge (*Geoglossum atropurpureum*) vart funnen her som funn nr. 3 i fylket, dessutan raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*) og svartdogga vokssopp (*Hygrocybe phaeococcinea*) (alle omsynskrevande). Bleik engvokssopp (*Hygrocybe pratensis* var. *pallida*) er også sjeldan å finna. Staden har eit stort potensiale for fleire beitemarkssopp enn dei som er funne til no, og bør undersøkast fleire gonger.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av mange raudlisteartar, dels i dei høgaste kategoriane, i tillegg til at det er ein stor og velutvikla lokalitet som har vore i god hevd fram til det siste.

Skjøtsel og omsyn

Denne lokaliteten er ein av dei mange fine, biologisk interessante utmarksbeita i kommunen, og det er sterkt ønskjeleg at beitinga held fram. Mindre beitetrykk vil føra til at arealet grasmark minkar og går over til lynghei. Det mest interessante på staden er nettopp grasmarkene.

Bergsøya: Hornseten (nordvendte berg)

Lokalisatsnummer:	1515-10002
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (ED 50):	LQ 261-268 169-170
Høgd over havet:	100-180 m
Hovudnaturtype:	berg/rasmark
Naturtype:	nordvendte berg på kysten (Gaarder m. fl. 2001)
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	10.03.2001, KJG

Områdeskildring

Generelt: Dette er ein lokalitet med nordvendt kystberg. Små, sterkt vindpåvirka rognebusker har klora seg fast opp i fjellsprekkene.

Vegetasjon: Vegetasjonen er av ein type som er skildra i Gaarder m. fl. (2001), og som ein gjerne omtalar som "hogstaude-sildreberg" (nær F2c). H3 utgjer omlag 50 % av arealet, bergvegetasjon resten. Nedanfor er det beitemarker (sjå lokalitet Hornsetstrand).

Kulturpåverkanad: Tilgjengelege stader blir framleis noko beita av sau, men sauetalet er no lågt samalikna med tidlegare.

Artsfunn: Området hadde rike forekomstar av raudsildre, gulsildre, fjellsmelle, kvitbladtistel, fjelltistel, kystmaigull, og slik som mange andre stader i denne naturtypen fanst også her raudlistearten hinnebregne. Karplantelista for beitemarkene i Hornsetstrand gjeld i store trekk også her, med tillegg av artane nemnt framafor, og grønburkne, fagerperikum, mjølbær og stri kråkefot. Her finst også ein variert moseflora, med signalarten dronningmose rikt representert. Av lav vart det notert m. a. kystvrenge og kystgrønnever.

Viltkartlegging vil og kunne verka inn på verdsettinga.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels utvikla nordvendt kystberg med hinnebregne.

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle i dagens situasjon.

Bergsøya: Mjeltevikneset (naturbeitemark)

Lokalisatsnummer:	1515-10003
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 237-241, 133-136
Høgd over havet:	0-20 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	kystlynghei, naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	beiteoppheyr, attgroing
Undersøkt:	27.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av lypnhei i mosaikk med meir grasdominert naturbeitemark på Mjeltevikneset og i nærområda nordover mot Igessund på Bergsøya (på vestsida av Storehornet).

Vegetasjon: Vegetasjonen er tørr og meir fuktig kystlynghei i blanding med strandenger og grasdominert naturbeitemark (G4, H1, H2). Grasmarka består av gras som engkvein, gulaks, englodnegras, engrapp, finnsekjegg, knegras, og med eit betydeleg innslag av dvergsmyle på sjølve Mjeltevikneset (dels F3d).

Kulturpåverkanad: Området blir beita av sau. Beitetrykket er noko lågt.

Artsfunn: Lyngheia hadde sparsamt innslag av purpurlyng. Det vart funne 62 planteartar, av desse 12 naturengplanter. Mest interessant i grasmarkene var betydeleg bestandar av dvergsmyle, ein liten, lyskrevande og sterkt kystbunden art som er i tilbakegang på grunn av attgroing. Det vart vidare funne 6 beitemarkssopp, mellom desse raudlisteartane dynetunge (*Geoglossum cookeianum*) og skjeljordtunge (*Geoglossum fallax*).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei velutvikla beitemark med nokre interessante artar og to omsynskrevande beitemarkssopp.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med framhaldande beiting i området.

Bergsøya: Igesund: Søre Vaulen (havstrand)

Lokalitetsnummer:	1515-10004 (Naturbasen 1515 - 18 - 3)
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 24 16
Høgd over havet:	0-2 m
Hovudnaturtype:	havstrand
Naturtype:	strandeng og strandsump, undervasseng
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	fysiske inngrep
Undersøkt:	6.8.1984, JIH (Holten m. fl. 1986b), 27.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: (Naturbasen:) Lokaliteten omfattar store grunnområde i sjøen i eit smalt sund med tilgrensande langgrunne, tidevassoner og standengar. Området er straumrikt og har stor biologisk produksjon og er ein viktig beiteplass for trekkande og overvintrande vassfugl og sjøfugl, serleg ender, lom og skarv. (Holten m. fl. 1986b:) Svært eksponert lokalitet på sørssida av sundet mellom Nerlandsøya og Bergsøya. Mange bergryggjar stikk opp utover den flate stranda. Mellom bergryggane dominerer grus og stein som substrattpar, med små områder av grovsand. Til dels stagnerande/reduserande forhold i fleire forseinkninger på indre deler av stranda. Totalareal, inklusive vegetasjonslause deler, ca. 500 x 50 m.

Vegetasjon: Holten fører opp følgjande vegetasjonstypar etter sitt system: fjøresaltgras-eng, saltsev-eng, raudsvingel-grusstorr-eng, strandstjerne-forstrand, fjøresevaks-eng, rustsevaks-eng, fjørestorr-eng, havstorr-eng, strandmyr med bl.a. duskull, tangmelde-voll, kveke-voll, lågurt-fleirårvoll med bl.a. gåsemure og høgurt-flerårvoll med mykje mjødurt. Elles er det salttilpassa lavflora på berga. Det finst noko småhavgraseng her (kjelde: A. O. Folkestad).

Kulturpåverknad: Næringsrikt sigevatn frå dyrkamarka, med flekkvis anaerobe tilhøve. Noko beitepåverknad i sørvestlege deler.

Artsfunn: Interessante artar er saltstorr (*Carex vacillans*), strandarve (*Honkenya peploides*) og havbendel (*Spergularia media*). Det er elles funne havstorr. I 2000 vart det notert grøn vokssopp (beitemarkssopp) og ein del havklipperagg.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av ein betydeleg arts- og samfunnsdiversitet, utan at strandsamfunna er av dei mest velutvikla.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i området. Beiting blir sett på som positivt.

Bergsøya: Myklebustvatnet (ferskvatn)

Lokalitetsnummer:	1515-10005 (Naturbasen 1515 - 2 - 0)
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 26 15
Høgd over havet:	2,3-13 m
Hovudnaturtype:	ferskvatn
Naturtype:	rik kulturlandskapssjø
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	sakte attgroing
Undersøkt:	Folkestad (1975, 1976a), 29.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: (Folkestad 1976a, Fylkesmannen i MR 1982:) Myklebustvatnet er eit grunt, næringsrikt og vegetasjonsrikt ferskvatn og sumpmarksområde i eit småkupert kyst- og kulturlandskap og med heller tett busetnad ikring. Sjølve vatnet er ringformra omkring ein større og 4 mindre holmar, den største med lyngmark og myrdrag, dei andre med frodigare grasvegetasjon og litt busker. Nedslagsfeltet er lite, og vatnet er eitt av dei mest typisk næringsrike ferskvatn i fylket, med berre små vassflater vegetasjonsfrie i vekstsesongen.

Myklebustvatnet vart først midlertidig freda etter naturvernlova, og seinare verna som naturreservat 27.05.88. Total areal i reservatet er ca. 307 da, av dette ca. 165 da vassareal.

Vegetasjon: Vatnet er som nemnt eit av dei få næringsrike låglandsvatna i fylket, og det har ein variert vegetasjon med omgjevande knausar, kystlynghei og myr. I sjølve vatnet er det store areal med høgstorrsump, mindre opne vassflater med flytebladvegetasjon, langskotvegetasjon og kortskotvegetasjon (O3, P1, P2, P3, P4).

Kulturpåverknad: (Fylkesmannen i MR 1982:) Ei kraftlinje med forgreining kryssar området og medfører at ein del fugl blir drepne ved kollisjonar. Over utløpet er det lagt riksveg, og sjølve utløpet er flytta. I same området er

det dessutan utfyllingar i strandkanten i samband med bygging, og i nordre del av vatnet når ei jordfylling ned til vasskanten. Frå busetnaden har det tidlegare vore ført kloakk i vatnet, men det meste av dette er avskore. To hagetomter ligg inntil vasskanten, utan vesentleg påverknad på lokaliteten.

Artsfunn: Folkestad (1976a) har karplanteliste for vatnet. Flytebladvegetasjonen innholdt tjønnaks, kysttjønnaks, grastjønnaks, rusttjønnaks, småtjønnaks, og truleg bendeltjønnaks, vidare flotgras, andmat og småpiggknopp. Det har ikkje lukkast å finna att bendeltjønnaks i 2000, men det var ei ulempe at ein ikkje hadde tilgang på båt, berre dregg. Denne arten har vore rekna som utrydda i Noreg, men er no kjent frå nye lokalitetar. Elles er det kjent tusenblad, hesterumpe, klovasshår, storblærerot, gytjeblærerot og småblærerot. I 2000 vart det også funne ein steril kransalge som anten er *Nitella flexilis* eller *N. opaca* (bestemt av A. Langangen). Den første av desse står på raudlista. Det vart elles funne stor mosekantarell (*Arrhenia lobata*), ein sopp som veks på mosar i myr- og sumpvegetasjonen, dette er 2. funn i fylket. På ein av holmane er det funne lodnebregne, den einaste kjende funnstaden i Herøy. Andre interessante artar i området er hagtorn, vårmarihand, sverdlilje og purpurlyng.

Fauna: (Folkestad 1976a, Fylkesmannen i MR 1982:) Vatnet er serleg av interesse som hekkelokalitet, men for enkelte arter og som treklokalisitet og eventuelt overvintringsplass. Etter dei kriteria som er nytta, er forekomsten av 4 arter (alle hekkande) vurdert å vere av regional interesse og 16 arter (15 hekkande) av nasjonal interesse. Dette, saman med den sers tette hekkebestand av mange arter og stor artsvariasjon av vassfugl, gjev lokaliteten spesielt høg, nasjonal verneverdi. Fuglefaunaen representerer eit typisk, næringskrevjande slettesjøsamfunn, med dei fleste, sørlege, kravfulle våtmarksarter i Noreg representert, bl. a. 8 hekkande andearter av 15 andefuglarter påvist, samtlege norske riksefuglarter regelmessig i hekketida, 12 vadefuglarter, ein heller stor fiskemåsekolonii og ein god bestand av fleire våtmarksavhengige småfuglarter, m. a. sivsongar. Lokaliteten er lett tilgjengeleg og ligg godt til rette for forsking og undervisning, medan verdien for friluftsliv i serleg grad er knytt til islegging og bruk som skeisebane om vinteren. Det er kjent padde, stingsild, ål og aure i vatnet. Folkestad (1976a) har fyldig kommentert fugleliste.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) fordi det er eit av dei mest velutvikla næringsrike låglandsvatna i fylket, med rik flora og fauna.

Skjøtsel og omsyn

Området er naturreservat med forbod mot all ferdsel i perioden 01.03-31.10. Dette er naudsynt for å gje fuglane ro m. a. i hekketida, men også i trekktidene (rapportforfattarane hadde skriftleg dispensasjon). Elles bør ein følgja med næringstilførsel og attgroingsprosessar.

Bergsøya: Storehaugen (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1515-10006
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 244-246, 153-154
Høgd over havet:	50-160 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	kystlynghei m. purpurlyng
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	beiteoppføyr, attgroing
Undersøkt:	A. O. Folkestad, 29.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på den ubebudde sørvestsida av Bergsøya, mellom Iggesund og Vikane. Det som er avgrensa er eit lyngheimområde ved Storehaugen, i skråningane som vender mot sør og vest. Lokaliteten er dels avgrensa med kikkert, men gode forekomstar av purpurlyng er observert i marka.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av tørr kystlynghei med gode førekommstar av purpurlyng (H1b).

Kulturpåverknad: Området er tidlegare beita hardare enn i dag.

Artsfunn: Førekommst av purpurlyng er det mest interessante som er observert i lyngheia.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med gode bestandar av purpurlyng.

Skjøtsel og omsyn

Det hadde vore ønskjeleg med sterkare beiting i lyngheiene.

Bergsøya: Straumane (undervassenger)

Lokalitetsnummer:	1515-10007 (Naturbasen 1515 - 1 - 2)
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 24-28, 14-16
Høgd over havet:	0 m
Hovudnaturtype:	havstrand/kyst
Naturtype:	undervassenger
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Fysiske inngrep, forureining
Undersøkt:	Folkestad (1978a); Risheim og Johannessen (1991)

Områdeskildring

Generelt: Området er avgrensa som viltområde, og er eit høgproduktivt, grunt og innestengt fjordparti med småøyar, holmar og sund med mange bukter og breie tidevassområde. Det er rik straumsetning frå to kantar, med rikelig undervassvegetasjon, m.a. ålegras-enger i mudderbuktene, og med rikare mudderstrender. Området er kransa av eit småkupert kulturlandskap med tett busetnad, men og med lyngheiar og litt krattskog. Dette er dels eit viltområde som har funksjon som hekke- og beiteområde for vassfugl. Lokaliteten må sjåast i samanheng med Myklebustvatnet. Risheim og Johannessen (1991) har data om det marine miljøet etter ei undersøking på oppdrag av Statens vegvesen. Dei har registrert låg faunadiversitet i det marine miljøet som kan relaterast til dårleg gjennomstrøying og hydrogen sulfidoppføring.

Vegetasjon: Lokaliteten inneholder mellom anna undervassenger med ålegras (*Zostera marina*) (vegetasjonstype U1). Det finst også noko småhavgraseng her (kjelde: A. O. Folkestad).

Kulturpåverknad: Det er m. a. lagt riksveg over området, noko som og har redusert gjennomstrøyminga. Elles er dette eit pressområde med busetnad, naust, fyllingar og vegar, og planer om meir av det same.

Artsfunn: Mest interessant når det gjeld høgre planter er ålegras og småhavgras. I området hekkar m.a. gravand, stokkand, ærfugl, tjeld, vipe, raudstilk, storspove og enkeltbekkasin. Området er også ein beiteplass i trekktidene og vinterhalvåret for ender og vadalar. Det er også funne østers i området.

Verdsetting: Dei delene av området som inneholder ålegrasenger blir verdsett til B (viktig) etter DN (1999a). Resten må truleg verdsettast etter vilthandboka.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

Gurskøya: Aspevikvågen (undervassenger)

Lokalitetsnummer:	1515-10023 (Naturbasen 1515 - 14 - 1)
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 319-330, 097-103
Høgd over havet:	0 m
Hovudnaturtype:	havstrand/kyst
Naturtype:	undervassenger
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	fysiske inngrep
Undersøkt:	Folkestad (1978a)

Områdeskildring

Generelt: Grunn, leirmudret våg med breie tidevassoner i vikane langs indre del, der er ein del ålegras og blåskjelbankar. Dette er dels eit viltområde som er raste- og overvintringsplass for vassfugl.

Vegetasjon: Lokaliteten inneholder mellom anna undervassenger med ålegras (*Zostera marina*) (vegetasjonstype U1), i Leirvika også småhavgras (U2a).

Kulturpåverknad: Ubetydeleg.

Artsfunn: Mest interessant når det gjeld høgre planter er ålegras. Området er raste- og overvintringsplass for vassfugl, m.a. songsvaner (opp til 15), ærfugl, sjøorre (opp til 140) og meir fåtallig stokkand, svartand, havelle, kvian og siland.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er velutvikla undervassenger, som i tillegg har ein viltfunksjon.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

Gurskøya: Aspevikvatnet (ferskvatn)

Lokalitetsnummer:	1515-10008 (Naturbasen 1515 - 14 - 4)
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 318-323, 093-096
Høgd over havet:	5-10 m
Hovudnaturtype:	ferskvatn
Naturtype:	andre viktige førekomstar
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	Ingen kjende (fysiske inngrep)
Undersøkt:	A. O. Folkestad (1975, 1978a), 29.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: (Naturbasen:) Grunt, frodig lavlandsvatn kransa av lyngmark, myr, kulturmark og busetnad. Vatnet har ein bra fiskebestand. Fuglefaunaen er rik, og fungerer som hekke- og rastepllass for vassfugl, m.a. beiter songsvane i vinterhalåret.

Vegetasjon: Vatnet har litt høgstorrsump med flaskestorr, flytebladvegetasjon med tjønnaks, kysttjønnaks, kantnøkkerose og småpiggknopp, langskotvegetasjon med tusenblad, rusttjønnaks, krysiv, og kortskotvegetasjon med tjønngras, botnegras og stift brasmebras (O3, P1, P2, P3, P4).

Kulturfåverknad: Sportsfiske. Badepllass.

Artsfunn: I kantane veks sverdlilje. Ut over dei plantene som er nemnt under vegetasjon er det ikkje gjort spesielle funn. Av hekkande vassfugl kan nemnast 2-3 par stokkand, stort sett 1 par siland, dessutan tjeld, viper, raudstilk, enkeltbekkasin og strandsnipe, forutan ein fiskemåsekoloni like ved. Grågås er sett i hekketida. Om vinteren har lokaliteten funksjon som beitepllass for songsvane. Det er kjent 4 artar av augnestikkarar.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det har funksjon som viltområde, men også generelt har ein flora og fauna som det ikkje er så mykje av i kommunen. Lokaliteten tilhører ingen av naturtypane i DN-handboka.

Skjøtsel og omsyn

Viktigast her er å unngå nye fysiske inngrep.

Gurskøya: Dragsund (hasselkog m. m.)

Lokalitetsnummer:	1515-10009
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 355 100 (ED 50)
Høgd over havet:	1-20 m
Hovudnaturtype:	skog
Naturtype:	rik edellauvskog (hassel)
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	06.10.1998, KJG

Områdeskildring

Generelt: Dette er hasselrunner med osp, berg og utmarksbeite nordvest for Dragsundbrua på sørsida av Rambjøra (austenden av Gurskøya).

Vegetasjon: Dette er ei utforming av kysthasselkog, med innslag av ein del andre lauvtre (D2c).

Kulturfåverknad: Området ligg i tilknyting til busetnad og kulturmark, og har vore beita.

Artsfunn: Oversikt over meir interessante lavfunn: vanleg blåfiltlav (*Degelia plumbea*), sølvnever (*Lobaria amplissima*), lungenever (*Lobaria pulmonaria*) og grynvrente (*Nephroma parile*). Sølvnever førekjem spreidd på stein og lauvtre i fuktig miljø, og Noreg har eit særleg ansvar for denne arten.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) fordi det er ein edellauvskog med visse kvalitetar. Lokaliteten er liten, og kommunen har betre utformingar m.a. lenger sør på Gurskøya (t.d. Jøsok)

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i form av utbygging, og ein bør vidare unngå hogst av hassel i denne vesle skogen. Kystnære hasselkogar er ofte artsrike og interessante.

Gurskøya: Dragsund: Djupvikvatnet (ferskvatn)

Lokalitetsnummer:	1515-10010 (Naturbasen 1515 - 9 - 4)
--------------------------	--------------------------------------

Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 336-345, 084-090
Høgd over havet:	23 m
Hovudnaturtype:	ferskvatn
Naturtype:	andre viktige forekomstar
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	Folkestad (1975, 1978a, 1996a)

Områdeskildring

Generelt: Vatnet er næringsfattig (oligotroft), og er av dei minst påvirka ferskvasslokalitetane i låglandet i distriktet. Vatnet er relativt grunt og med relativt lite gjennomstrøyming. Det er eit mindre høgstorrfelt på vestsida. Dette er dels eit viltområde, i vatnet og området ikring hekkar og beitar vassfugl og beitar vassfugl og hønsefugl.

Vegetasjon: Vassvegetasjonen er typisk for næringsfattige vatn, høgstorrsump med flaskestorr og trådstorr, flytebladvegetasjon av tjønnaks og undervassvegetasjon av tusenblad, tjønngras, stift brasmebras og botnegras O3, P1, P2, P4).

Kulturpåverkanad: Det går veg forbi vatnet.

Artsfunn: Av hekkefugl kan nemnast smålom, grågås, ærfugl og tornskate. Det er observert sjeldne fuglar som egretthegre og kvitaugeand. Informasjon om grågås, datert 01.01.87, funksjon: yngleområde, talet på fugl 25, vår og sommar, intervju/spørreskjema. Det er ein aurebestand. Det er kjent 5 artar av augnestikkarar. Det er kjent padde her (AOF pers. medd.).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) ut frå ein skjønsmessig vurdering av verdien regionalt sett. Dersom ein skulle brukt DN (1999a) strengt, ville lokaliteten kome i C (lokalt viktig), sidan næringsfattige låglandsvatn ikkje er nokon prioritert naturtype her. Akkurat denne kvaliteten som lite påverka låglandsvatn har gjort at vatnet er høgt vurdert hos t. d. Folkestad (1978a). Dersom ein kombinerer alle biologiske verdiar (inkl. vilt) underbyggjer også dette kategorien B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

Gurskøya: Dragsund: Huldrehornet (kystfuruskog)

(i Naturbasen kalla Djupvikvatnet-vest)	
Lokalitetsnummer:	1515-10011 (Naturbasen 1515 - 9 - 1)
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 335 099 (ED50)
Høgd over havet:	25-200 m
Hovudnaturtype:	skog, berg
Naturtype:	kystfuruskog, nordvendt berg
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	treslagskifte, flatehogst
Undersøkt:	Korsmo og Svalastog (1997), 22.08.1998, KJG

Områdeskildring (etter Korsmo & Svalastog)

Generelt: Lokaliteten er ein austvendt kystfuruskog, som ligg på austsida av Huldrehornet, vest for Djupvikvatnet. Berggrunnen er fattige gneisar delvis dekt med morene.

Vegetasjon: Furuskogen er av røsslyng-blokkebærtypen, med innslag av meir blåbærdominans i brattare parti (A3c, A4). Dei skrinnaste partia har større innslag av rypebær, mjølbær, kystbjønnskjegg og heisiv. Kollar og knausar er stadvis dekt av heigråmose (A6). Skogen har ein morfologi som er typisk for kystfuruskog ved at trea er kortvaksne og greinrike med omfangsrike kroner. I den sørlege delen av lia er det parti med bjørk og osp som dominante treslag. Lokaliteten har verneverdi som interessant spesialområde av kystfuruskogtypen.

Kulturpåverkanad: Skogen er ueinsaldra, men trea er truleg stort sett ikkje over 100 år. Det finst få spor av nyare hogst, men det er planta litt gran.

Artsfunn: Det vart funne m. a. skogfredlaus, enghumleblom og sumphaukeskjegg. I desse skogane hekka det tidlegare storfugl. Elles finst barskogfuglar som raudstjert, møllar, fuglekonge, toppmeis og furukorsnebb (Folkestad 1996a, Korsmo & Svalastog 1997).

Verdsetting: Lokaliteten blir av Korsmo & Svalastog omtala som "meget verneverdig spesialområde" ut frå skogtypen. Området blir her verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at han vantar kontinuitetspreg, og er utan

vesentlege signalartar eller spesielle biologiske verdiar på artsnivå. Det kan tenkjast at viltregistrering kan endra på dette.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå hogst og vesentlege tekniske inngrep.

Gurskøya: Dragsund: Rambjørhammaren (nordvendte berg, skog)

Lokalisetsnummer:	1515-10012
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 349-351 105 (ED 50)
Høgd over havet:	1-50 m
Hovudnaturtype:	berg, skog
Naturtype:	nordvendt berg, høgstaudebjørkeskog
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	19.09.1999, KJG

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av nordvestvendt bergvegg, og fuktig, storsteinet, mosegrodde lauvskog.

Vegetasjon: Vegetasjonen er storbregnebjørkeskog med innslag av høgstaudebjørkeskog (C2, C3), i tillegg til bergvegg/bergflate med fuktkrevande lavartar (F2b).

Kulturmåverknad: Dette er eit relativt lite kulturmåverka område.

Artsfunn: Av planter er det notert m. a. geittelg, storklokke, trollbær, myske, kystmaigull og grønburkne. Området er særskilt rikt både for lav og karplanter. Oversikt over nokre lavfunn: vanleg blåfiltlav (*Degelia plumbea*), sølvnever (*Lobaria amplissima*), lungenever (*Lobaria pulmonaria*), skrubbenever (*Lobaria scrobiculata*), kystvrenge (*Nephroma laevigatum*), muslinglav (*Normandina pulchella*) på vanleg blåfiltlav, grynfiltlav (*Pannaria conoplea*), skålfiltlav (*Pannaria pezizoides*), kystfiltlav (*Pannaria rubiginosa*), stiftfiltlav (*Parmeliella triptophylla*), kystgrønnever (*Peltigera britannica*), blanknever (*Peltigera horizontalis*), papirnever (*Peltigera hymenina*), skjelnever (*Peltigera praetextata*), skrukkelav (*Platismatia norvegica*), havklipperagg (*Ramalina cuspidata*), rund porelav (*Sticta fuliginosa*), grynporelav (*Sticta limbata*), dessutan einaste funnet av buktporelav (*Sticta sylvatica*) i kommunen. Blanknever er spreidd nord for Sogn og Fjordane (sørleg, varmekjær art). Kystfiltlav er også mindre vanleg. Muslinglav og porelavane er kyststartar i fuktig miljø. Grynporelav og buktporelav har nordgrense i Møre og Romsdal. Ved stranda og langt opp gjennom skogen er det funne oterstigar, han har fast tilhald her.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein uvanleg lavrik og velutvikla lokalitet med nordvendt berg og frodig lauvskog. Det er ikkje kjent raudlisteartar.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg at denne skogen får bestå som ein veksestad for ei rekke kystbundne, fuktigheitskrevande lavartar som dels er uvanlege. Mange av desse artane er slike som Noreg har eit særleg ansvar for (ansvarsartar, sjå eige kapittel lenger bak i rapporten).

Gurskøya: Dragsund: Kvennavågen, Makrellvågen (undervassenger)

Lokalisetsnummer:	1515-10013 (Naturbasen 1515 - 23 - 3)
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 345-351, 090-092
Høgd over havet:	0 m
Hovudnaturtype:	havstrand/kyst
Naturtype:	undervassenger
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	Folkestad (1978a), Håland (1997)

Områdeskildring

Generelt: Dette er grunne elvemunningsvågar med ålegrasenger som blir tørrlagde ved lågvatn. Langs breiddene er det smale strandengbeite opp mot bratte knausar. Håland (1997) har utført ei naturfagleg oppsummering/verdivurdering i samband med planer om bustadbygging, for det meste basert på data om fuglefaunaen.

Vegetasjon: Lokaliteten inneholder mellom anna undervassenger med ålegras (*Zostera marina*) (vegetasjonstype U1) og med småhavgras (U2a).

Kulturpåverknad: Ubetydeleg.

Artsfunn: Mest interessant når det gjeld høgre planter er ålegras og småhavgras. Lokaliteten er fast beiteplass for gråhegre og stokkand som hekkar i nærleiken, likeeins beitar ærfugl. Meir uregelmessig beiting av grågås, tjeld og raudstilk. Av og til beitar songsvaner i vinterhalvåret.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er velutvikla undervassenger. Håland (1997) konkluderer med at området har regional verdi, for det meste basert på data om fuglefaunaen.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg å unngå fysiske inngrep.

Gurskøya: Dragsund: Styggesjøen (brakkvasspollar)

Lokalitetsnummer:	1515-10014 (Naturbasen 1515 - 23 - 1)
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 353-355, 093-095
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	havstrand
Naturtype:	brakkvasspollar, undervassenger
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt:	Folkestad (1978a), 28.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten omfattar ei grunn bukt med ein del tang og nokre brakkvassdammar i skjerma farvatn.

Vest for bukta ligg ein dam som er avskjerma ved ei vegfylling som ender i eit uthus (garasje). Under vegfyllinga ligg eit trønt innløp som slepper inn sjøvatn ved flo sjø. På nordsida av bukta mot riksvegen ligg ein større poll med litt meir sjøvassinnstrøyming.

Vegetasjon: Den vestlege dammen er dominert av langskotvegetasjon med skruehavgras (U2a). I vasskantane er det noko grøftesoleie, pors, blåtopp og bjørnskjegg. Rundt denne dammen er det bratte knausar med lynghei, bjørk, rogn og selje i eit nokså ope landskap. Den nordlege pollen er meir vegetasjonsfattig med stadvis gode bestandar av skruehavgras i vestlege delen.

Kulturpåverknad: Det er lagt eit par vegar ned til bukta. Den nemnde vegfyllinga kan begrensa innløpet til den vestlege pollen noko.

Artsfunn: Området er raste- og overvintringsplass for vassfugl, m.a. stokkender og silender. Skruehavgraset er ein sjeldan plante i fylket, og lokaliteten har mellom dei beste bestandane i fylket med unntak av Smøla. Det finst elles østers i området.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit velutvikla system med brakkvatn som huser spesialiserte brakkvassartar som skruehavgras, ein art som det berre er 3-4 funn av i fylket utanom Smøla.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep i området, særleg slike som påverkar innstrøyminga av sjøvatn.

Dynamikken som er i dag er truleg viktig for å skapa det miljøet som gjer at skruehavgraset trivst (roleg brakkvatn).

Gurskøya: Jøsokbakken (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1515-10015
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 332 035
Høgd over havet:	90 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	beiteopphøyre, attgroing
Undersøkt:	12.07.2000, KJG, 28.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Dette er eit område med dyrka mark, og udyrka naturenger og kantområde ved Jøsokbakken.

Vegetasjon: I kantområda og ovafor vegen var det ein del engkvein-gulaks-eng, dels også litt finnskjeggeng (G1c, G4). Det finst og fuktige enger med stjernestorr, kornstorr, myrfiol, grøftesoleie, kjeldeurt og kystmyrklegg.

Kulturmåverknad: Området har vore slått og beita fram til i dag.

Artsfunn: Noko av det mest interessante her var funn av solblom med 5 rosettar som blomstra med ein blomst kvar. Denne lokaliteten er ikkje kjend frå tidlegare, men synest å ha ein svak bestand på veg ut. I 2000 vart det notert 54 planteartar, av desse 16 naturengplanter, m.a. hårvæve, kystgrisøyre, prestekrage og smalkjempe. Av beitemarkssopp vart det notert 6 vokssoppartar, mellom desse var lutvokssopp (*Hygrocybe nitrata*), som er relativt uvanleg på kysten og i låglandet. Ved Jøsok vart det i 1953 funne sauevokssopp (*Hygrocybe ovina*) i beitemark (Jordal 1993). Arten står som direkte truga i raudlista. Det er ikkje umogeleg at dette kan ha vore her, for Stordal og Skifte som fann han, besøkte samstundes edellauvskog i nærleiken. I 1931 vart det også funne kvitkurle ved Jøsok (omsynskrevande på raudlista). Ingen av desse vart attfunne i 2000.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei velutvikla naturbeitemark med solblom og nokre andre viktige signalartar. Dersom ein finn att sauevokssopp vil lokaliteten hamna i kategori A.

Skjøtsel og omsyn

Bruken med slått og beiting bør halda fram. Dette er særleg viktig for å bevara solblom-bestandane.

Gurskøya: Jøsok (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1515-10016
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 335 035
Høgd over havet:	30-80 m
Hovudnaturtype:	skog
Naturtype:	rik edellauvskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	hogst, treslagskifte
Undersøkt:	Dahl (1895), august 2000 KJG

Områdeskildring

Generelt: Dette er ei elvekløft mellom vegen til Raudskard og vegen til Jøsokbakken. Her veks mellom anna nokre få almer, som er eit fátlig treslag i Herøy. Trea som veks langs gjelet (bjørk, hegg, hassel, osp, gran, selje og gråor) danner eit tak over elva med eit fuktig og skuggefullt miljø. Austover frå elvekløfta går skogen gradvis over til skog dominert av hassel. Dette er den mest velutvikla edellauvskogen i Herøy.

Vegetasjon: D2c, rike kyst-hasselkratt med overgangar til D5, gråor-almeskog.

Kulturpåverkanad: Denne skogen er relativt lite kulturpåverka. I øvre del er det terrassar som er bygd i samband med jordbruksdrifta. Deler av skogen eer litt beita.

Artsfunn: Lokaliteten er rik på varmekjære karplanter. I marksjiktet veks store mengder ramslauk og ellers andre varmekjære karplanter typiske for edellauvskog, m. a. anna 5 orkideartar. Her veks korsknapp, ein av få lokalitetar med denne arten i fylket. Dahl (1895) nemner i Jøsokdalen lauvskog med hassel, hegg (større tre), krossved, jordnøtt, sanikel, skogsvinerot, skogvikke, trollurt og svarteknapp. Ifølgje Holmboe (1914, s. 60) fanst det kristtorn på Jøsok. Kjelda hans var lærar Elias B. Holsvik. I mellomkrigstida fann Harald Goksøyr ei rekke interessante artar på Jøsok (Goksøyr 1939). Mest interessant var kanskje mellomtrollurt, andre artar han nemner er hjartegras, stortviblad, småsmelle, bergskrinneblom, bergasal og lodnerublom. I 1953 vart det funne grå trompetsopp (*Pseudocraterellus undulatus*, omsynskrevande) ved Jøsok av Jens Stordal og Ola Skifte, ein art som trivst best under eik og hassel, dvs. truleg i hasselskogen her (Jordal 1993). Av lav er det notert m. a. skrubbenever, lungenever, blåfiltlav, flishinnelav, skjellglye, blanknever og papirnever. Det vart observert spettehol i osp i bekkeklofta, og dette kan ha vore kvitryggspett. Av observerte fugleartar kan nemnast gulsangar, munk, bokfink, gråtrast, raudvengetrast, raudstrupe og lauvmeis.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit godt utvikla bestand av rik edellauvskog med eit godt innslag av varmekjære artar og uvanlege signalartar. Naturtypen er sparsam i ytre strok på Søre Sunnmøre.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep, hogstflater og treslagskifte.

Gurskøya: Jøsok: Raudskar (naturbeitemark, kalkskog)

Lokalitetsnummer:	1515-10017
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 312 039
Høgd over havet:	190-200 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap, skog
Naturtype:	naturbeitemark, kalkrike enger, kalkskog (+ olivinknausar)
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	beiteloppheyr, attgroing
Undersøkt:	Norsk botanisk forening 1964 (Wischmann 1965), 01.06.2000, KJG, 28.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Ovafor Raudskargardane mot skogen, der skogsvegen tek til, ligg det nokre mindre naturengflekker. Desse går over i kalkrike fuktenger som fortsett eit stykke oppover i skogen. Elles omfattar lokaliteten knausar med oliven i skogen. Området er såleis heterogent, men likevel rekna som ein lokalitet.

Vegetasjon: Solblomlokaliteten hadde naturengpreg, og kan klassifiserast som engkvein-gulaks-eng (G4a). Det vart elles i nærlieken funne kalkrike sig i kantområde av dyrkamark (kalkrike fuktenger, G11), og inn i lauvskogen. Deler av lokaliteten kan klassifiserast som kalkbjørkeskog. Olivinknausane er vegetasjonsfattige (F6a).

Kulturpåverknad: Skogsvegen har teke noko av solblomengene. Elles blir fulldyrka mark slått, men ikkje kantområda.

Artsfunn: I 1964 vart det funne solblom (omsynskrevande) ved "Rødskar" (Raudskard øvst i Jøsokdalen) - det var etter seiande "masser på engene" (Wischmann 1965). I 2000 vart det ovafor gardane konstatert ca. 8 rosettar av solblom utan blomster. Plantene stod over eit areal på 15-20 kvadratmeter i attgroande kantområde, og verkar å vera på veg ut, forekomsten er dels noko redusert av ein skogsveg. Det mest interessante elles var store forekomstar av hjartegras i nærliken av solblomen. Hjartegras er i dag svært sjeldan i fylket. Elles vaks her andre krevande artar som stortviblad, engstorr, særburstorr, svarttopp, gulsildre, kornstorr, loppestorr, kåblom, enghumleblom, myrsaulauk, gulstorr og fjelltistel. Det vart funne 60 planteartar, av desse 19 naturengplanter. Det vart elles berre funne ein beitemarkssopp (skarlagenvokssopp).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med solblom og nokre andre viktige signalartar, i tillegg til kalkrike enger/kalkskog med hjartegras.

Skjøtsel og omsyn

Solblomlokaliteten burde vore slått årleg på seinsommaren, elles vil arten truleg gå ut.

Gurskøya: Jøsok: Raudskar (olivin)

Lokalitetsnummer:	1515-10018
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 30-31, 03-04
Høgd over havet:	160-200 m
Hovudnaturtype:	berg
Naturtype:	andre viktige førekommstar (olivinknausar)
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt:	Bjørlykke (1939), 01.06.2000 og 19.03.2001, KJG

Områdeskildring

Generelt: Ved garden Raudskar frå sørausthellingsa av Gjørinakken og sørover mot Klipvatnet (Sande) finst fleire stader olivinstein. Raudskar har namnet sitt frå fargen på olivinstenen. Det strekkjer seg i aust-vestretning og har sitt høgaste punkt på ca. 200 m over havet. Lengda er ca. 800 m og breidda ca. 100 m (Bjørlykke 1939).

Vegetasjon: Vegetasjonen på olivinstein er svært sparsam (F6a). Dei fleste planteartar toler ikkje å veksa her. Dei som likevel finst er ofte spesialtilpassa planteartar. Elles finst det på dei flatare partia fuktig heivegetasjon (H3).

Kulturpåverknad: Deler av området er beitepåverka. Det er dyrka inntil lokaliteten.

Artsfunn: På olivinskrentane i heile skaret vaks i 1999-2001 grønburkne, svartburkne og blankburkne slik som oppgjeve av Bjørlykke. Elles vart det notert gulsildre, småtviblad, kranskonnall, rypebær og dvergjamne. I artslista til Bjørlykke (1939) er det vidare kryssa av takhaukeskjegg, kystmaure, markfrytle, hengjeaks og gjeldkarve.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er ein uvanleg naturtype i kommunen, men og nasjonalt, med fleire tilpassa planteartar. Lokaliteten er ikkje av dei mest interessante når det gjeld olivintilpassa vegetasjon.

Skjøtsel og omsyn

Dette er ikkje av dei mest artsrike og interessante olivinførekommstane på Sunnmøre. Det er likevel ønskjeleg å bevara den særprega naturen her med sine spesielle planter. Ein bør derfor unngå fysiske inngrep.

Gurskøya: Jøsok: Voldnes (svartor, kristtornlok.)

Lokalitetsnummer:	1515-10019
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 328 022
Høgd over havet:	20-40 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	andre viktige førekommstar (svartor, kristtorn)
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	Hogst, attgroat
Undersøkt:	Dahl (1895), 10.04.1998, KJG

Områdeskildring

Generelt: Dahl (1895) skildrar her "ved Voldnes.. smuk samling af svartor" (s. 13). Denne finst i dag som ei stripe langs eit steingjerde i kanten av dyrka mark. Elles finst her kristtorn.

Vegetasjon: Kantområde inntil dyrka mark, C3c, G4.

Kulturpåverknad: Steingjerde, slått, beiting.

Artsfunn: Ifølgje Holmboe (1914, s. 60) fanst det kristtorn på Voldnes. Kjelda hans var lærar Elias B. Holsvik, som vidare skriv: "Paa Voldnes blomstrar dei og ber dei frukt. Eg hev svært ofte set dei som pynt paa likkistor og i kransar, ja dei hev vore bruk til joletre i heimar og vore bruk til aa pynta upp med paa festar. Det er difor ikkje utrulegt, at dei vert utrydda av uforstandige folk." Kristtornen har overlevd til i dag. Den står helst som spreidde individ i kanten av kulturlandskapet.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at dette er kulturlandskapslokalitet med kristtorn og svartor, ein type som fell utanfor verdsettingssystemet i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør prøva å bevare dette innslaget av svartor og kristtorn i kulturlandskapet.

Gurskøya: Jøsok: Voldnesgjerdet (kystlynghei, kristtorn)

Lokalitetsnummer:	1515-10020
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 325 018
Høgd over havet:	40-80 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	andre viktige lokalitetar (kristtorn)
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	10.04.1998, KJG

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg litt nordover frå kommunegrensa til Sande.

Vegetasjon: Her er storsteinet ur og kystlynghei med nokre kristtornbusker (F1, H1).

Kulturpåverknad: Liten, litt beite.

Artsfunn: Mest interessant her er kristtorn. Av lavfunn kan nemnast grynvrente (*Nephroma parile*). Det er tatt lavliste, men dei andre var stort sett vanlege artar (sjå lavlister i vedlegg).

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at dette er kulturlandskapslokalitet med kristtorn, ein type som fell utanfor verdsettingssystemet i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle omsyn.

Gurskøya: Leikong: Kleppefurene (kystfuruskog)

Lokalitetsnummer:	1515-10021 (Naturbasen 1515 - 93 - 5)
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 320 046
Høgd over havet:	40-362 m
Hovudnaturtype:	skog
Naturtype:	kystfuruskog
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	Hogst/treslagskifte
Undersøkt:	Korsmo & Svalastog (1997), JBJ

Områdeskildring (etter Korsmo & Svalastog)

Generelt: Lokaliteten ligg i eit kupert område like sørvest for Leikong. Området ligg mellom Gyriakken i vest, Grønåsen i nord og Herda i aust. Hellinga er stort sett austleg, men dei aust-vestgåande terregngformasjonane medfører ein del både nord- og sørvendte areal. Berggrunnen er dominert av gneis med tynt og ujamnt morenedekke. Ove Dahl (1895) skildrar "smukke løvskoge.. i Kleppebygden" (s. 13). I Herøyboka går det fram at Kleppefolket har vore redd for skogen og spart han. Dette var nok ein viktig ressurs å ha i eit elles skogfattig distrikt.

Vegetasjon: Området er dominert av fattige vegetasjonstyper der røsslyng-blokkebærtypen dekkjer størst areal (A3), og blåbærtypen opptrer i dei bratte delane av hellingane (A4). Det finst fragment av lågurtfuruskog (B1b).

I sørvestlige hellingar finst innslag av hassel (D2c). Det finst og noko fattige bakkemyrer, nedbørsmyr og kystlynghei (K2, K3, J2, J3, H1-H3).

Kulturpåverknad: Dei meir rike skogstypane er sterkt prega av skogsdrift i nyare tid, og dette saman med noko granplanting reduserer verneverdien ein del.

Artsfunn: Det vart funne sanikel og mørkkongsllys.

Verdsetting: Lokaliteten er i barskogsverneplana vurdert som eit lokalt verneverdig supplementsområde.

Området blir verdsett til C (lokalt viktig).

Skjøtsel og omsyn

Området representerer ein kystfuruskog av lokal verdi, og burde halda fram med å ha dette preget. Ein bør unngå hogstflate, og ikkje gjennomføra treslagskifte.

Gurskøya: Leikong: Nykreim (kristtornlok.)

Lokalitetsnummer:	1515-10022
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 330-335, 065-070
Høgd over havet:	40-80 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap, skog
Naturtype:	andre viktige førekommstar (kristtorn)
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	Attgroing, treslagskifte
Undersøkt:	22.09.1953 (J. Stordal & O. Skifte, Jordal 1993), xxKJG

Områdeskildring

Generelt: Dette er ei sør austvend li langs fjorden ved Nykreim like nord for Leikong. Det er mest attgroande utmarksbeite med einer, lyngmark og lauvskog.

Vegetasjon: Vegetasjonen er ulike fattigeenger og kystlynghei i attgroing med einer og lauvskog (G4, H1-H2, A7). Dahl skildrar "smukke løvskoge. især ved Lekanger" (Dahl 1895 s. 13). Det fanst mellom anna hassel her.

Kulturpåverknad: Dette er eit beitelandskap, elles finst litt planta gran.

Artsfunn: Mest interessant her er førekommst av ein del kristtornplanter. Det er truleg fleire hundre planter her, dei fleste er ikkje særleg gamle. Eit par er likevel ganske høge, opp til 10-15 meter. Det er god tilgang på frøplanter, særleg i nålehatta under planta gran. Grunneigarane hjelper truleg til ved å omplanta somme av desse. Det finst elles kristtorn i mange hagar, så det er ikkje enkelt å vita kva som kom først av høna og eggene. I 1953 var Jens Stordal (no pensjonert rektor ved Gjøvik vidaregåande skole og ein av Noregs fremste soppekspertar) og Ola Skifte (no pensjonert konservator ved Universitetet i Tromsø) på sopptur i m. a. Herøy. Det dei samla på denne turen vart seinare starten på soppharbariet i Tromsø. Ved Leikong fann eikeslørsopp (*Cortinarius balteatus*), som veks med eik og bjørk, helst på kalkrik grunn. Denne artan har truleg nordgrense her (Jordal 1993). Det vart også funne bøkesøtriske (*Lactarius subdulcis*) og den sørlege mandelriska (*Lactarius volemus*), som har nordgrense i Molde og elles er ein god matsopp.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at dette er kulturlandskaps- og skoglokalitet med kristtorn, ein type som fell utanfor verdsettingssystemet i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Attgroinga må ikkje skugga ut kristtornen, elles bør ein ikkje hogga han eller hausta han for hardt. Ein bør heller ikkje planta meir gran.

Gurskøya: Moldtustrand: Tarberg (naturbeite)

Lokalitetsnummer:	1515-10024
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 231 116-235 118
Høgd over havet:	10-80 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	beiteoppføyr, attgroing
Undersøkt:	22.09.1993, 25.09.1995, 11.10.1996, 26.09.1997, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1993, 1997, 1998b)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på nordsida av Gurskøya, vest for busetnaden på Moldtustrand, er ganske bratt og steinet inn mot fjellet, men flatare ned mot vegen og sjøen. Området er starten på store, trelause utmarksbeite der vi berre har teke nokre stikkprøvar. Vest for Tarberg ligg nokre inngjerda beite som ikkje er undersøkte. Ovafor og vest for desse er det steinete utmarksbeite med noko einer, lyng og grasvegetasjon som stadvis går over i storfrytledominans. Det finst en del einer som breier seg, men elles er beita grasdominerte med litt lyng.

Vegetasjon: Skråningane under Tarbergtua er ein mosaikk av kystlynghei, rasmork og større, grasdominerte naturbeite (H1-H2, F1, G1/G4) som no er i ferd med å gro att med einer (F5d). Det er og ein del storfrytleutforming av fuktig fattigeng (G1d).

Kulturpåverknad: Lokaliteten blir beita av sau, og er i svak attgroing.

Artsfunn: Det er funne 38 planteartar, av desse 12 naturengplanter, alle vanlege artar. Av beitemarkssopp er det til saman funne 26 artar (53 poeng), og fleire av desse er sjeldne. Mellom desse var sauevokssopp (*Hygrocybe ovina*) som er direkte truga (sjå omtale under Hornsetstranda ovafor), og fiolett greinkøllesopp (*Clavaria zollingeri*) som er sårbar på raudlista. Den sistnemnde arten er ikkje tidlegare funnen på ytterkysten, berre i lågareliggjande fjordstrok opp til 350 meter over havet. Det fanst og god bestand av raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*) som står som sårbar på raudlista. Vidare vart det funne fleire omsynskrevande artar, m. a. gulbrun narrevokssopp (*Camarophyllopsis schulzeri*) og musserongvokssopp (*Hygrocybe fornicata*). Ved "Moldtu" vart det i 1930 funne solblom (omsynskrevande). Kviturle vart også funne i 1930 i "Moldtuskrån mot Hisegga" av Harald Goksøy (Jordal & Gaarder 1998a).

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) fordi det er eit intakt kystbeite med mange interessante funn av kravfulle beitemarkssopp, deriblant ein direkte truga og fleire sårbare artar.

Skjøtsel og omsyn

Heile nordvestre del av Gurskøya er eit biologisk svært interessant beiteområde, der det er sterkt ønskjeleg at betinga held fram på tradisjonelt vis.

Gurskøya: Moldtustranda: Tarbergtua (nordvendte berg)

Lokalitetsnummer:	1515-10025
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 325 115
Høgd over havet:	100-300 m
Hovudnaturtype:	berg/rasmark
Naturtype:	nordvendte berg på kysten (Gaarder m. fl. 2001)
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	22.08.2000, KJG

Områdeskildring

Generelt: Dette er ein stor lokalitet med nordvendt kystberg. I motsetning til dei andre nordvendte kystberga i kommunen er denne lokaliteten for ein stor del kledd av bjørkeskog.

Vegetasjon: Bergveggene er fuktige og frodige, og vegetasjonen er truleg noko som ikkje er tydeleg beskrevne i Fremstad (1997). Vi kallar det førebels høgstaude-sildrebergutforming (nær F2c). I berget veks det ein del bjørk. Nedanfor er det beitemarker som gror att med einer (sjå eigen lokalitet).

Kulturpåverknad: Tilgjengelege stader blir framleis noko beita av sau, men sauetalet er no lågt samanlikna med tidlegare.

Artsfunn: I kløftene her finst rike forekomster av hinnebregna, og som i dei andre tilsvarande lokalitetane rike førekommstar av fjellplanter. Spesielt kan ein nemna rabbesiv, elles veks også taggbregne her, ei ikkje så vanlig plante ute ved kysten. Lokaliteten har også ein variert moseflora blant andre gullhårmose, dronningmose, ein art i slekta *Cephalozia* (glefsemosar) og fleire andre levermosar. Av lav finns her buktporelav, den eine av 2 kjende lokalitetar av denne arten i Herøy. Ove Dahl nemner at han under Hidsegga på nordsida har funne kvitbladtistel, turt, skoggråurt, jordnøtt, skogsvinerot, og kanskje mest interessant: grønkurle og den raudlista kvitkurle (Dahl 1895, jfr. Jordal & Gaarder 1998a). Frå Moldtustranda nemner han vidare kranskonvall og brudespore utan at dette er nærmere stadfestaa.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med variert flora og ein raudlisteart (hinnebregne).

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle i dagens situasjon.

Gurskøya: Moldtustranda: vest for Løset (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1515-10026
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 215-231, 113-117
Høgd over havet:	20-70 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark, kystlynghei
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	beiteoppføyr, attgroing
Undersøkt:	25.09.1995, 11.10.1996, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1997)

Områdeskildring

Generelt: Området ligg vest for busetnaden på Moldtustranda, vest for den førre lokaliteten, og er ein del av dei store, trelause utmarksbeita på ytre del av Gurskøya. Ein finn naturbeitemark, steinur, kystlynghei og høgstaudevegetasjon.

Vegetasjon: Området er steinet med noko einer, lyng og grasvegetasjon som stadvis går over i storfrytledominans. Det finst også meir fuktige til myrlendte parti innimellom (H1-H3, G1, G4a). Det vart lagt ut ei 10x10 meters analyserute i gras- og mosedominert beitemark i nordvendt helling ca. 30 m o. h. I ruta vart det funne 23 planteartar, av desse 6 naturengplanter og 1 seterplante. Dominerande planter var engkvein, finnskjegg, rylik og tepperot. Det var lite strø og høg mosedekning (90%).

Kulturpåverknad: Tilgjengelege stader blir framleis noko beita av sau, men sauetalet er no lågt samanlikna med tidlegare.

Artsfunn: Det vart funne 38 planteartar av desse 10 naturengplanter, alle vanlege artar. Det må her leggast til at den sjeldne og sårbare naturengplanten kvitkurle (*Leucorchis albida*) vart funnet ved Løset av botanikaren Ove Dahl 02.08.1894, og same art er funne fleire gonger i nærliggjande område (Moldtubakkane, og Moldtuskrån

mot Hisegga) av H. Goksøyr i 1930 (herbariet i Oslo). Det er ikkje umuleg at kvitkurle kan finnast i området framleis. Elles vart det funne gulisdldre. Av beitemarkssopp vart det funne 14 artar (24 poeng). Det fanst m. a. raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*) som står som sårbar på raudlista.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) fordi det er eit intakt kystbeite med nokre interessante funn, deriblant ein sårbar art.

Skjøtsel og omsyn

Heile nordvestre del av Gurskøya er eit biologisk interessant beiteområde, der betinga bør halda fram som før.

Gurskøya: Måløya (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1515-10027
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 346-358, 038-043
Høgd over havet:	0-ca.5 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap, skog
Naturtype:	kystlynghei, andre viktige førekommstar (kristtorn)
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	12.03.2001, KJG

Områdeskildring

Generelt: Måløya ligg i beskytta farvatn på austsida av Gurskøya mellom Jøsok og Eika i Ulstein.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dels kystlynghei av ulike utformingar (H1-H3), dels småskog med sitkagran, bjørk og osp, med spreidde einskildtre av svartor, kristtorn og nokre hasselrunnar. Det som ein gong var innmark er for ein stor del tilgrodd med bjørnemose. Mindre flekker med beita frisk fattigeng (G4) som kan ha potensiale for beitemarkssopp.

Kulturpåverkanad: Det har tidlegare vore busettnad her ute. No går her utegangarsau.

Artsfunn: Av særleg interesse på Måløya er at det skal vera forekomst av kristtorn. Rykte om barlind viste seg å vera hemlock. Funn av lavarten storvrenge er truleg det einaste kjende på ytre øvre Sunnmøre, arten er mykje vanlegare i indre strok.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) fordi det veks kristtorn her. Dessutan er det ei kystlynghei i drift med utegangarsau som kan utvikla interessant mangfold på sikt.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør la kristtornen vera i fred. Beitinga bør halda fram.

Gurskøya: Stokksund (naturbeitemark, hagemark)

Lokalitetsnummer:	1515-10028
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 311 128
Høgd over havet:	0-10 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark, skogsbeite
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	beiteopphøyre, attgroing
Undersøkt:	28.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: I Stokksund (Bondestokksund) nordaust på Gurskøya går det sauver på skogsbeite og innmarksbeite på sørøstsida av øya. Desse skapar ein beitepåverka skogsvegetasjon og open, beita naturbeitemark i tillegg til fulldyrka mark.

Vegetasjon: Vegetasjonen er stort sett ulike utformingar av kalkfattige enger (G4a). Eit mindre parti med husa har ei artssamansetting som tyder på skjelsandpåverknad, med meir kalkpåverka engvegetasjon (G11).

Kulturpåverkanad: Beiting av sau er viktig når det gjeld å oppretthalda dei biologiske verdiane som er registrert her.

Artsfunn: Det vart notert 31 planteartar, av desse 12 naturengplanter. Verdt å nemna er særleg dvergsmyle, hårvæve og kystgrisøyre. Det vart vidare funne 17 beitemarkssopp (31 poeng). Mellom desse var den sårbare

Clavulinopsis cinereoides, vidare grå vokssopp, skarlagenvokssopp, gul småfingersopp og bleik engvokssopp (*Hygrocybe pratensis* var. *pallida*).

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at dette er intakte beitemarker og skogsbeite med forekomst av ein sårbar beitemarkssopp og fleire gode signalartar på verdifullt kulturlandskap.

Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram. Dei skjelsandpåverka engene nær husa bør ikkje utsettast for fysiske inngrep. Ein bør unngå gjødsling i dei artsrike partia.

Gurskøya: Stokksund (undervassenger)

Lokalitetsnummer:	1515-10029 (Naturbasen: del av 1515 - 247 - 1)
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 303-306, 124-126
Høgd over havet:	0 m
Hovudnaturtype:	havstrand/kyst
Naturtype:	undervassenger
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	Folkestad (1978a)

Områdeskildring

Generelt: Dette er dels eit viltområde som er overvintrings- og overnatningsplass for vassfugl. Lokaliteten ligg i bukta rett nedafor Herøy kyrkje, og er såleis ikkje ein del av fredningsområdet i Stokksundet.

Vegetasjon: Lokaliteten inneholder tidlegare undervassenger med ålegras (*Zostera marina*) (vegetasjonstype U1). Ålegraset er no forsvunne, men det finst noko småhavgrasenger, U2a (kjelde: A. O. Folkestad).

Kulturpåverkanad: Ubetydeleg.

Artsfunn: Mest interessant når det gjeld høgre planter var ålegras, som no er forsvunnen. Det finst likevel noko småhavgras

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er undervassenger med småhavgras, som er ein utbreidd art i Herøy (kjelde: A. O. Folkestad).

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

Gurskøya: Tjørvåg (havstrand)

Lokalitetsnummer:	1515-10030 (Naturbasen 1515 - 22 - 0)
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 306 102
Høgd over havet:	0-2 m
Hovudnaturtype:	havstrand
Naturtype:	strandeng og strandsump
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	fysiske inngrep
Undersøkt:	3.7.1984, JIH (Holten m. fl. 1986b, Oterhals 1996)

Områdeskildring (etter Holten m. fl. 1986b)

Generelt: Ei grunn tidevassbukt i skjerma farvatn i utløpet av Tjørvågelva. Svakt eksponert grusstrand ved utløpet av ei mindre elv. Totalt strandengarealet er ca. 250 x 6 m, med største førekommst i indre deler av elveutløpet (grusøyr). Utafor er ei stor gruntvassflate. Lokaliteten grensar i sør, vest og aust mot veg og attgroingsmark. Området ligg ca. 1 km sørvest for Stokksund/Blikkvågane fuglefredningsområde. Tjørvågelva er ei mindre elv (nedbørsfelt på 11 km²) med lite inngrep. Elveoslandskapet er ein vågos som blir danna av to små elver som munner ut i vågen. Begge er intakte elveosar med små inngrep. Verneforslaget har eit landareal på 33 dekar og eit sjøareal på 35 dekar.

Vegetasjon: Saltsev-eng, raudsvingel-tiriltunge-fjorekoll-eng, strandkryp-forstrand, fjøresekks-eng, rustsekks-eng, fjørestorr-eng, kveke-voll. Strandskog med gamal gråor (urskogliktande sumpskog) i vestenden av lokaliteten. Mest strandvegetasjon på grusøyr i indre del av elveutlaupet. Elles finst det her småhavgras (U2a, kjelde: A. O. Folkestad).

Kulturpåverkanad: Diverse spreidd metall-avfall frå skipsverftet. Kloakkutslepp (1984). Liten steinmolo nær utløpet av elva.

Artsfunn: Middels artsrikt (54 artar). Trivielt artsutvalg. Etter dei data som ligg føre, er området vurdert som raste og overvintringslokalitet for vassfugl med lokal verneverdi. Aktuelle artar om vinteren er stokkand, ærfugl, siland, skarv, gråhegre, bergand, kanadagås, kvinand, lomvi og sangsvane. Området ligg i nær tilknytning til Stokksund/Blikkvågane fuglefredingsområde og er derfor ein del av eit større samanhengande og viktig beiteområde for sjøfugl. Det er oppgang av laks og aure i Tjørvågåelva.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit relativt velutvikla strandeng/strandsumpområde, men kan og klassifiserast som brakkvassdelta.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten er med i framlegget til ein verneplan for havstrand- og elveos i fylket. Føremålet med verneframlegget er å sikre eit relativt urørt elveosområde som det einaste på ytre Sunnmøre. Området har verdi som regionalt typeområde der eit lite kystvassdrag renn ut i ein grunn våg og dannar ein gradvis overgang mellom elv og sjø. Området er prioritert i fylkesdelplanen for elveoslandskap for Møre og Romsdal. (Godkjend 10.06.94 i Miljøverndepartementet).

Gurskøya: Tjørvåg (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1515-10031
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 303 108
Høgd over havet:	40-50 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	beiteopphøyre, attgroing
Undersøkt:	29.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Dette er eit område med tradisjonelt kulturlandskap (naturbeitemark, einerbakkar) ovafor Klungsøy på søraustsida av det vesle fjellet Skåla.

Vegetasjon: Forutan fulldyrka mark fanst det mindre areal med overflaterydda, mager grasmark, og meir udyrka, lite gjødselpåverka naturbeitemark med ein del einer. Vegetasjonen var delvis finnskjeggeng, delvis litt meir gjødselpåverka med englodnegras og engsoleie (G1c, G4, G12).

Kulturpåverknad: Lokaliteten har vore slåtte- og beitemark. Dei mest interessante delene blir i dag berre beita.

Artsfunn: Det vart funne 31 planteartar, av desse 9 naturengplanter, stort sett vanlege artar. Det vart også funne 5 vanlege artar av beitemarksopp.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig). Dette er på grunn av at lokaliteten har visse kvalitetar og nokre signalartar, men er ikkje så velutvikla og artsrik at han fortener kategori B.

Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram også i framtida.

Gurskøya: Tjørvåg: Tuftevatnet (ferskvatn)

Lokalitetsnummer:	1515-10032 (Naturbasen 1515 - 14 - 2)
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 311-314, 096-099
Høgd over havet:	6 m
Hovudnaturtype:	ferskvatn
Naturtype:	andre viktige førekomster
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Fysiske inngrep, forureining
Undersøkt:	Folkestad (1975)

Områdeskildring

Generelt: Dette er eit lite, grunt, vegetasjonsrikt låglandsvatn med heller lite gjennomstrøyming, kransa av myr og lyngmark. Vatnet er ca. 470 m langt og 250 m breitt. Det finst ein bra fiskebestand av aure, i tillegg finst stingsild og ål. Viktig fuglelokalitet i hekke- og trekktida (viltbiotop).

Vegetasjon: Vegetasjonen er som vanleg høgstorrsump, flytebladvegetasjon og lang- og kortskotvegetasjon (O3, P1, P2, P4).

Kulturpåverknad: Lokaliteten grensar til dyrka mark, busetnad og veg. Det er truleg litt avsig frå kulturmarka.

Artsfunn: Av planter er det mykje likt Aspevikvatnet, med elvesnelle, flaskestorr, bukkeblad, kantnøkkerose, tusenblad, stift brasmebras, tjønngras og botnegras. Av hekkande vassfugl kan nemnast nokre par stokkand, dessutan tjeld, viper, raudstilk, enkeltbekkasin og strandsnipe. Grågås er sett i hekketida. Om vinteren har lokaliteten funksjon som beiteplass for inntil 20 songsvane. Beiteplass for svaner om vinteren. Elles er det observert ei rekke kravfulle fuglearter i trekktidene og om vinteren (stjertand, skeiand, lappfiskand, bergand, myrrikse, sivhøne og sothøne). Det er kjent 5 artar av augnestikkarar.

Verdsetting: Området ville blitt verdsett til C (lokalt viktig) ut fra vegetasjon og fordi dette ikkje er ein prioritert naturtype i DN-handboka. Som viltlokalitet kan han likevel klassifiserast som B (viktig), og ein er tilhengar av å sjå ting i samanheng der det er naturleg.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Forstyrring av fuglelivet bør unngåast, særleg i hekketida.

Herøyfjorden: Flåvær (naturbeitemark)

Lokalisetsnummer:	1515-10033 (Naturbasen: sjøfuglområde 1515 - 20 - 0 er ikkje inkludert, 1515 - 20 - 2 er inkludert)
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 231-240, 135-140
Høgd over havet:	0-10 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark, kystlynghei, berg
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	beiteopphøy, attgroing
Undersøkt:	28.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Flåvær er ei gruppe av øyar og holmar som ligg meir eller mindre på rekke ute i Herøyfjorden. Sjølve holmerekka frå Flåvær fyr til Torvholmen er undersøkt floristisk med tanke på kulturlandskapverdi og anna botanisk verdi. Naturbasen (nr. 1515 - 20 - 0) beskriv ein liten holme ved Flåvær med ein måsekoloni (viltbiotop). Denne blir ikkje inkludert i det området som blir avgrensa her. Naturbasen lokalitetsnummer 1515 - 20 - 2 er Vardholmen der det og hekkar sjøfugl.

Vegetasjon: Vegetasjonen er stort sett trelaus, med nokre busker av rogn, hagtorn og villapal. Det er relativt lite kystlynghei, truleg er det meste ulike attgroingsstadium av tidlegare meir intensivt beita engvegetasjon, som er dels finnskjegdominert, dels meir uspesifisert fattig eng ofte i retning gulaks-engkveintype, med ein mosaikk av tørre og fuktige parti (G1, G4). Noko av vegetasjonen kan karakteriserast som fukthei (H3).

Kulturpåverknad: Holmane har fleire hus og fyrtårn. Deler av øygruppa (Vardholmen, Husholmen, Torvholmen) blir beita av utegangarsau. Flåvær har hatt lengre tids beiteopphøy før det vart utsett utegangarsau, men attgroinga har truleg gått relativt seint.

Artsfunn: Det vart til saman på dei ulike holmane funne 60 planteartar, av desse 13 naturengplanter. Her kan nemnast ein del dvergsmyle på Torvholmen (der villsauene gjekk ved dette besøket), villapal, knollerteknapp, kystgrisøyre, vivendel og ein ubestemt hagtorn på Husholmen. Elles vart det notert rukkerose, smalkjempe, harerug, og i ei lita tjønn på Vardholmen tusenblad, rusttjønnaks og trådtjønnaks. Av beitemarkssopp vart det funne 10 artar. Blant desse var den omsynskrevande arten russelærkovssopp (*Hygrocybe russocoriacea*).

Åkerrikse hadde tilhald ca. 1990 (kjelde A. O. Folkestad). Tilhaldsstad for flaggermus (ikkje artsbestemt, kjelde: Annlaug Leine).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av kvalitetane som kulturlandskap.

Skjøtsel og omsyn

Det er positivt at området blir beita av utegangarsau, og det er å håpo at kulturlandskapet kan bli tatt vare på på denne måten.

Herøyfjorden: Fugleholmen (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1515-10034
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 283 138
Høgd over havet:	0-20 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark, kystlynghei, berg
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	beiteopphøyre, attgroing
Undersøkt:	28.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Dette er ein holme på nordsida av Herøya.

Vegetasjon: Vegetasjonen er stort sett trefattig, med nokre busker av rogn. Dessutan står det eit 20-tals planta sitkagran på øya. Det er relativt lite kystlynghei, truleg er det mestre ulike attgroingsstadium av tidlegare meir intensivt beita engvegetasjon, som er dels finnskjeggdominert, dels meir smyledominert, med ein mosaikk av tørre og fuktige parti (G1, H1-H3). Noko av vegetasjonen kan karakteriserast som storfrytmark. På grunnlendte knausar er det ein tørketålande vegetasjon med m. a. kystbergknapp og stemorsblom (F3d).

Kulturpåverknad: Tidlegare beiting har opphørt. Elles er det som nemnt planta sitkagran.

Artsfunn: Det vart funne 39 planteartar, av desse 12 naturengplanter, m. a. kystgrisøyre. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit kulturlandskap med visse kvalitetar som no held på å gå tapt ved attgroing.

Skjøtsel og omsyn

Dersom ein vil ta vare på kvalitetane på lokaliteten må ein ta opp att beiting med eit tilstrekkeleg dyretal.

Herøyfjorden: Herøya (naturbeitemark m.m.)

Lokalitetsnummer:	1515-10035
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 277-281 133-136
Høgd over havet:	1-8 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap, berg
Naturtype:	naturbeitemark, nord vendte kystberg
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	beiteopphøyre, attgroing
Undersøkt:	28.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Herøya er i første rekke eit gammalt kulturlandskap som sidan 1974 har vore i Herøy kommune si eige. Sidan 1981 har her vore kystmuseum i bygningane. I dag er det ein mosaikk av fulldyrka mark, utmarksbeite, bergravbar, bjørkeskog og kratt av øyrevier. Det er kjent at det var drift her i 1657 (Isene 1994). Kulturlandskapet har ein del kantområde som er overflatedyrka eller udyrka med tidlegare ljåslåttemark, no naturbeitemark.

Vegetasjon: Det er laga eit enkelt vegetasjonskart for øya (Isene 1994). Vegetasjonen i naturbeitemarkene er i første rekke ulike utformingar av kalkfattige enger, men det er også meir basepåverka parti med m. a. vårmarihand (G1, G4, G11). Av særskilt interesse er eit slåpetornkratt (F5b, sjå nedanfor). Elles finst lyngheier og som nemnt lauvskog og kratt (H1-H3, A4).

Kulturpåverknad: Det gjekk i 2000 nokre sauar på øya, dels ca. 10 utegangarsau som har gått her sidan 1995, dels langrumpa sau. Beitinga har bra effekt på engsamfunna. I kulturlandskapet er det planta ask, hestekastanje, platanlønn, sitkagran og svarthyll.

Artsfunn: Her veks slåpetorn (UTM: LQ 277 135) i vika like nordaust for Skafferholmen, som einaste veksestad i fylket. Dette er norsk nordgrense, men ein kjener ikkje historia til førekomensten, og det kan ikkje utelukkast at den er kulturspreidd. Det er eit større tal planter frå små og krypande til større kratt som følger ei lita fjellsprekk som går i aust-vestretning. Vårmarihand er funnen i gode bestandar hovudsakeleg i askeskogen midt på øya (freda orkidé). Isene (1994) har karplanteliste i tillegg til vår eigen. Vi fann 14 naturengplanter. Av andre interessante artar kan nemnast jordnøtt, hårsvæve, knollerteknapp, nattfiol, raudsildre, sylarve, raudsildre, bitterbergknapp og villapal. I naturbeitemark vart det vidare funne 8 beitemarkssopp (10 artspoeng). Ein av

desse, raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*) står som omsynskrevande på raudlista. Lavfunn: dei fuktkrevande vanleg bläfiltlav, lungenever, kystgrønnever, grynporelav og skrubbenever er funne på berg nær sjøen (fuktig lokalklima), særleg sør på øya. Dette er dels lavartar som Noreg har eit særskilt forvaltningsansvar for (ansvarsartar). En del av lavartene vokste også på berg i askeskogen, som kanskje også bør framheves som interessant.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit variert og velutvikla kulturlandskap med stort sett vanlege artar, i tillegg til nokre fuktkrevande lavartar tilhøyrande lungeneverksamfunnet på berg. Lokaliteten har truleg også verdi B for viltet.

Skjøtsel og omsyn

Sitkagran og platanlønn bør fjernast, sidan dette er innførte artar som lett spreier seg og kjem ut av kontroll. Det er viktig at ein opprettheld beitinga. Dette er med å bevare dei biologiske og landskapsmessige kvalitetane på øya. At urbaniserte herøyveringar får skit på skorne sine får dei tola. Einaste problemet med beitinga er i forhold til vårmarihand, som bør skjermast for heilårsbetring. Ein viser vidare til Isene (1994), som har laga skjøtselsplan for øya.

Herøyfjorden: Nautøya vestside (berg)

Lokalitetsnummer:	1515-10036
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 278 130
Høgd over havet:	1-7 m
Hovudnaturtype:	berg
Naturtype:	nordvendt kystberg
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	21.04.2000 KJG.

Områdeskildring

Generelt: Dette er eit mindre område med fuktige berg nær sjøen på vestsida av Nautøya.

Vegetasjon: I desse berga vart det konstatert ein vegetasjon med m. a. hinnebregne (F2b).

Kulturpåverkanad: Lokaliteten ligg like sør for eit naust.

Artsfunn: KJG fann hinnebregne ved vestenden av Nautøya. Veksestaden var ein nordvestvendt steinnase med skuggefult, fuktig lokalklima 1-1,5 meter over havnivå.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av forekomst av hinnebregne som står som sårbar på raudlista.

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle utover å unngå fysiske inngrep i lokaliteten eller inngrep som endrar dei lokale fukttilhøva.

Herøyfjorden: Nautøya sørside (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1515-10037
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 286 129
Høgd over havet:	20-40 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	Dahl (1895), 21.04.2000 KJG.

Områdeskildring

Generelt: Dette er eit mindre lyncheimråde med purpurlyng sør for midten av Nautøya.

Vegetasjon: Det er mest purpurlyngutforming av tørre lyncheier, H1b.

Kulturpåverkanad: Området er tidlegare beita, men gror no att.

Artsfunn: KJG fann purpurlyng litt hist og her på sørssida av høgste punktet på Nautøya. I nærliken, i eit sørberg ved sjøen er det teke lavliste, med blærelav, glatt navlelav, koparlav, kystnavlelav og stiftsteinlav. Dahl (1895) nemner og at han fann purpurlyng her i 1894.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) fordi det er eit mindre område med purpurlyngvegetasjon.

Skjøtsel og omsyn

Kystlyngheia bør ikkje få veksa att med skog.

Herøyfjorden: Petterholmen (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1515-10038
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 288 136
Høgd over havet:	0-10 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtypar:	naturbeitemark, kystlynghei
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	beiteopphøyre, attgroing
Undersøkt:	25.09.1997, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1998b)

Områdeskildring

Generelt: Petterholmen er ein relativt liten holme som ligg nord for Nautøya og vest for Lanternen marina ved Herøybruene. Jordsmonnet er dels grunt over berg, men det finst parti med djupare jord som tidlegare har vore dyrka.

Vegetasjon: Vegetasjonen er ein mosaikk av tørr røsslynghei med ein del einer, finnskjegghei og fukthei/beita fukteng (H1-H3, F5d, G1c).

Kulturpåverknad: Det har tidlegare vore busetnad på holmen. Holmen har dei siste åra dels vore beita av geit. Mykke av eineren er daud, dette kan skuldast geita, men kan også skuldast sjøsprøyt.

Artsfunn: Det vart funne 40 planteartar, av desse 8 naturengplanter (m.a. blåklokke og kystgrisøyre) og 6 beitemarkssopp (7 artspoeng). Soppfloraen var typisk for denne type lokalitet, med m. a. grå vokssopp (*Hygrocybe irrigata*). I alt 6 beitemarkssopp vart funne ved besøket. Lokaliteten har truleg potensiale for fleire soppartar enn det som vart funne ved dette høvet.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit intakt kulturlandskap med nokre signalartar.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten er ikkje av dei mest artsrike, men inngår som ein typisk del av det tradisjonelle kystkulturlandskapet i kommunen, som også her tek til å bli nokså fragmentert. Det er ønskjeleg at beitinga held fram.

Herøyfjorden: Skafferholmen (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1515-10039
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 276 133
Høgd over havet:	0-20 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	beiteopphøyre, attgroing
Undersøkt:	28.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Dette er ein liten tuveforma holme like sørvest for Herøya.

Vegetasjon: Vegetasjonen er stort sett trelaus og relativt lyngfattig med unntak av noko krekling, litt einer og eit par rognbusker. Noko av vegetasjonen kan karakteriserast som fukthei med ein del smyle, skrubbær og finnskjegg, med overgangar mot storfryttemark, truleg er dette eit attgroingsstadium av tidlegare meir intensivt beita engvegetasjon (G1). Botnvegetasjonen hadde ei tjukk mosematte og dette tyder på at det har vore beiteopphald her ein del år fram til no.

Kulturpåverknad: Det vart observert 5-6 utegangarsauer.

Artsfunn: Området var relativt artsfattig med 26 noterte planteartar, av desse 6 vanlege naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit kulturlandskap i attgroing med mindre biologiske verdiar.

Skjøtsel og omsyn

Det er positivt at ein tek opp att beitinga. Ved at beitinga held fram, kan nokre av dei tidlegare biologiske kvalitetane tilknytt beitinga koma tilbake.

Leinøya: Leinehornet (kystlynghei)

Lokalisetsnummer:	1515-10040 (Naturbasen 1515 - 10 - 28)
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg og 1119 II Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 285-310; 163-190
Høgd over havet:	100-363 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	kystlynghei med purpurlyng
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	Beiteoppheyr, attgroing
Undersøkt:	Fremstad m. fl. (1991), KJG fleire besøk i ulike delområde

Områdeskildring (dels etter Fremstad m. fl. 1991)

Generelt: Området ligg midt inne på Leinøya og vart av Fremstad m. fl. (1991) avgrensa mot nord av ei rett line mellom fjella Leinehornet (363 m o.h.) og Grønelia (250 m o.h.). Området er avgrensa mot Leitet, Sollia, Frøystad og Torvik. Arealet er 4,2 km². Bergarten i nord ved Leinehornet, Grønelia og Sande er granittisk gneis. I sør ved Sollia består bergrunnen av glimmergneis. Landskapet inneholder fjellskråningar, dalbotn og mindre kollar og jordsmonnet er podsol, brunjord og sumpjord. K. J. Grimstad har foreslått ei endra avgrensning som prioritærer området med purpurlyng, og skjer bort ein del arealet med berre fattige fuktheitypar (H2 og H3).

Vegetasjon: Tørr røsslyngtype (Hlb) dekkjer ca 40 % av arealet. Purpurlyngtype (Hla) er svært vanleg i sørskråningar under Leinehornet og ved Torvik og Sollia. Den dekker opp til 5 % av arealet. Lokaliteten er truleg den nordlegaste i landet med så store areal av denne sterkt oseaniske og varmekjære vegetasjonen. Røsslyng-gråmosetype (Hlc) er lite utbreidd. Fuktig kystlynghei (H2) utgjer ca 20 % og røsslyng-bjønnkamhei (H3) ca 10 % av arealet. Ca 20 % av arealet er myr. Røsslyngen er gammal, og i den tørre lyngheia er lyngskiktet 30-40 cm høgt. Han dekkjer 40-50 % av arealet i denne vegetasjonstypen. Over lyngskiktet finst eit 40-50 cm høgt einerskikt. I den fuktige heitypen er lyngen noko meir lågvaksen, og dekninga er også mindre. Lyngheia befinner seg i moden fase og i degenereringsfase. Attgroinga med tre er førebels svak (1-5 %), medan einerinnslaget er stort (opptil 30 % dekning).

Kulturpåverkanad: Området vart brend ca. 1975 og i dag vert området svakt beita av sau. Det er store granplantefelt ved Setane, Leinestølen og i vestre deler av Sollia rett utanfor arealforslaget. Ei kraftlinje går gjennom sør del av Sollia.

Artsfunn: Dahl (1895) nemner purpurlyng frå Leinøya i 1894. Det vart under feltarbeidet (1988-89) registrert 111 karplanter i lynghei og på myr. Bortsett frå knollerterknapp (*Lathyrus montanus*) er ingen av artane sjeldne på søre Sunnmøre. Lyngheia har middels til høg artsdiversitet.

Verdsetting: Lokaliteten har stor bevaringsverdi på fylkes- og landsplan. Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av storleik, utforming og innslag av godt utvikla purpurlynghei. Det er likevel i attgroing, og vil gå over i B etter kvart som verdiane blir reduserte.

Skjøtsel og omsyn

Det er stort behov for rydding og brenning av gammel lyng og einer. Beitepresset må aukast monaleg (Fremstad m. fl. 1991).

Leinøya: Nøre Vaulen (havstrand)

Lokalisetsnummer:	1515-10041 (Naturbasen 1515 - 10 - 26)
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 27 19
Høgd over havet:	0-2 m
Hovudnaturtype:	havstrand/kyst
Naturtype:	strandeng/strandsump
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt:	1894 O. Dahl (Dahl 1895); 5.7.1984, JIH (Holten m. fl. 1986b); 29.09.2000 KJG & JBJ

Områdeskildring (etter Holten m. fl. 1986b)

Generelt: Området er eit straumrikt sund med store grunnområde og tidevassoner. Omfatter strandenger, til dels rundt isolerte brakkvasspøler, på begge sider av Nørdre Vaulen, og på sørlege del av Remøyholmen (midt i

sundet). Noe eksponert, særlig mot sørvest. Epilitoralt grensesamfunn er dyrkamark, mest ekstensivt drevet. Hyppige substrattyper er silt, grus og stein, og små arealer av finsand og grovsand. Grovest substrat på sørsida av sundet. Totalareal ca. 600 x 20 m. Landarealet er ca. 620 dekar. Dahl (1895) nemner (s. 10) at det var "flyvesand" ved Volsundet i 1894.

Vegetasjon: Småtjønnaks-samfunn (berre på nordsida under brua), salturt-panne/forstrand, fjøresaltgras-eng, saltsev-eng, raudsvingel-tiriltunge-fjørekoll-eng (mest på Remøyholmen), strandstjerne-strandkryp-strandkjempeng, havbendel-grusstrand, fjøresekks-eng, fjørestorr-eng, havstorr-eng, smårøyrkevein-eng (berre på nordsida, under brua, bakre myrliknande våtmark i to utformingar: a) med m.a. vanleg myrklegg, myrmjølke og blåtopp, b) strandmyr med mye duskull, taresaltgras-grusstrand (berre på sørsida, med mykje strandkjempeng og strandkryp), tangmelde-voll (berre på sørsida), balderbrå-då-voll (berre på sørsida), kveke-voll (berre på sørsida). Samfunnet havbendel-grusstrand har fine utformingar på østsida av Remøyholmen. Sjeldne samfunnstyper av vernemessig betydning er smårøyrkevein-eng og balderbrå-voll. Det finst noko småhavgraseng her (kjelde: A. O. Folkestad).

Kulturmåverknad: Naustrekke bygd ved nygraven kanal på nordsida. Diverse rasktøming. Tidlegare slått i samfunnet G3 på Remøyholmen. Bru og riksvegtrasé passerer sundet og over Remøyholmen (steinfyllinger)

Artsunn: Artsrikt (80 artar). Sjeldne artar som bogestorr (*Carex maritima*) og saltstorr (*C. vacillans*) er funne. Jordal & Gaarder (1998a): Rapportert granntjønnaks herifrå er ombestemt til småtjønnaks av R. Elven (Eli Fremstad pers. medd.). Serleg rundt Remøyholmen er det viktige beiteplassar for sjø- og vassfugl i trekktidene og om vinteren.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er eit velutvikla strandeng/strandsumpområde med bra artsutval og viltfunksjon.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå inngrep i strandområda.

Leinøya: Grønelida (nordvendte berg)

Lokalisetsnummer:	1515-10042
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 291 189
Høgd over havet:	50-200 m
Hovudnaturtype:	berg/rasmork
Naturtype:	nordvendte kystberg
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Ingen kjende i berget, attgroing i kulturlandskapet
Undersøkt:	13.03.2001, KJG

Områdeskildring

Generelt: Grønelida ligg på nordsida av Leinøya aust for veg og busetnad i Volsundet. Dette er ei nordvendt li med m. a. eit mindre nordvendt berg som har interessant flora.

Vegetasjon: Bergveggene er av liknande type som elles i Herøy. Vi kallar det førebels "høgstaude-sildreberg-utforming" (nær F2c). I området rundt finst tørr kystlynghei (H1).

Kulturmåverknad: Området er litt beita av sau, men dyretalet er i dag lågt.

Artsunn: Det vart funne fleire fuktrevante lavartar som lungenever, skrubbenever og kystgrønnever. Av planter er det grunn til å nemna hinnebregne (sårbar på raudlista), loppestorr, raudsildre, gulsildre, fjellsmelle som vaks i berget og i rike sig, vidare kusymre, kvitbladtistel, vivendel og rabbesiv. Elles vart det funne dronningmose, ein sterkt kystbunden mose.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av hinnebregna og middels velutvikla utforming av naturtypen nordvende kystberg, som er definert av Gaarder m. fl. (2001).

Skjøtsel og omsyn

Ingen tiltak naudsynte i nordvende kystberg.

Leinøya: Leinestøylen (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1515-10043
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 290 172
Høgd over havet:	80-100 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	bustadbygging, beiteoppfør, attgroing
Undersøkt:	29.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i ei sørvestvendt skråning ovafor Leine på Leinøya. Tidlegare fulldyrka mark blir slått nedafor husa, men ikkje ovafor. Marka gror derfor att med sølvbunkeeng og englodnegras. Det er kantområde som synest å vera overflatedyrka, med meir u gjødsla preg.

Vegetasjon: Vegetasjonen i dei mest artsrike kantpartia på innmark er av kalkfattige engtypar, men med innslag av meir kalkrike parti med blåstorr og kornstorr (G4a, G11). Ovafor steingarden er det kystlynghei, dels med purpurlyng (H1a, sjå lokaliteten Leinehornet).

Kulturpåverknad: Staden har ikkje busetnad, men det er bygd ei rekkje einebustader like nedafor. Det synest som at beitetrykket i området har vore svært lågt i seinare tid. Noko planta sitkagran opp mot steingarden.

Søndre del av innmarka er tilplanta.

Artsfunn: Det vart funne 38 planteartar, mellom desse 15 naturengplanter. Meir interessante planteartar var kystgrisøyre, hårvæve, jordnøtt og blåstorr. Det vart funne 7 vanlege artar av beitemarksopp. Lokaliteten har truleg potensiale for fleire slike artar.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det framleis er eit kulturlandskap med betydelege naturverdiar. Lokaliteten kan etter kvart gå over i kategori C viss attgroinga fortsett.

Skjøtsel og omsyn

For å bevare kvalitetane på kulturmark må ein anten slå eller beita, elles vil området gro att og verdiane gå tapt. Blåstorr er i ferd med å bli ein sjeldan art i Herøy, truleg pga. attgroing. Sitkagran burde vore fjerna. Ein bør ikke byggja ned denne tradisjonelle kulturmarka med bustader.

Leinøya: Røyra (sørsvendt berg)

Lokalitetsnummer:	1515-10044
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 294 145
Høgd over havet:	40-100 m
Hovudnaturtype:	berg og rasmark
Naturtype:	sørsvendt berg og rasmark
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	fysiske inngrep
Undersøkt:	19.03.2001, KJG

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er eit berg med steinur under og ligg i ei sørvestvendt skråning ved Røyra på sørsida av Leinøya.

Vegetasjon: Vegetasjonen består av bergflater (F2b) med lav, nokre tørketolande planter og innslag av purpurlynghei (H1b). Elles veks det spreidd med osp, rogn, bjørk og vivendel inntil bergveggen.

Kulturpåverknad: Ingen spesielle i berget. Veg nedanfor.

Artsfunn: Det vart funne purpurlyng, svartburkne og blankburkne. I tillegg vart det funne ei rekke kravfulle lavartar frå lungeneversamfunnet: lungenever, sølvnever, skrubbenever og vanleg blåfiltlav i berget, og i ur ved basis av bergveggen vidare rund porelav, kystgrønnever og skjellglye. Ove Dahl (1895) nemner (s. 11) at det i 1894 var "smuk løvskog ved Røren paa sydsiden af Bøland, mindre træklynger ved Espeset og Leine sammesteds". Det vart funne ein del hassel ("tæt krat", s. 28), vidare liljekonvall, krossved og svartertekapp.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er eit av dei få meir interessante sørberga i kommunen, med fleire interessante plante- og lavartar.

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle ut over å unngå fysiske inngrep.

Leinøya: Volsund (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1515-10045
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 276-283, 181-186
Høgd over havet:	0-40 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark, kystlynghei
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	beiteopphøyre, attgroing
Undersøkt:	29.09.2000, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av langstreckte, steinete naturbeitemarker og llyngher i ovafor busettaden i Volsund, i nordvestvende skråningar under Leinehornet. Det at marka her er så steinet er truleg årsak til at området ikke er oppdyrka.

Vegetasjon: Vegetasjonen er attgroingsstadiar av ulike i hovudsak kalkfattige engsamfunn (friske til fuktige, G1, G4), og ulike utformingar av kystlynghei, dels med innslag av purpurlyng (H1-H3). Det at purpurlyngen her veks nordvestvendt avspeglar truleg at Leinøya har store og livskraftige bestandar av arten, som særleg trivst i sørvende skråningar her opp mot nordgrensa for arten.

Kulturpåverknad: Beitetrykket er no svært lågt, og desse store gamle naturbeitmarkene er i attgroing.

Artsfunn: Dahl (1895) nemner hestespreng frå Leinøya (ved Voldssund) i 1894. Det vart i 2000 notert 36 planteartar i beitemarkene, av desse 8 naturengplanter. Av artar kan nemnast purpurlyng, loppestorr og særbusstorr. Det vart funne 5 beitemarkssopp (12 artspoeng). Den einaste som var av særleg interesse var praktraudskivesopp (*Entoloma bloxamii*), denne er til gjengjeld svært sjeldan (2. funn i fylket, det første var Mulevika) og står som direkte truga på raudlista. Denne arten blir sett på som ein svært god indikator på langvarig og god hevd, og på særleg verdifulle naturbeitemarker. Dette kan takast som ein indikasjon på at Volsund har eldgamle og verdifulle beitemarker, men som no diverre er i attgroing.

Verdsetting: Området blir under tvil verdsett til A (viktig) på grunn av at det er store og gamle beitemarker med førekomst av ein direkte truga art. Attgroingsprosessen vil relativt raskt føra til at verdien går ned, og kategori B ville truleg snart vera meir naturleg ut frå tilstanden.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør halda oppe eit vesentleg høgre beitestrykk enn i dag om ein skal bevara området med dei kvalitetane det har hatt.

Nerlandsøya: Andbøvika (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1515-10046
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 235 188-237 190
Høgd over havet:	0-100 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark, kalkrike enger, kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	beiteopphøyre, attgroing
Undersøkt:	21.09.1993, GG & JBJ; 10.06.1998, JBJ; 27.09.2000, KJG & JBJ (Jordal & Gaarder 1993, 1998b)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg mellom Verpingsneset og Teigeneset og er i tidlegare rapportar kalla Verpingsneset. Han er stort sett brattlendt, trelaus og rasmarksprega med en del stein og knauser.

Vegetasjon: Vegetasjonen vart registrert i 1998. Beitevegetasjonen er prega av dels kalkfattig eng med engkvein, gulaks og urter, dels av meir kalkpåverka fukthei og sig med mange kalkrevande artar (G4a, G11, sjå nedanfor). Vegetasjonen i omgjevnadene er elles noko heiprega med bjønnkam, storfrytle, heistorr, heisiv og lyngartar (G1d, H1-H3).

Kulturpåverknad: Det gjekk sau på beite 1993-2000, og beitestrykket er no i lågaste laget.

Artsfunn: Det vart funne 55 planteartar, mellom desse 17 naturengplanter. Mest interessant er forekomst av purpurlyng, og av kalkkrevande fuktengartar som blåstorr, kornstorr og loppestorr. Andre artar var blåklokke, heiblafjør, kattefot, smalkjempe og tiriltunge. Det kan elles nemnast at Jens Holmboe har funne bakkesøte ved Kvalsund i 1920 (herbariet i Bergen). Det vart funne 2 jordtungearter i beita vegskulder. Av beitemarkssopp elles er det funne 10 artar (18 artspoeng). Eit spesielt funn må nemnast, og det var oransje bålbittersopp (*Gymnopilus odini*), som ifølgje Høiland (1990) er funne berre tre gonger i Noreg. Den viste seg å stå i jord med bittesmå kolbiter etter tidligere brenning. Truleg kan denne arten dukka opp oftare i tilknyting til kystheier som blir brent. Artsbestemminga er bekrefta av Klaus Høiland (Sivertsen m. fl. 1994). Frå Mjeltevikneset og austover til Teigenes har oteren tilhald, her er også ynglehi. Dette var ein velbrukt fangstplass i gammal tid.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er velutvikla naturbeitemarker av ein viss storleik med forekomst av omsynskrevende raudlisteartar.

Skjøtsel og omsyn

Beitinga på denne interessante lokaliteten bør halda fram. Særleg interessant er forekomsten av blåstorr og kalkpåverka fuktenger.

Nerlandsøya: Barmen (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1515-10047
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 193-220 191-208
Høgd over havet:	100-278 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Beiteopphøyre, attgroing, skogplanting
Undersøkt:	Fremstad m. fl. (1991), 30.07.2000 (vestre del) og 03.02.2001 (austre del), KJG

Områdeskildring (bearbeidd etter Fremstad m. fl. 1991)

Generelt: Området er ikkje nærmere undersøkt av Fremstad m. fl. (1991), berre skildra frå avstand. Området ligg heilt nord på Nerlandsøya og omfattar dei sørvende skråningene under fjellryggen fra Muleneset i vest til Okla i aust. Det er avgrensa mot garder og busetnad i Kvalsøya. Arealet er ca 1,4 km². Bergarten er migmatitt-granittisk gneis og landskapet har hellande topografi. Jordsmonnet er relativt næringsfattig, men morene- og rasemateriale med god sigevasspåverknad kan gje stadvis gode næringstilhøve. Avgrensingsforslaget til Fremstad m. fl. (1991) er noko justert av K. J. Grimstad.

Vegetasjon: Dei nedre delene mot innmarka er beitemarker med grasdominans. Lyngdominert vegetasjon er mest utbreidd oppover fjellet Barmen (278 m o.h.). Elles er det mykje flekkvis lynghei og grashei. Både tørre og fuktige heitypar finst (H1-H3, G1). Struktur og tilstand i heia er god. Eigne besøk har vist at lokaliteten har gode førekommstar av purpurlyng, mest i nordaust og i sørvest.

Kulturpåverkanad: Lyngheia vart litt beita (1988-89) og det var spor etter brenning og hogst av busker. Det finst nokre mindre plantefelt.

Artsfunn: Lyngheiene innehold betydelege mengder purpurlyng (AOF, KJG).

Verdsetting: Verdien er middels på fylkesplan og liten på landsplan (Fremstad m. fl. 1991). Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit velutvikla lyngheimråde med betydelege innslag av purpurlyng, men som no er i gradvis attgroing.

Skjøtsel og omsyn

Beitetrykket burde ha vore høgre, og lyngheia burde ha vore skjøtta.

Nerlandsøya: Kalddalsbukta (nordvendte berg)

Lokalitetsnummer:	1515-10048
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 222-233, 183-187
Høgd over havet:	0-100 m
Hovudnaturtype:	berg/rasmark, kulturlandskap
Naturtype:	nordvendte kystberg, kystlynghei, naturbeitemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	Ingen kjende i berget, attgroing i kulturlandskapet
Undersøkt:	21.08.2000 KJG; 03.02.2001 GGa, DH & KJG

Områdeskildring

Generelt: Kalddalsbukta ligg mellom Langeneset og Myraneset på Nerlandsøya. Dette er ei nordaustvendt li med m. a. frodig, nordvendt berg som har interessant flora av lav og rikt innslag av fjellplanter.

Vegetasjon: Bergveggene er fuktige og frodige, og vegetasjonen er truleg noko som ikkje er tydeleg beskrevne i Fremstad (1997). Vi kallar det førebels høgstade-sildrebergutforming (nær F2c). Desse utgjer rundt 60% av lokaliteten, bjørnnskjeggutforming av fuktig lynghei (H3f) ca. 40 %.

Kulturmåverknad: Området er noko beita av sau, men dyretalet er i dag lågt.

Artsfunn: Mest interessant var funnet av kystblåfiltlav 03.02.2001. Dette er ein raudlista (omsynskrevande), fuktrevande og kystbunden lavart med nordgrense i Haram. Arten er berre kjent frå 6 andre lokalitetar i fylket (Gaarder & Jordal 2001). Det vart elles funne mange fuktrevande lavartar som sølvnever, lungenever, vanleg blåfiltlav, skrubbenever og kystgrønnever. Av planter er det grunn til å nemna blåstorr, engstorr, loppestorr, raudsildre, gulsildre, svarttopp og særbusk som vaks i berget og i rike sig, og hinnebregne (sårbar på raudlista) og kystmaigull som vaks under berget. Her finst også 4 orkideartar, m. a. vårmarihand og nattfiol. Av planter elles kan nemnast dvergsmyle, purpurlyng og ramslauk. Elles vart det funne sterkt kystbundne mosar som gullhårmose og dronningmose. Bergisk hekkar. Det er også sett dvergfalk.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av stor artsrikdom og velutvikla utforming av naturtypen nordvende kystberg, som er nydefinert av Gaarder m. fl. (2001), dessutan førekommst av to kravfulle raudlisterartar.

Skjøtsel og omsyn

Ingen tiltak naudsynte i nordvende kystberg. Kulturlandskapet burde ha eit større beitetrykk.

Nerlandsøya: Kvalsøya: Myraneset (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1515-10049
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 218193-222194
Høgd over havet:	0-30 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	beiteoppheyr, attgroing
Undersøkt:	21.09.1993, 27.09.1994, 26.09.1995, GGa & JBJ, (Jordal & Gaarder 1993, 1995, 1997)

Områdeskildring

Generelt: Dette er eit mindre utmarksområde like sør for busetnaden på Nerland, men det heng saman med store beita rasmarker lenger vest- og sørover. Området ned mot sjøen er relativt flatt, medan det er brattare inn mot fjellet. Området er grunnlendt, for det meste grasdominert, men med ein del myrlendte parti og litt lyngområde. Sørover langs vegen går terrenget over i raspåverka fjellskråningar som også blir beita, men som ikkje er undersøkte.

Vegetasjon: Mykje av arealet er frisk fattigeng (G4), elles finst storfrytlemark og litt lynghei (G1d, H1-H3).

Kulturmåverknad: Området blir beita av sau. Det er fleire masseuttak i området, og vegen til Kvalsøya kryssar gjennom lokaliteten.

Artsfunn: Det er funne 52 planteartar, av desse 11 planteartar. Det er funne 23 artar beitemarkssopp, og (42 artspoeng). Blant desse var den sjeldne trolljordtunge (*Geoglossum simile*), som er omsynskrevande på raudlista og knytt til fuktige beitemarker. Det er vidare funne grå narremusserong (*Porpoloma metapodium*) (sårbar). Vidare vart det funne nokre andre omsynskrevande soppartar: kvit køllesopp, *Entoloma exile*, raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*) og svartdogga vokssopp (*Hygrocybe phaeococcinea*).

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er velutvikla, store naturbeitemarker med mange raudlisteartar, deriblant ein som står som sårbar.

Skjøtsel og omsyn

Myraneset saman med Mulevika og Andbøvika framstår som eit område med svært høg biologisk verdi. Samanlikna med Mulevika er Myraneset likevel meir mosaikkprega og noko lågare artsmangfold. Beitetrykket bør haldast oppe i området.

Nerlandsøya: Kvalsik: Skjellingsneset (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1515-10050
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 217 203
Høgd over havet:	ca. 10 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	slåtteeng
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	oppfør av beite og slått, attgroing
Undersøkt:	03.02.2001, GGa, KJG & DH

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er eit område med attgroande enger og naturbeitemarker nær sjøen nord for busetnaden i Kvalsika.

Vegetasjon: Vegetasjonen hadde dels noko naturengpreg med smalkjempe m.m. (G4), dels var det meir gjødsla gammel kultureng (G14).

Kulturpåverknad: Området har tidlegare vore delvis kultureng og delvis natureng, men blir no ikkje slått eller beita meir. Det er derfor i byrjande attgroing både med høgt gras, og med rogn, selje og øyrevier.

Artsfunn: I enga vaks ein del kamgras som er ein sjeldan art i Møre og Romsdal. Harald Goksøy (1938) nemner han frå fleire stader på Runde i 1928-29. Videre vart det funne sparsamt med blåstarr.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av det er ein liten kulturlandskapslokalitet med innslag av slåtteeng der blåstorr og kamgras veks.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg å ta opp att slåtten i området, vår- og haustbeiting er og eit alternativ.

Nerlandsøya: Mulevika (naturbeitemark, kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1515-10051
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 202184-205192
Høgd over havet:	0-30 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark, kystlynghei, havstrand
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	beiteoppfør, attgroing
Undersøkt:	21.9.93, 27.9.94, 26.9.95, 10.10.96, 25.09.97, 09.08.98, 20.09.98, GGa & JBJ, (Jordal & Gaarder 1993, 1995a, 1997, 1998b), 27.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Dette er ein stor lokalitet med gammal naturbeitemark (eigentleg grasdominert kystlynghei). Ved enden av veggen og ned mot havet er det store grasområder med mykje finnskjegg. Ei rekke beitetilknytta planter veks her, t. d. knegras, engkvein, gulaks, kystmyrklegg, smalkjempe, kjertelaugnetrøst, fjellmarikåpe og småengkall. Oppunder Vollhammaren er det brattare, steinete område, der det av en eller annen grunn har vore lite sopp å finna. Artsrikdomen var størst på engene ned mot stranda. Innslag av skjelsand gjer truleg sitt til at mange kalkkrevande artar finst her. Ove Dahl (1895) nemner (s. 10) at det var "flyvesand" i Mulevika i 1894. Denne er forsvenne som resultat av at taretrålinga har forårsaka hardare bølgjepåverknad (kjelde: Kleofas Kvalsik). Truleg har fleire artar forsvenne som følgje av dette. Dahl nemner følgjande artar konkret frå Mulevika: svartburkne, blankburkne, ramslauk, sanikel (mot Skorpesundet).

Vegetasjon: Som beita kystgrashei er dette eit av dei største og mest verdifulle områda i fylket, og kan truleg tena som type- og referanseområde for ein større del av Nordvestlandet (G1a, G1c, G4a, G11, H1a, H1b, H2a, H2b, H2c, H3). Det vart lagt ut ei 10x10 meters analyserute på eit magert, kortbeita grusparti på Vollen, med m. a. uvanleg mykje dvergsmyle (5-10%). I ruta vart det funne 21 planteartar, av desse 14 naturengplanter.

Dominerande planter var geitsvingel (30%), engkvein, finnskjegg, gulaks, engrapp, knegras, tepperot og tiriltunge forutan dvergsmyle som nemnt. Stor dekning av den konkuransesvake dvergsmyla tyder på ein langvarig tilstand med kort vegetasjon pga. beiting og magre tilhøve på veksestaden. Store mengder dvergsmyle som breier seg i beitemark har vi sett berre her og på Sandsøya. Vidare vart det lagt ut ei 10x10 meters analyserute rundt 40 m o. h. i steinet, grasrikt beite nær parkeringsplassen. I ruta vart det funne 26 planteartar, av

desse 13 naturengplanter. Dominerande planter var engkvein (30%), geitsvingel (15%), finnskjegg, heisiv og tepperot (alle 10%). Også her fanst dvergsmyle, men i små mengder. P.g.a. årleg brenning finst røsslyng, einer m.m. mest som ørsmå planter som berre er nokre centimeter høge.

Kulturpåverknad: Området har aldri vore bebudd såvidt ein kjenner til, men har vore beita i lang tid. I deler av området finst merke etter torvtekt. Elles har det grøne området i Vollefjøra vore brukt til tørking av tare som sidan vart brent og selt som oske. Taretørkinga førte til gjødsling av grasmarka i Vollefjøra, som i tillegg var mykje brukt til liggeplass for dyra. Dette førte til ytterlegare gjødsling frå dyra. Kleofas Kvalsvik (bestefar til nolevande eigar med same namn) gjørde inn beiteområdet først i dette århundret. Han hadde 12-15 storfe og rundt 100 vinterfôra sau, og heilårsbeiting med sau var vanleg. På 1990-talet til 1998 gjekk det rundt 100 sauar om sommaren. Det meste ovafor Vollabakken blir brent kvart år. I perioden 1990-92 vart det påhatt ein del fullgjødsel B i dei områda ovafor Vollabakken som ein kjem til med traktor, og det vart også spreidd ein god del kalk. Gjødslinga førte ikkje til at finnskjegget forsvann. Kjelde: Kleofas Kvalsvik.

Kleofas Kvalsvik, som har skjøtta denne lokaliteten mørstergyldig i ein mannsalder, sluttar i 1998 med sau. Temaet vart drøfta på eit seminar om kulturlandskap for 7 kommunar på ytre Søre Sunnmøre den 10. juni 1998, med ekskursjon til Mulevika. Kleofas Kvalsvik og John Bjarne Jordal var også med i programmet "Ut i naturen" frå Mulevika i NRK P1 hausten 1998.

Artsfunn: Det er funne 59 artar beitemarkssopp, og (143 artspoeng). Av desse er det heile 22 artar som står på den norske raudlista. Blant desse var praktraudskivesopp (*Entoloma bloxamii*), ein stor og vakkert blåaktig art som står som direkte truga på raudlista, kantstripa vokssopp, *Entoloma dichroum*, kopartunge (*Microglossum fuscocubens*, første funn i fylket) og raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*). Det er vidare funne 13 omsynskrevande artar, t. d. fioletgrå vokssopp, russelærvokssopp, *Entoloma exile*, mjølraudskivesopp, liten vokssopp, raudskivevokssopp og svartlodnetunge, kvit småfingersopp (*Ramariopsis kunzei*), gulbrun narrevokssopp (*Camarophyllopsis schulzeri*). På den kortbeita kalkrike skjelsanden ved stranda fann vi brunaugevokssopp (*Hygrocybe virginea* var. *fuscescens*) og dynetunge (*Geoglossum cookeianum*). Av dei meir interessante artane er også raudskivesoppen *Entoloma coeruleoflocculosum* som her vart funnen for 2. gong i Noreg. Vidare var funna av grå narremusserong (*Porpoloma metapodium*), rombespora raudskivesopp (*Entoloma rhombisporum*), *Entoloma xanthochroum*, lutvokssopp (*Hygrocybe nitrata*) og spissvokssopp (*Hygrocybe persistens*) i 1997-98 også interessante.

Karplantelista inneheld 61 artar, herav 24 naturengartar. Av desse er det verdt å nemna at dvergsmyle på same måte som i Ulandsvika på Sandsøya i Sande kommune veks spreidd i deler av beitemarka. Dette vesle, konkurransevake graset er truleg ein god indikator på godt beitetrykk og langvarig hevd når det står slik spreidd utover i beitet. Fleire kalkindikerande artar vart noterte, mellom anna flekkmure, loppestorr og gulsildre. Flekkmure er sjeldan på kysten. Det vart i 1998 også funne engstorr, blåstorr og vill-lin i område som tidlegare ikkje er undersøkte (kalkrike sig ut mot Skorpesundet). Ut frå talet på naturengplanter er Mulevika av dei mest artsrike i fylket også når det gjeld engfloraen. Vidare vart det i 1998 også funne raudsildre (fjellplante) og den sjeldne storarten knortestorr i eit fuktig område rundt 100 meter frå stranda (jfr. kart hos Naustdal 1945).

Verdsetting: Lokaliteten er uvanleg velutvikla og har hatt langvarig og god hevd. Det har og uvanleg stort artsutval av planter og sopp. Området blir verdsett til A (svært viktig).

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten svært stor biologisk verdi. Mulevika står fram som ei av dei største og mest verdfulle kystgrasheiene i fylket. Lokaliteten har ut frå våre oppfatningar klar nasjonal verdi. Kystutmark med eit godt beitetrykk som har vara ved i lang tid blir stadig mindre vanleg også elles i Europa. I sin neverande tilstand er lokaliteten svært godt eigna til forsking på vegetasjon og beitemarkssopp, og til kursverksemd/ekskursjonsføremål for høgskular og universitet som underviser om kulturlandskap. Det skal ikkje til så store endringar i drifta før området veks att med røsslyng. Ein bør prøva å sørja for at beitetrykket blir halde ved lag på neverande nivå. Området bør ikkje gjødslast. Det bør utarbeidast ein forvaltningsplan for området. Siktemålet med ein slik plan må vera å sikra at den tradisjonelle bruken held fram utan brot i kontinuiteten, og at dei biologiske verdiane derigjennom blir bevart.

Nerlandsøya: Muleneset-Okla (nordvendte berg m.m.)

Lokalitetsnummer:	1515-10052
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 188-217, 197-206
Høgd over havet:	0-270 m
Hovudnaturtype:	berg, kulturlandskap, havstrand/kyst
Naturtype:	nordvendte kystberg, naturbeitemark, strandeng
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	30.07.2000, KJG, 03.02.2001, GGa, KJG & DH

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på nordvestenden av Nerlandsøya. Nordsida og Muleneset er vel noko av det mest vereksponte ein finn på Møre-kysten. Ein har velt å avgrensa heile nordsida av Nerlandsøya sjølv om berre vestlege deler er undersøkte i denne omgangen. Ein går ut frå at det finst tilsvarande kvalitetar bortover den delen som ikkje er undersøkt, noko som dels har lett seg stadfesta med bruk av kikkert. Lokaliteten har og interesse som viltbiotop.

Vegetasjon: Den nordvendte delen av denne lokaliteten er sterkt vindpåverka med sjøsprøyts- og saltpåverka grasbakkar, som er ei blanding av frisk fattigeng, øvre salteng, strandberg og fuglegjødsela vegetasjon (overgangar G1-U5-X1-X2). Desse grasmarkene har eit kulturpreg på grunn av beiting, men dei har og eit tydeleg strandengpreg langt oppover på grunn av sjøsprøyten. Ei utforming av strandeng med mykje fjorekoll utgjer rundt 50% av dei nordvendte bakkane, storfrytleutforming av fuktig fattigeng (G1d, ca. 40 %).

Bergskrentar med rikt planteliv utgjorde rundt ein betydeleg del av arealet (F2b/X1/X2).

Kulturpåverknad: Litt beiting.

Artsfunn: På bergskrentar i den vestre delen voks havbendel høgt over havet, noko som må vera relativt uvanleg. Som vanleg for nordberg her ved kysten er det eit sterkt innslag av både fjellplanter, strandplanter og rikmyrplanter, t. d. gulsildre, raudsildre, fjelltistel, enghumleblom, fjellsmelle, fjellsyre, fjorekoll, gåsemure, havbendel, jáblom, loppestorr, rosenrot, stjernesildre, strandkjeks, strandkjempe og strandsmelle. Her vaks også raudlistearten kvitkurle. Vidare skal det ifølgje Naturbasen hos Fylkesmannen vera funne hinnebregne her ute, men dette funnet har det ikkje vore muleg å få stadfesta. Ved Okla i aust vart det funne gulsildre, raudsildre og fjellsmelle, og dessutan flishinnelav.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit variert kystområde med artsrike nordvendte berg og sætrekk som ein finn på svært små areal i fylket vårt.

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle bortsett frå at beiting er ønskjeleg for å halda oppe ein vegetasjon der t. d. raudlistearten kvitkurle kan trivast.

Nerlandsøya: Muleneset (sørwendte berg m.m.)

Lokalitetsnummer:	1515-10053 (Naturbasen 1515 - 10 - 1)
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 188-195, 193-198
Høgd over havet:	0-250 m
Hovudnaturtype:	berg, kulturlandskap, havstrand/kyst
Naturtype:	sørwendt berg/rasmark, kystlynghei, andre viktige førekomstar
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	Folkestad & Loen (1998), 30.07.2000, KJG

Områdeskildring

Generelt: Dette er eit sør/sørvestvendt, verutsett fjellparti på Nerlandsøya med bratte sider mot havet. Området er prega av bratte hamrar og stupbratte grasbakkar, men med urer her og der. Fleire stader er det grotter og holer. Det grensar til eit kystlyngheiområde. Det er funne ei rekke varmekjære planteartar i sørskråningane av Mulefjellet og oseaniske, beiteprega plantesamfunn og strandplanter i heile området. Området har og svært viktige viltfunksjonar (sjøfugl).

Vegetasjon: Vegetasjonen er dels ulike utformingar av sørwendte berg- og rasmarksamfunn, dels kulturbetinga grasmark og litt lynghei med purpurlyng og strandberg/fuglegjødsela vegetasjon (F1, F2, G1, H1b, X1, X2).

Kulturpåverknad: Litt beiting. Ei gammal torvbu på Mulefjellet.

Fauna: Av hekkeområda for sjøfugl på øya, er det berre Muleneset som kan seiast å ha hatt meir stabil og artsrik konsentrasjon av sjøfuglar dei seinare åra. Likevel er koloniane av sjøfugl i området små i høve til situasjonen rundt 1975, då området mellom anna hadde den nest største toppskarvkolonien i fylket med 7-800 par. I dag er området av størst verdi på grunn av hekkande havhest, toppskarv og teist, og som aktuelt område for havsvale og stormsvale. Andre artar enn sjøfugl kan hekke som ein følgje av at her er fuglefjell. I heiområda som grensar til Muleneset hekkar også storjo. Området er aktuelt for ei nærmere vurdering i samband med ein framtidig verneplan for sjøfugl i fylket.

Hekkande sjøfugl (Folkestad & Loen 1998):

Periode:	1986	1994 - 95
Havhest	ca 100 par	100 - 150 par
Havsvale	?	truleg hekkande
Stormsvale	?	?
Toppskarv	ca 350 par	ca 100 par
Ærfugl	spreidde par	spreidde par
Gråmåse	ca 50 par	ca 20 par
Svartbak	spreidde par	spreidde par
Tjuvjo	einskilde par	
Teist	ca 20 par	10 - 20 par
Totalbestand alle artar:	ca 550 par	ca 300 par

Artsfunn: Av interessante planteartar kan nemnast bergasal, blankburkne, dikesvineblom, jordnøtt, kattefot, kusymre, kvitsoleie, myskegras, nattfiol, nyresoleie, purpurlyng, ramslauk, rundskolm, sanikel, svartburkne, vivendel, vårvål og oppå fjellet m. a. musøyre. Området burde ha potensiale for havburkne, men den er førebels ikkje kjent herfrå, og området er også vanskeleg tilgjengeleg.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit variert kystområde med artsrike, sørvendte berg og særtrekk som ein finn på svært små areal i fylket vårt. Området har vidare ein viktig funksjon som viltlokalitet.

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle bortsett frå at fuglane ikkje bør forstyrast i hekketida.

Nerlandsøya: Koparstad-Skorpesund (kystlynghei m.m.)

Lokalisatjonsnummer:	1515-10054
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 200-213, 159-162
Høgd over havet:	0-200 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap, berg, strand
Naturtype:	kystlynghei, sørvendt berg og rasmark, naturbeitemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	A. O. Folkestad, 07.05.2000, 17.08.2000 KJG

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten omfattar strekninga frå Koparstad via Skageneset nordover til Terneneset i Skorpesundet. Lokaliteten er som vanleg her på kysten mosaikkprega. Lokaliteten er sør og sørvestvendt bratt kystlynghei. Området har eit rikt innslag av purpurlyng, eit av dei rikaste områda for denne arten i Herøy. Dei lågareliggjande områda er dominert av dels fuktige, og dels tørre utmarksbeite. Elles er det innslag av havstrand (strandberg), brenningsgrotter og rasmark.

Vegetasjon: Nærast Koparstad finst fuktige beitemarker og strandsump (G12, U9). Ulike kalkfattige engsamfunn med gulaks/engkvein eller finnskjegg finst fleire stader, m. a midt i Skorpesundet der det og er beitemarker med einer, og i nærlieken små ospeholt. Vegetasjonstypane G1c og G4a (finnskjeggeng, frisk fattigeng) utgjer rundt 20 %. Tørre og fuktige heiar (H1a/H1b) dominerer med anslagsvis 65% av arealet. Ulike utformingar av tarevollar (V2, V3) utgjer noko areal i strandsonen. Elles finst berg og rasmark (F1, F2, F3).

Kulturpåverknad: Dette er gamle utmarksbeite der det har vore sau og dels utegangargeit i lange tider.

Artsfunn: Alv Ottar Folkestad har funne havburkne (sjeldan på raudlista) og blankburkne i ei hole på Skageneset, seinare observert av fleire andre (Hals 1988, Jordal & Gaarder 1998a). Denne hola har metertjukke lag med geiteskit frå tidlegare og inneheld ei av dei rikaste førekostane av havburkne i Møre og Romsdal. I tillegg har Karl Johan Grimstad funne ein havburknelokalitet til lengre aust. I Skorpesundet veks det fleire stader kristtorn

(LQ 202 162, 202 166, minst 6 planter reg. i 2000) og A. O. Folkestad rapporterer kvitkurle frå Skageneset. Dahl (1895) fører opp blankburkne og svartburkne herifrå. Elles kan nemnast sanikel, knollerteknapp, krossved, kusymre, nattfiol, nyresoleie, purpurlyng og ramslauk. I fuktige beite og strandsumpar nærmest Koparstad veks tiggarsoleie og dikesvineblom. Følgjande fugleartar hekkar: svartbak, gråmåse, buskskvett, bergirisk, ringtrast og heipiplerke. Det er funne to hiområde for oter. Av biller er det funne grøn sandjeger. Av sommarfugl er det funne neslesommarfugl, fløyelsringveng, admiral, gammalfly, børstespinnar og bergringveng.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit variert og særprega område med m. a. purpurlyng, kristtorn, og raudlisteartane havburkne og kvitkurle. Det er eit av dei få områda med sør vendt berg og rasmark.

Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast med eit tilstrekkeleg tal dyr om ein vil unngå attgroing.

Remøya: Remøyvika (kystlynghei)

Lokalisatsnummer:	1515-10055
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 262 199
Høgd over havet:	0-40 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	kystlynghei, naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Truslar:	beiteopphøyr, attgroing
Undersøkt:	10.10.1996, JBJ (Jordal & Gaarder 1997)

Områdeskildring

Generelt: Det er i denne vika vegen til Runde kjem ut av tunellen gjennom Remøya og fortsett til Rundebrua. Området er nord- og austvendt. Beiteområdet strekkjer seg austover mykje lenger enn vi var.

Vegetasjon: Vegetasjonen består av mykje røsslynghei i mosaikk med beita kystgrashei og fuktheiar (H1-H3). Det er ganske mykje etasjehusmose i botnen, ofte med låg feltsjiktdekning. Det finst også noko einer.

Kulturpåverkanad: Området er beita av sauer, men beitetrykket er lågt. På Remøya har det gått sterkt attende med jordbruken dei siste åra. Av totalt 40 bruksmapper på Landbrukskontoret er no berre 6 bruk med einsidig sauehald att, med til saman 145 vinterföra sauer i januar 1997. Sommaren 1996 hadde dei ca. 250 sauer og lam på beite, men ikkje alle gjekk i Remøyvika (kjelde: Grethe Johnsen, Søre Sunnmøre Landbrukskontor).

Artsfunn: Det vart funne 49 planteartar, av desse 13 naturengplanter. Her kan nemnast gulsildre, kornstorr, kystmaure, rosenrot og småengkall. Det vart funne 2 artar av beitemarkssopp, gul vokssopp (*Hygrocybe chlorophana*) og skarlagenvokssopp (*Hygrocybe punicea*). Den siste er ein god signalart på verdifulle, gamle naturbeitemarker.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) fordi dette er ei lynghei med innslag av naturbeitemark som framleis har nokre biologiske kvalitetar.

Skjøtsel og omsyn

Dette er ikkje av dei mest interessante beitemarkene i kommunen, men likevel verd å ta vare på. Beitinga bør halda fram.

Remøya: under Remøykammen (nordvendte berg)

Lokalisatsnummer:	1515-10056
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 276 202
Høgd over havet:	5-50 m
Hovudnaturtype:	berg/rasmark, kulturlandskap
Naturtype:	nordvendte kystberg, naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Ingen kjende i berget, attgroing i kulturlandskapet
Undersøkt:	12.03.2001, KJG

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på nordsida av Leinøya aust for tunnelopninga i Remøyvika. Dette er ei nordvendt li med m. a. eit mindre nordvendt berg der det vart funne hinnebregne. Mest interessant var skuggefylle kløfter og to små grotter der det fanst hinnebregne og blankburkne.

Vegetasjon: Bergveggene er noko mindre velutvikla enn elles i Herøy (jfr. Gaarder m. fl. 2001). I området rundt finst kystlynghei med beitepreg, m.a. storfrytmark i mosaikk med magre, grasdominerte parti med ein del torvmose (F2c, H1-H3, G1d).

Kulturpåverknad: Området er noko beita av sau, men dyretalet er i dag lågt.

Artsfunn: Av planter er det grunn til å nemna hinnebregne (sårbar på raudlista, funne ca. 5 m o. h.), blankburkne, gulsildre og strandkjempe som vaks i og under berget. Andre artar var vivendel, fagerperikum og osp.

Lokaliteten har eit bebudd eterhi. Området har elles potensiale for beitemarkssopp.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av ei utforming av naturtypen nordvende kystberg som er noko under middels velutvikla, men med hinnebregne til stades.

Skjøtsel og omsyn

Ingen tiltak naudsynte i nordvende kystberg. Kulturlandskapet burde ha eit større beitetrykk.

Remøya: Barneset (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1515-10057
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 255 191
Høgd over havet:	0-10 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Beiteopphøyre, attgroing, bustad- og vegbygging
Undersøkt:	29.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av gammal kulturmark ned mot sjøen med innslag av naturbeitemark i kantane og rundt knausar og skrentar. Elles finst dyrka parti med eit litt gjødsla preg.

Vegetasjon: Forutan frisk fattigeng og litt kystlynghei, finst og grunnlendte tørrberg med småsyre, dvergsmyle, kystbergknapp og hårvæve (G4a, H1, F3d).

Kulturpåverknad: Det er bygd fleire bustader rundt lokaliteten. Lokaliteten blir beita.

Artsfunn: Det er funne 39 planteartar i området (naturbeitemark, kystlynghei). Av desse var det 12 naturengplanter. Mellom planteartane var dvergsmyle, hårvæve, vivendel og kystgrisøyre. Det vart vidare funne 7 artar av beitemarkssopp (9 artspoeng). Mellom beitemarkssoppene var skarlagenvokssopp (*Hygrocybe punicea*).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) fordi det er ei intakt naturbeitemark med ein viss artsrikdom og nokre gode indikatorartar.

Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram. Ein bør unngå kulturmarka ved eventuell vidare bustadbygging.

Remøya: vest for Storevatnet (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1515-10071
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 252 196
Høgd over havet:	50-90 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	kystlynghei m. purpurlyng
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	beiteopphøyre, attgroing
Undersøkt:	20.08.2000, KJG

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på den ubebudde vestsida av Remøya nord for Vikane. Det som er avgrensa er eit llynghiområde vest for Storevatnet, i skråningane som vender mot sør og vest.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av tørr kystlynghei med gode førekomstar av purpurlyng (H1b).

Kulturpåverknad: Området er tidlegare beita hardare enn i dag.

Artsfunn: Førekomst av purpurlyng er det mest interessante som er observert i llynghia. Elles vart det funne vivendel, og dessutan gulsildre i eit sig.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med gode bestandar av purpurlyng.

Skjøtsel og omsyn

Det hadde vore ønskjeleg med sterkare beiting i lynchheiene.

Remøya: Terneneset/Aresfjellet (naturbeitemark m.m.)

Lokalitetsnummer:	1515-10058
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 249-250, 198-200
Høgd over havet:	0-80 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark, kystlynghei, nordvendte berg
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	beiteopphøyre, attgroing
Undersøkt:	20.08.2000, KJG, 29.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på nordvestsida av Remøya. Hovudnaturtypene er nord- og nordvestvendt kystberg, kystlynghei, og grasbakkar beita av sau. Vidare finst strandberg, brenningsgrotter og steinur.

Vegetasjon: Røsslyngutførmning av tørr lynchhei (H1a) utgjer ca. 30 %, røsslyng-slåttestorr-torvull-utforming (H1c) utgjer ca. 30%, rikare utforming av tørr gras-urterik hei i mosaikk med engsamfunn (H2b, G4- G11) utgjer rundt 35%. I det nordvendte kystberget som er av den tørre utforminga, veks strandplanter som strandkjeks, strandkjempe, strandstjerne og fjerekoll høgt oppe i berget, saman med fjellplanter som fjellsmelle, raudsildre og gulssildre (F2/X1).

Kulturpåverkanad: Beiting av sau, elles få kulturspor i nyare tid.

Artsfunn: Det er funne 117 planteartar i området (naturbeitemark, kystlynghei, strandberg, og nordvendte berg høge oppe). Av desse var det 18 naturengplanter. Meir interessante planteartar var dvergsmyle, kranskonvall, kystmaure, nyresoleie, purpurlyng, rundskolm, vivendel og vårkål. I nordvendte berg og skrentar fanst m. a. blankburkne, fjelltistel, gulsildre, kvitsoleie, loppetorr, ramslauk, raudsildre og rosebrett. Det vart vidare funne 12 artar av beitemarkssopp (24 artspoeng). Mellom beitemarkssoppa var dei sjeldne og sårbarer fingersoppa røykkollesopp (*Clavaria fumosa*) og *Clavulinopsis cinereoides*. Andre interessante artar var raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*, omsynskrevande) og skarlagenvokssopp (*Hygrocybe punicea*). Mellom hekkefuglane kan nemnast steinskvett, heippipplerke, skjærpiplerke, ramn, ringtrast og bergirisk. Små ferskvasspytter er flittig nytta badeplass av eter som også har hiområde her.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av viktige utformingar av naturbeitemark og nordvendte kystberg, i tillegg til førekommst av to sårbarer beitemarkssopp. Elles er lokaliteten svært artsrik og dessutan eit viktig viltområde.

Skjøtsel og omsyn

Det er viktig å halda oppe beitinga, som opprettheld kanskje dei viktigaste biologiske verdiene som er registrerte her.

Runde: Goksøyrbeita (kulturlandskap)

Lokalitetsnummer:	1515-10059
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 25 24
Høgd over havet:	5-200 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap, berg/rasmark
Naturtype:	naturbeitemark, kystlynghei, nordvendt kystberg
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	beiteopphøyre, attgroing
Undersøkt:	1928-29 Harald Goksøyr (Goksøyr 1938), 21.09.1993, 26.09.1995, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1993, 1997, Aksdal 1994), sommaren 1995 Ingar Pareliussen (Pareliussen 1997)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av trelause, kystprega beitemarker ovafor busetnaden på Goksøyr. Mykje av arealet ovafor gardene er overflaterydda. Det er gjort ei større undersøking av floraen på Runde i 1928 av Goksøyr

(1938), og Ingar Pareliussen ved Universitetet i Trondheim har utført ei undersøking som særleg tek for seg endringar i grasmarkene sidan 1928 (Pareliussen 1997). Den vanlegaste endringa er at ugjødsla beitemark har gått over til meir gjødsla beite. Andre område har gått frå ugjødsla beite til kysthei. Nokre område som i 1928 var overbeita, er i dag meir artsrik beitemark. Minke i beitetrykket og gjødsling med kunstgjødsel blir oppgjeve som viktige årsaker til dei observerte endringane. På Runde har det ikkje vore tradisjon med lyngbrenning, og dette er truleg fordi beitetrykket har vore så stort at lyngen ikkje har fått utvikla seg. I dag har deler av fjellområda lyng som er så gammel og grov at den gjev dårleg beite (Pareliussen 1997).

Vegetasjon: Det er gjort grundige undersøkingar av beitepåverka vegetasjon av Pareliussen (1997) både på Goksøy (Samhaugen, Fossabakken), Runde og Måganes, der ein sokjer å finna ut av endringane sidan Goksøy (1938) gjorde sine undersøkingar i 1928-29 (G1/G4, H1-H3). Planteartane vart inndelt i 3 grupper:

- grasmarksartar
- heiartar (tilknytt atlantiske heiars)
- nitrogenelskande planter, ugras og attgroingsartar

Dei fleste undersøkte områda hadde ein auke i den siste gruppa i forhold til Goksøy sine undersøkingar.

Kulturpåverknad: Området har vore beita av sau i lang tid og noko gjødsla. På Goksøy var det 14-15 bruk med sau rundt 1960, no er talet nede i 4 (kjelde: Grethe Johnsen).

Artsfunn: Dei fleste funna av naturengplanter og beitemarksopp gjort i tuver, bratte grasskråningar eller på beita grasflekker inne på fjellet på stader der gjødselpåverknaden må ha vore liten. I. Pareliussen har funne 63 planteartar i sine ruter i Goksøy-området, av desse er det 15 naturengplanter. Etter to besøk er det kjent 20 artar av beitemarksopp (33 artspoeng). Det er grunn til å nemna gul slimvokssopp (*Hygrocybe vitellina*), som vart funnen i eit beita område med lyng, mose og litt gras. Arten står som sårbar på raudlista. Det må elles nemnast at H. Goksøy i 1928 fann den sårbare og sjeldne orkidéarten kvitkurle i Kaldeklova, Urene og på Tinden ved Goksøy (Goksøy 1938, herbariet i Oslo). Dette er ein art som er nært knytt til lite gjødselpåverka slåtteeng. Goksøy har også funne bakkesøte, grønkurle og storblåfjør på Runde. Den siste vart også funne av I.

Pareliussen på Måganeset på sørvestspissen av øya. Vi fann skjeljordtunge og sleip jordtunge langs vegen sør for busetnaden, begge typiske i gamle beite på kysten. Vidare fant vi 9 vokssoppartar, deriblant rødkivevokssopp (*Hygrocybe quieta*). I nordre del av den avgrensa lokaliteten har Karl Johan Grimstad 05.11.2000 funne gullprikklav, som står som sårbar på raudlista, og er knytt til stabilt fuktige miljø, i Møre og Romsdal i første rekke på nordvende berg på ytterkysten.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er funne fleire raudlisteartar tilknytt naturbeitemark, dessutan ein raudlista lav tilknytt berg i fuktig lokalklima i nordlege del av lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn

Pareliussen (1997) konkluderer med at naturbeitemarkene har nasjonal og europeisk interesse, og at den einaste måten å verna dei på er ved ein vedvarande tradisjonell bruk. Det er sterkt ønskjeleg at beitebruken held fram. Når det gjeld gjødsling, bør denne heller minskast enn å aukast. Skogen ved Gjettene kunne med fordel vore hogd på grunn av at han kan skugga ut den sjeldne gullprikklav på berga.

Runde: Goksøyrmyrane (myr)

Lokalitetsnummer:	1515-10060 (Naturbasen 1515 - 10 - 12)
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 23-25, 23-24
Høgd over havet:	100-290m
Hovudnaturtype:	myr
Naturtype:	terringdekkjande myr
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	Ove Dahl 1894 (Dahl 1895), 15.09.1978 Asbjørn Moen (Moen 1984)

Områdeskildring

Generelt: Hellande myrområde på platået på nordre del av Runde. Både i sørvest og i nord endar myra i brattkantar og stup som alt er verna som plante-og fuglefredingsområde. I aust hellar terrenget ned mot busetnaden på Goksøy. Dei nedste myrpartia er flate jordvassmyrar, medan oppover i skråninga er det fint utvikla terringdekkjande myr (hellande teppemyr). Slik myr finst med opp til 25 grader helling. 845 dekar er verna 13.12.1996.

Vegetasjon: Duskull dominerer store areal, særleg på dei nedste delane. Småbjønnskjegg-torvull-samfunn dekkjer og store areal (K2/K3, J2/J3).

Kulturpåverknad: Delar av myrane er sterkt prega av eldre torvstikk. Gjødsling frå fuglane synest å ha påverka vegetasjonen. Sauebeiting og trakk etter turistar har også sett spor etter seg på myrane, der det inngår "ugrasartar" ute på myrflatene.

Artsfunn: Heiblåfjør, loppestorr, grønstorr og storbjønnskjegg er interessante suboseaniske artar. Ove Dahl (1895) nemner at han på Runde har funne følgjande ferskvassplanter (uvist kvar): vanleg tjønnaks, grastjønnaks, rusttjønnaks, botnegras, andmat, flotgras og dikevasshår.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er velutvikla terrengdekkjande myr, men ikkje så velutvikla som einskilde andre stader på kysten.

Skjøtsel og omsyn

Ferdsel skapar betydeleg erosjon på dei mest trafikkerte stadene på fjellet. Av denne grunnen bør ein leggja opp alternative ruter som skiftar frå år til år for at vegetasjonen kan kvile og ta seg litt att.

Runde: Hellestien-Kløfjellet (nordvendte berg)

Lokalitetsnummer:	1515-10061 (Naturbasen 1515-10-16)
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 266 236
Høgd over havet:	5-100 m
Hovudnaturtype:	berg, rasmrk og kantkratt
Naturtype:	nordvende kystberg
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	Ingen kjende, del av verneområde
Undersøkt:	Thambs-Lyche (hinnebregne), 15.05.1980 Y. Gauslaa, 21.09.1993 GGa & JBJ, 15.08.2000 og 22.08.1998 KJG, 29.09.2000, KJG & JBJ (Tønsberg m. fl. 1996, Jordal & Gaarder 1998b)

Områdeskildring

Generelt: Dette er ein frodig vegetasjonsrik nordvendt bergvegg med innslag av fjellplanter, noko som er typisk for slike nordvendte bergvegger ved kysten. Lokaliteten ligg innafor fredningsområdet for sjøfugl, og har funksjon som hekkeområde for m. a. havhest.

Vegetasjon: Bergveggene er fuktige og frodige, og vegetasjonen er truleg noko som ikkje er tydeleg beskrevne i Fremstad (1997). Vi kallar det førebels høgstaude-sildrebergutforming (nær F2c). Desse utgjer rundt 80 % av arealet og storfrytle-utforming av fuktig fattigeng med ein del bregner (G1d) ca. 20 %.

Kulturpåverknad: Bortsett frå veggen til Goksøyri er kulturpåverknaden liten. I eit så beferda turistområde kan det tenkjast eit visst press frå folk som samlar sjeldne artar av lav og planter, men ein har ikkje oversikt over om dette er noko problem.

Artsfunn: Dette er ein av dei klassiske lokalitetane for hinnebregne i fylket, og den har framleis levedyktige bestandar. På denne lokaliteten er det elles funne kystblåfiltlav (*Degelia atlantica*), som står på raudlista som omsynskrevande (1980: Yngvar Gauslaa og 1993: G. Gaarder og J. B. Jordal). Av lav på berg elles er det notert m.a. (KJG): vanleg blåfiltlav (*Degelia plumbea*), flishinnelav (*Leptogium lichenoides*), lungenever (*Lobaria pulmonaria*), skrubbenever (*Lobaria scrobiculata*), grynvrente (*Nephroma parile*) og skålfiltlav (*Pannaria pezizoides*). Lokaliteten er hekkeplass for havhest og bergirisk.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein velutikla lokalitet av typen nordvendt kystberg med førekomstar av raudlisteartane hinnebregne og kystblåfiltlav i tillegg til generelt stor artsrikdom.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå at folk samlar sjeldne artar, dersom dette viser seg å vera eit problem.

Runde: Goksøyrvika (havstrand)

Lokalitetsnummer:	1515-10062 (Naturbasen 1515 - 10 - 14)
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 25 24
Høgd over havet:	0-2 m
Hovudnaturtype:	havstrand/kyst
Naturtype:	strandeng og strandsump
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	05.07.1984, JIH, (Holten m. fl. 1986b)

Områdeskildring (etter Holten m. fl. 1986b)

Generelt: Svært eksponert (mot nordøst) rullesteinstrand på yttersida av øya Runde. Rullesteinstranda har relativt stor breidde, varierande fra 50 til 100 m. Langs stranda finst ei rekke framstikkande bergryggar, særleg nedafor Goksøy. Lokaliteten er dominert av tang-/tarevollsfunn og under hauststormane vert det avsett tjukke lag av stortare (*Laminaria hyperborea*) på dei indre delene av rullesteinstranda. Nedbrytingsprodukta av stortaren i seint stadium kan sjåast som ein rosa-farga graut i forseinkingar med stagnerande tilhøve. Eit lite område med sandstrand iblanda skjelsand finst nedafor Goksøy. Lokaliteten grensar mot dyrkemark i vest og lynghei i aust. Totalarealet er ca. 700 x 70 m.

Vegetasjon: Lokaliteten er dominert av tang- og tare-vollsfunn (U4-U5, V1-V6, m. a. V5c). Holten fører opp saltsev-eng, raudsvingel-tiriltunge-fjørerekoll-eng, strandkryp-forstrand, fjøresekks-eng, taresaltgras-strandkjempe-grusstrand, tangmelde-voll, kveke-voll, strandrøyr-voll, lågurt-flerårvoll, høgurt-flerårvoll med mjødurt som dominant, tiggarsøleie-vassarve-voll, strandarve-fordyne, lys strandrug-dyne nedafor Goksøy, og østersurt-steinstrand (berre heilt i vest). To av samfunna er sjeldne og til dels truga (østersurt-steinstrand og tiggarsøleie-vassarve-voll).

Kulturpåverknad: Nedafor Goksøy er det fleire stader deponert stein nedanfor dyrkamarka. Det er fleire båtstører og naust ved Goksøy. Graden av påverknad er relativt liten.

Artsfunn: Middels artsrikt, området har 62 planteartar. Sjeldne arter: bogestorr (*Carex maritima*), østersurt (*Mertensia maritima*) og tiggarsøleie (*Ranunculus sceleratus*), den sistnevnte i et stort bestand nedafor Goksøy.

Verdsetting: Lokaliteten har stor arts- og samfunnsdiversitet. Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla havstrandlokalitet med middels stort artsutval.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

Runde: Måganeset (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1515-10063
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 246 220
Høgd over havet:	0-100 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark, kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	beiteoppfør, attgroing
Undersøkt:	sommaren 1995, Ingar Pareliussen (Pareliussen 1997); 10.10.1996, JBJ (Jordal & Gaarder 1997)

Områdeskildring

Generelt: På sørvestspissen av Runde undersøkte ein området frå parkeringsplassen ved vegenden, langs stien forbi Storevika til Måganeset, så opp på fjellet (Søre Handfangen 168 m o. h.) ned i skaret nedafor og så ned til vegenden att. Området er også besøkt av Pareliussen (1997).

Vegetasjon: Vegetasjonen består dels av grasmarker med mykje engkvein og geitsvingel, dels av meir heiprega mark med storfrytle og heistorr (G1a, G1c, G1d). Somme stader finst røsslyngdominert vegetasjon (H1-H3). I sørhellinga under Søre Handfangen finst det purpurlynghei (H1b).

Kulturpåverknad: Området er beita av sauer. I bygda Runde er det att 9 bruk med sauer, 3 av dei er relativt store (kjelde 1997: Grethe Johnsen).

Artsfunn: Det vart funne 68 planteartar, av desse 18 naturengplanter og 2 seterplanter. Forutan dei artane som er nemnt ovafor finst dikesvineblom, fjellsmelle, heiblåfjør, storblåfjør (I. Pareliussen), hårvæve, kusymre og rosenrot. Det vart berre funne 5 artar av beitemarkssopp, ein av desse var raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*) (omsynskrevande), men tilhøva var ikkje dei beste for å finna sopp.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er velutvikla naturbeitemarker med førekomster av ein omsynskrevande beitemarkssopp.

Skjøtsel og omsyn

Dette er eit fint og ganske artsrikt beitemarksområde der det er sterkt ønskjeleg at beitinga held fram.

Runde: Nøre Handfangen (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1515-10064
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 272 231
Høgd over havet:	10-60 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	naturbeitemark, kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Beiteopphøyre, attgroing
Undersøkt:	29.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Dette er ei sørvestlig naturbeitemark mellom Nøre Handfangen og Geita på austenden av Runde.

Vegetasjon: Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4a).

Kulturpåverknad: Området er tidlegare overflaterydda og truleg noko gjødsla i sentrale deler. Det blir framleis brukt til beite, og i 2000 har det vore sau og hest i området.

Artsfunn: Det vart funne 45 planteartar, av desse 14 naturengplanter. Av meir interessante planter kan nemnast purpurlyng, dikesvineblom, hårsvæve og småvasshår (i fuktig trakk). Det vart vidare funne 10 arter av beitemarkssopp (12 artspoeng). Mellom desse var skarlagenvokssopp (*Hygrocybe punicea*) som er ein god indikator på gamle, artsrike kulturmarker på kysten.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) fordi det er ei naturbeitemark med eit visst artsutval, men ikkje mellom dei mest artsrike.

Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør fortsetta.

Runde: Geita (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1515-10065
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ
Høgd over havet:	50-120 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	kystlynghei m. purpurlyng
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	beiteopphøyre, attgroing
Undersøkt:	29.09.2000, KJG & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er todelt og ligg på begge sider av skaret ved Nøre Handfangen. Austre dellokalitet ligg i sørhellinga av Nøre Handfangen. Vestre dellokalitet ligg i sørausthellingane under Geita.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av tørr kystlynghei med gode førekommstar av purpurlyng (H1b).

Kulturpåverknad: Området er tidlegare beita hardare enn i dag.

Artsfunn: Førekomst av purpurlyng er det mest interessante som vart observert i lyngheia.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med gode bestandar av purpurlyng.

Skjøtsel og omsyn

Det hadde vore ønskeleg med sterkare beiting i lyngheiene.

Runde: aust for Søre Handfangen (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1515-10066
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 253-256, 222-223
Høgd over havet:	60-220 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	kystlynghei m. purpurlyng
Prioritet:	B (viktig)

Truslar: beiteoppheyr, attgroing
Undersøkt: A. O. Folkestad, 29.09.2000, KJG & JBJ (avstandsbetrakting)

Områdeskildring

Generelt: Dette er sørvestvende lystheier og knausar og berg der ein erfaringmessig ventar å finna purpurlyng. Lokaliteten er ikkje oppsøkt av underteikna, men avgrensa på avstand med kikkert. Vi har fått bekrefte av A. O. Folkestad at det finst purpurlyng i området.

Vegetasjon: Tørr kystlynghei med purpurlyng (H1b)

Kulturpåverknad: Beiting, tidlegare sterke enn i dag.

Artsfunn: På veg ned frå Søre Handfangen mot parkeringsplassen er det mykje røsslynghei med einer og purpurlyng. Her finst og meir gras/urterike flekker med smalkjempe, blåkoll, loppestorr og kornstorr.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med gode bestandar av purpurlyng.

Skjøtsel og omsyn

Det hadde vore ønskjeleg med sterke beiting i lystheiene.

Runde: Runde vestside (berg)

Lokalitetsnummer:	1515-10067
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 249-236, 225-243
Høgd over havet:	0-10 m
Hovudnaturtype:	havstrand/kyst
Naturtype:	andre viktige førekommstar
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	29.07.1928, Harald Goksøyr (Goksøyr 1938), Alv Ottar Folkestad

Områdeskildring

Generelt: Vestsida av Runde er mest kjent for fuglefjella. Fuglefjell er ingen naturtype i DN handbok nr. 13 om kartlegging av biologisk mangfald fordi det er ein viltlokalitet, og blir berre kort nemnt under kapitlet viltlokalitetar. Her blir det berre omtala nokre kjende botaniske verdiar på vestsida av Runde, nemleg sørvestvende brenningsgrotter med havburkne. Dette er heller ingen naturtype i DN-handboka, men blir plassert i samlesekken "andre viktige førekommstar". Det er eit skjønsspørsmål om ein skal føra dette til hovudnaturtypen havstrand/kyst eller berg, rasmark og kantkratt. Havburkna veks oftast i stabilt fuktig miljø like over havnivået, derfor er vel havstrand/kyst det mest nærliggjande.

Vegetasjon: Her er ingen samanhengande vegetasjon, men havburkne og blankburkne veks i bergsprekker (F2a).

Kulturpåverknad: Liten.

Artsfunn: Havburkne har vore kjent her i allfall sidan Harald Goksøyr fann han i 1928. Arten står som sjeldan på raudlista, og har her hatt gode bestandar, men desse vart noko redusert etter frostvintrar på 1970-talet (kjelde: A.O. Folkestad).

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av dei gode forekomstane av den sjeldne raudlistearten havburkne. Dette er også den naturleg verdien på lokaliteten om ein skal dra inn vilt.

Skjøtsel og omsyn

Havburkne må ikkje samlast. Lokalitetane ligg i eit verneområde der også plantelivet er freda.

Skorpa: Djupvika (havburkne)

Lokalitetsnummer:	1515-10068
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 179 148
Høgd over havet:	0-10 m
Hovudnaturtype:	havstrand
Naturtype:	andre viktige forekomstar
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	Ingen kjende
Undersøkt:	Alv Ottar Folkestad

Områdeskildring

Generelt: Nær sørvestenden av Skorpa finst nokre sørvende overhengande berg med havburkne på nordsida av Djupvika. Dette er ingen naturtype i DN-handboka, men blir plassert i samlesekken "andre viktige forekomstar". Det er eit skjønsspørsmål om ein skal føra dette til hovudnaturtypen havstrand/kyst eller berg, rasmark og kantkratt. Havburkna veks oftast i stabilt fuktig miljø like over havnivået, derfor er vel havstrand/kyst det mest nærliggjande.

Vegetasjon: Her er ingen samanhengande vegetasjon, men havburkne veks i bergsprekker (F2a).

Kulturpåverknad: Liten.

Artsfunn: Havburkne står som sjeldan på raudlista.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av forekomstane av den sjeldne raudlistearten havburkne.

Skjøtsel og omsyn

Havburkne bør ikkje samlast.

Skorpa: sørsida (kystlynghei, berg og rasmark)

Lokalitetsnummer:	1515-10069
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 176-195, 148-157
Høgd over havet:	0-400 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap, berg/rasmark, skog
Naturtype:	kystlynghei, sørvendt berg og rasmark, rik edellauvskog (hasselkratt)
Prioritet:	B (viktig)
Truslar:	ingen kjende
Undersøkt:	Dahl (1895), A. O. Folkestad

Områdeskildring

Generelt: Sørsida av Skorpa er bratt og dominert av llyngheti, berg og rasmark. Det som ikkje er for bratt er kledd med llyngheti der purpurlyng er eit betydeleg og konstant innslag i sørhellingane.

Vegetasjon: Vegetasjonen er variert, med kystlynghei med ein del purpurlyng, hasselkratt og berg og rasmark med noko varmekjære planter (H1b, F1, F2, D2c). Ein vantar detaljerte data om lokaliteten.

Kulturpåverknad: Området blir beita av utegangargeit, som er ein av to attverande stammar av den gamle kystgeita som vart halden for kjøtet si skuld. Sjå t. d. Jordal & Gaarder (1998b s. 7-9). Denne rasen er interessant på grunn av tilpasninga til kystkulturlandskapet på Nordvestlandet. Sauebeiting opphørde frå 1992.

Artsfunn: Her vantar gode data i nyare tid bortsett frå hassel og purpurlyng. Dahl (1895) nemner grønburkne, blankburkne, vestlandsvikke og purpurlyng herifrå i 1894. Vestlandsvikke er ein interessant art som her er nær nordgrensa si.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein variert og særprega ytterkystlokalisitet med gode bestandar av purpurlyng. Dette er ein av dei få velutvikla lokalitetane med sørvendt berg og rasmark i kommunen.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med eit sterkare beitettrykk. Det kunne med fordel vore sau på Skorpa.

Skorpa: ved gardane (kulturlandskap)

Lokalisetsnummer:	1515-10070 (deler av Naturbasen 1515 - 10 - 31)
Kartblad:	1119 IV Fosnavåg
UTM (EUREF 89):	LQ 177-195, 146-154
Høgd over havet:	1-40 m
Hovudnaturtype:	kulturlandskap
Naturtype:	kystlynghei, naturbeitemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Truslar:	Beiteoppføyr, attgroing
Undersøkt:	27.09.1994 GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1995)

Områdeskildring

Generelt: Dette er ei øy i havgapet vest for Nerlandsøya. Eit sund, Skorpesundet, skil dei to øyane. Det meste av øya er fjell, men på sørsida ligg ein "strandbrem", eit flattare parti med hus og attgroande enger frå tidlegare gardsdrift.

Vegetasjon: Vegetasjonen består forutan fulldyrka mark i attgroing også av kystlynghei med purpurlyng, og kantområde som framleis har naturengpreg med frisk fattigeng (G1, G4, G14, H1b).

Kulturpåverkanad: Øya har hatt busetnad fram til 1970-72, men har vore beita av sau fram til 1992. Det har tidlegare vore opptil 18 kyr på det meste (Halvard Skorpen pers. medd.). I dag finst ein stamme av 40-50 utegangargeit (kystgeit, kjøtgeit) som er noko oppblanda med tamgeit. Desse går ute heile året og beiter mest i utmarka, medan jordbrukslandskapet på sørsida gror att med høgt gras. I mars 1993 vart to bukkar innfanga med støtte frå Statens fagteneste for landbruket, med sikte på å ta vare på genmateriale (Bondebladet 14.4.93). Busetnaden ligg sør vendt inntil fjellsida, og har eit bra lokalklima. Mellom anna vaks ein svarthyll ved eit av husa.

Artsfunn: Det vart i 1994 funne 10 beitemarkssopp, noko som gav 18 artspoeng. Dei fleste av desse var vanlege og vidt utbreidde artar. Ein art, tinnvokssopp (*Hygrocybe canescens*, oppført som direkte truga på raudlista), vart her funnen for første gong i Noreg. Han voks i grashei nord for hamna. Bestemminga er kontrollert av konservator Sigmund Sivertsen, Universitetet i Trondheim. Denne arten er knytt til mager grashei, og er truleg svært sjeldan (pr. 2001 to kjende funn i Noreg). Han er publisert frå tre stader i Sverige og ein i Skottland, og er oppført som direkte utryddingstruga på den norske raudlista (Bendiksen m. fl. 1998). Kulturlandskapet på øya var nokså rikt på karplanter (67 artar, t. d. flekkmure, kusymre, kystgrisøyre, purpurlyng og vivendel) og av desse var det 16 naturengartar. Flekkmure er sjeldan på kysten. Sjølv om det er over 20 år sidan øya vart fråflytta, har attgroinga tydelegvis ikkje tatt knekken på desse artane enno. Sauene som gjekk her til 1992 har nok også gjort sitt til dette.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekomensten av ein direkte utryddingstruga beitemarkssopp. Elles ville lokaliteten ha fått B som følgje av artsutval, vegetasjon og tilstand.

Skjøtsel og omsyn

Attgroinga på øya er i ein tidleg fase, og vil gradvis omforma vegetasjonen til lyng og lauvkratt. Dei få beitemarkssoppaane som finst, kjem truleg til å forsvinna i løpet av nokre år, dette vil også skje med den svært sjeldne vokssopparten vi fann. For naturverdiane i kulturlandskapet hadde det beste vore oppatt-taking av sauebeitinga. Opphold av sauebeitet vil gje ei attgroing som også kan vera negativ for fritidsbruken. Villgeit-stammen er ein av få slike stammar i Noreg, og bør ha interesse som genmateriale for framtidig ekstensivt husdyrbruk og skjøtselsbeiting i lyngheiene på øyane på Vestlandet.

Viltområde

Som nemnt er ikkje viltkartlegging ein del av prosjektet. Dette avsnittet er tatt med i ubearbeidd form fordi stoffet nedanfor vart lagt inn i samband med førebels rapport i januar 2000.

Gurskøya: Høy molskjeret

Naturtype: marine område, skjer der det hekkar sjøfugl

Kjelde: Naturbasen 1515 - 241 - 0

Dette er eit lite, snautt skjer aust for Myrvågneset. Det siste registreringsåret var det berre svartbak som hekka. Tradisjonelt brukar dette å vere ein hekkelokalitet for ternar, med inntil omlag 200 par hekkande i gode år. Då brukar det og å hekke tjeld på skjeret. Området er likevel aktuelt for ei nærmere vurdering i samband med ein framtidig verneplan for sjøfugl i fylket.

Verneverdi: regional

Kjelde: Sjøfuglrapporten (Folkestad & Loen 1998)

Lok. 4.4.23

KARTBLAD (M-711):	1119-1 Ålesund
UTM (EUREF89):	32VLQ347107

OMRÅDESKILDRING: Eit lite og lågt skjer med små band av gras og urtevegetasjon, elles svaberg, grus og stein. Som Torvikholmane ligg dette i den "Grøne korridoren", der det er registrert store kulturlandskapsverdier. Høy molskjeret er likevel ikkje noko vesentleg element i så måte.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1980 - 86	1994 - 95
Makrellterne	ca 50 par	
Raudnebbterne	ca 150 par	
Svartbak		1 par
Totalbestand alle artar	ca 200 par	1 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: Av andre fugleartar hekkar eitt par tjeld. Dessutan er lokaliteten kvileplass/natteplass for ærfugl og grågås i hekketid og fjørfellingstid, ligge- og kasteplass for steinkobbe. At ternene ikkje hekka i 1994 - 95 fell saman med tendensen i resten av regionen. Tal for perioden 1980 - 86 gjeld toppår. Desse tala syner at lokaliteten er attraktiv og ternene kan kome attende i gode år.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Noko ferdsel i sjøområda ikring.

Gurskøya: Leikong: Nykreimsskjera

Naturtype: marine område, skjer der det hekkar sjøfugl

Kjelde: Naturbasen 1515 - 242 - 0

Dette er eit lite, nesten snautt skjer sør for Nykreimsholmen ved Gurskøya. Viktig som hekkeområde for ternar. I gode år kan det vere 50 - 100 par på denne lokaliteten. Området er aktuelt for ei nærmere vurdering i samband med ein framtidig verneplan for sjøfugl i fylket.

Verneverdi: regional

Kjelde: Sjøfuglrapporten (Folkestad & Loen 1998)

Lok. 4.4.16

KARTBLAD (M-711):	1119 I Ålesund
UTM (EUREF89):	32V LQ 343 068

OMRÅDESKILDRING: To små skjer ved Nykreimsholmen, nord for Leikong på Gurskøya. Dei er snaue, utanom små band med gras og urter. Lokaliteten ligg i den såkalla "Grønne korridoren" mellom Herøy og Ullstein. Her er det registrert vesentlege kulturlandskapsverdier. Nykreimsskjera utgjer likevel ikkje noko særskilt viktig element i så måte.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1975	1992	1994-95
Makrellterne		ca 25 par	5 - 10 par
Raudnebbterne		ca 50 par	10 - 20 par
Raudn./Makrellterne	ca 15 par		
Totalbestand:	ca 15 par	ca 75 par	15 - 25 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: Det hekkar år om anna raudstilk på skjera, som dessutan er liggeplass for steinkobbe. Oversikta syner at talet på terner kan variera, men og at lokaliteten er attraktiv. Mink opptrer sporadisk og kan gjøre stor skade.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Friluftsliv og ferdsel i områda ikring.

Gurskøya: Leikong: Tjuvholmen

Naturtype: holme der det hekkar sjøfugl, havstrand, tidl. krisstornlokalitet

Kjelde: Naturbasen 1515 - 11 - 2

Liten og relativt høg holme med svaberg og knausar langs sjøen, og med nokre furutre og ein del tørrfuruer på toppen. Elles er det tett krattvegetasjon. Her finn ein og frodig bestand av raudhyll samt noko rips og solbær. Holmen har underordna verdi som hekkeplass. Den viktigaste funksjonen har lokaliteten som kvile- og overnattingsplass for storskav frå august til mars/april. I denne perioden er det observert inntil 300 fuglar.

Området er aktuelt for ei nærmare vurdering i samband med ein framtidig verneplan for sjøfugl i fylket.

Verneverdi: regional

Kjelde: Holmboe (1914):

Ifølgje Holmboe fanst det krisstorn på Tyvholmen, kraftige, men små busker. Kjelda hans var ei frøken Gunhild Moe.

Kjelde: Sjøfuglrapporten (Folkestad & Loen 1998)

Lok. 4.4.20

KARTBLAD (M-711): 1119-II Volda UTM (EUREF89): 32V LQ 350 053

OMRÅDES KILDING: Liten og relativt høg holme aust for Leikong. Svaberg og knausar langs sjøen og tett krattvegetasjon med furutrær, raudhyll mm. på toppen. VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL: Holmen er ikkje viktig som hekkelokalitet, men har andre viktige funksjonar.

NATURFAGLEGE MERKNADER: Den viktigaste funksjonen er som kvile- og ovemattingsplass for storskav. Frå august til april kan det vere inntil 300 fuglar samla nattestid.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen

Gurskøya: Leikongskjeret

Naturtype: marine område, skjer der det hekkar sjøfugl

Kjelde: Naturbasen 1515 - 25 - 0

Tidevassone i skjerma farvatn. Området er m.a. beiteplass for grågås og songsvaner.

Verneverdi: lokal

Gurskøya: Moldtustranda: Notaskjeret - Legeholmen

Naturtype: marine område, skjer der det hekkar sjøfugl

Legeholmen

Kjelde: Naturbasen 1515 - 7 - 2

Legeholmen er ein liten, furukledd holme like utanfor sildoljefabrikken på Moldtustranda. Vegetasjonen er rik og frodig, med ei rekkje kravfulle planteartar. Lokaliteten har vore ein tradisjonell hekkeplass for hegrar, sjølv om bestanden heilt eller delvis i korte perioder har vekslet til plantefeltet ved Dyrhaug på Gurskøy. Området er aktuelt for ei nærmare vurdering i samband med ein framtidig verneplan for sjøfugl i fylket.

Verneverdi: regional

Notaskjeret

Kjelde: Naturbasen 1515 - 7 - 6

Notaskjeret har vore tradisjonell hekkeplass for fiskemåse og terner, og tidlegare har bestandane vore langt større enn no, med meir enn 100 par fiskemåser og meir enn 200 par terner. I ein periode rundt 1990 var holmen så godt som utan hekkande fugl nokre år, truleg som følgje av at eit oppdrettsanlegg blei plassert inntil holmen. Seinare har lokaliteten på nytt blitt tatt i bruk og vil openbert framleis kunne vere ein viktig hekkeplass dersom det vert teke omsyn til fuglane. Grågås er ny hekkefugl i dette området i ny tid. Området er aktuelt for ei nærmere vurdering i samband med ein framtidig verneplan for sjøfugl i fylket.

Verneverdi: regional

Notaskjeret og Legeholmen

Kjelde: Sjøfuglrapporten (Folkestad & Loen 1998)

Lok. 4.4.21

KARTBLAD (M-711): 1119-IV Fosnavåg

UTM (EUREF89): 32VLQ275125

OMRÅDESKILDRING: To holmar på Moldtustranda. Notaskjeret er ein flat bergholme, ca. 110 x 35 m, med felt av gras og urter langs sprekker og holer i fjellet. Legeholmen er noko større, høgare og har frodig vegetasjon og furuskog.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1981	1994-95
Ærfugl	einskilde par	10 - 15 par
Fiskemåse	50 par +	30 par +
Svartbak		1 par
Makrellterne	ca 50 par	10 par +
Raudnebbterne	50 - 100 par	20 par +
Totalbestand alle artar:	150 - 200 par	65 par +

NATURFAGLEGE MERKNADER: I 1995 vart grågås funne hekkande på begge holmane. Det hekka også siland og tjeld. På Legeholmen er ein gråhegrekoloni på omlag 25 par. Ternene held til på Notaskjeret og tala syner at bestanden var større tidlegare. Dette fell saman med situasjonen elles i regionen og lokaliteten må framleis sjåast på som viktig for terner. Det ligg føre opplysingar som fortel at det samla talet på par var endå høgare i 1978, medan det i 1990 mest ikkje hekka terner i det heile.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Det har tidlegare vore konflikt med oppdrettsverksemid ved Notaskjeret. Denne konflikta er truleg løyst og i kommuneplanen sin arealdel er det lagt ei buffersone kring holmen. Sjøområdet ikring er mykje nytta til friluftsaktivitetar.

Gurskøya: Moldtustranda: Ryssevika

Naturtype: marine område, havstrand

Kjelde: Naturbasen 1515 - 7 - 3

Gruntvassområde som er overvintringsplass for vassfugl.

Verneverdi: lokal

Gurskøya: Moldtustranda: Tarberg (strand)

Naturtype: marine område, havstrand

Kjelde: Naturbasen 1515 - 98 - 1

Langrunne strandområder med gruntvassområde utafor, godt beskytta mot ver og vind av eit par holmar og nokre skjer. Området har størst verdi som overvintringslokalisitet for vassfugl, m.a. ærfugl, sjørøre, havelle, kvinand og siland. Stundom beiter songsvane i området.

Verneverdi: lokal

Kjelde: Dahl (1895)

Ove Dahl nemner fjørestorr og bogestorr frå Moldtustranda utan at dette er nærmere stadfesta.

Gurskøya: Myrvågneset

Naturtype: kystlynghei, hekkeområde for sjøfugl

Kjelde: Naturbasen 1515 - 80 - 1

Myrvågneset er eit ope, litt lavkupert nes som er prega av fuktig lypnhei med litt myrdrag og med markert oppslag av bjørkekratt. Lokalitetten ligg inntil eit viktig beiteområde for sjøfugl. Området er relativt avgrensa og bra skjerma mot både terreng og aktivitetar på landsida. Det er eitt av dei få områda i denne delen av fjordsystemet som terrenge- og vegetasjonsmessig tilfredsstiller krava til ein bra hekkelokalitet for måsefugl (80-90 par) og samstundes ligg nær inntil viktige beiteområde. Med tanke på at tidlegare hekkeplassar for dei aktuelle artane har vorte endra og gått ut av bruk i tilgrensande landskap, er området aktuelt for ei nærmare vurdering i samband med ein framtidig verneplan for sjøfugl i fylket.

Verneverdi: regional

Gurskøya: Prestegardsmyrane

Naturtype: myr, hekkeområde for sjøfugl

Kjelde: Naturbasen 1515 - 8 - 0

I hovedsak fiskemåsekoloni. 01.01.87 registrert 400 fiskemåse. Hekkeområde, vår og sommer. Sikker informasjon via intervju/spørreskjema.

Folkestad (1996a): Prestegardsmyrane er eit flatlendt myrområde ved Indre Herøy kyrkje. Mesteparten av området ligg nord for riksvegen, men ein liten del ligg og sør for veien. Området er stort sett prega av myrlendt lypnhei, men dreneringsgrøfter, og med litt spreidt oppslag av bjørk. Området er ein tradisjonell hekkelokalitet for dei oppførte fugleartane, men ein fiskemåsekoloni som den viktigaste. Denne kolonien har likevel vore på sterkt vikande front, truleg som følgje av dreneringsarbeid og vegetasjonsendringar. Kolonien har hatt gjennomgåande därleg ungeproduksjon dei seinare åra. Tidlegare hekka det minst 200 par fiskemåse i kolonien, dessutan og nokre par av sildemåse, gråmåse og svartbak, og enkelte år 50-100 par terner. Kolonien er spredt utover eit relativt stort område, og med koloniutforminga og tettleik i dag, oppfyller lokalitetten neppe krieteria for vern etter naturverniova.

Verneverdi: regional

Kjelde KJG:

Ved Indre Herøy prestegard er det funne rustkjuke/kystrustkjuke (LQ 304 127 ED50). Elles er det funne lavartar som lungenever, skrubbenever, og sølvnever, vanleg blåfiltlav m. fl.

Gurskøya: Sandvika

Naturtype: marine område, havstrand, hasselskog

Kjelde: Naturbasen 1515 - 7 - 4

Gruntvassområde som er overvintringsplass for vass- og sjøfugl, m.a. smålom, horndykker, ærfugl, sjørørre, havelle, siland og teiste.

Verneverdi: lokal

Kjelde: Dahl (1895)

Ove Dahl nemner (s. 10) at det var "flyvesand" i Sandvika. Vidare (s. 12) at det her fanst ein del hassel. Han fann og purpurlyng her.

Herøyfjorden: Flatøya

Naturtype: marine område, holme med hekkande sjøfugl

Kjelde: Naturbasen 1515 - 20 - 1

Ei lita holme med ein måsekoloni.

NOF OU/MR 1994/95: Dei seinare åra har det vore ei markert kolonidanning, først og fremst av fiskemåse og ærfugl.

Verneverdi: lokal

Leinøya: Bøneset

Naturtype: kystlynghei, hekkeområde for sjøfugl

Kjelde: Naturbasen 1515 - 6 - 0

Området har husa ein variert måse- og ternekoloni samt fleire par tjuvjo. Dei seinare åra har sjøfuglbestanden gått sterkt tilbake.

Verneverdi: lokal

Bolandet - Kjelde: Dahl (1895)

Ove Dahl nemner at han her har funne sumphaukeskjegg, svartor, purpurlyng, kystmaigull, geitrams og vidare vestlandsvikke ved Bø.

Leinøya: Torvik: Vikane

Naturtype: marine område, havstrand, hekkeområde for sjøfugl

Kjelde: Naturbasen 1515 - 5 - 0

Tidevassområde som er hekkeplass for vassfugl. Friareal.

Verneverdi: lokal

Leinøya: Torvikholmane

Naturtype: marine område, holmar med hekkande sjøfugl

Kjelde: Naturbasen 1515 - 103 - 0

Dette er eit par små, graskledde holmar med grunne sjøområde kring. Den registrerte hekkebestanden av sjøfugl er liten og artsfattig, men lokaliteten er ein tradisjonell hekkeplass for terner (40-55 par), og enkelte år kan denne kolonien vere vesentleg større, sjølv om kolonien og kan stå tom år om anna. Området er aktuelt for ei nærmere vurdering i samband med ein framtidig verneplan for sjøfugl i fylket.

Verneverdi: regional

Kjelde: Sjøfuglrapporten (Folkestad & Loen 1998)

Lok. 4.4.22

KARTBLAD (M-711):	1119 I Ålesund
UTM (EUREF89):	32VLQ315160

OMRÅDESKILDRING: Et handfull mindre holmar og skjer utanfor Torvika på Leinøy. Graskledde. Holmane ligg i den såkalla «Grøne korridoren» mellom Herøy og Ulstein. Dette er eit landskap med store kulturverdiar. Kulturverdiane er knytte til jordbruksdrift og beiting og Torvikholmane er ikkje noko særskilt viktig element i så måte.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	eldre data finst ikkje	1994 - 95
Ærfugl	2 - 3 par	
Makrellterne	10 - 15 par	
Raudnebbterne	30 - 40 par	
Totalbestand alle artar:	45 - 60 par	

NATURFAGLEGE MERKNADER: Ternekolonien kan år om anna vere større eller mangle heilt.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Uvesentlege.

Runde (omr. m. dyrelivsfredning)

Naturtypar: marine område, matleiteområde for sjøfugl

Kjelde: Naturbasen 1515 - 10 - 9

Område med dyrelivsfredning (artsvern) som mellom anna grenser til fuglefredningsområda på Runde.

Verneverdi: nasjonal Vernerstatus: DY

Vernedato: 30.04.81

Dei marine områda er nemnt i DN (1995).

Runde (oppsummering sjøfugl)

Naturtypar: marine område, havstrand, berg, kystlynghei, myr, naturbeitemark, innsjø, ur, hekkeområde for sjøfugl

Kjelde: Sjøfuglrapporten (Folkestad & Loen 1998)

Lok. 4.4.19

KARTBLAD (M-711): 1119 IV Fosnavåg

UTM (EUREF89): 32VLQ2424

OMRÅDESKILDRING: Runde er ei etter måten stor øy med busetnad på strandflatene i søraust (Runde) og nord (Goksøy). Strandlinia elles er dominert av bratte fjellskjeringsar med revner, stup og urer i høgder opp mot 300 m.o.h. Over skjeringsane ligg eit platå med myr- og lyngheivegetasjon og det er fleire små vatn. Det høgste punktet er 333 m.o.h. I sjøfuglsamanheng er dei mest interessante områda vestsida frå Måganeset til Rundefyret, vidare Skarveurda på nordsida og havhestkolonien i berga i nordaust. Dei tala som er gjeve opp er samletal for heile øya. Runde er elles ein klassisk fuglelokalitet der det ligg føre omfattande dokumentasjon gjennom mange år. Øya ligg vidare innanfor eit større kulturlandskapsområde som er vurdert å ha nasjonal verdi (saman med delar av Nerlandsøya, sjå Mulleneset).

VERDIVURDERING: 1

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1986	1994 - 95
Havhest	ca 3 000 par	ca 5 000 par
Havsvale	?	?
Stormsvale	?	?
Havsule	ca 1 500 par	ca 2 000 par
Toppskarv	ca 2 000 par	ca 1 500 par
Ærfugl	50 - 100 par	150 - 200 par
Tjuvjo	3 - 4 par	3 par
Storjo	7 par	ca 25 par
Fiskemåse	100 - 200 par	100 - 200 par
Sildemåse	ca 10 par	ca 10 par
Gråmåse	4 - 500 par	4 - 500 par
Svartbak	ca 100 par	ca 100 par
Krykkje	ca 50 000 par	ca 50 000 par
Makrellterne	5 - 10 par	5 - 10 par
Raudnebbterne	ca 5 par	ca 5 par
Lomvi	ca 10 000 par	8 - 9 000 par
Polarlomvi	einskilde par	einskilde par
Alke	ca 3 000 par	ca 3 000 par
Teist	ca 50 par	50 - 100 par
Lunde	ca 100 000 par	ca 100 000 par
Totalbestand alle artar:	ca 170 000 par	ca 170 000 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: Runde er blant dei største fuglefjella i Noreg og det største i Sør-Noreg. Øya har elles ein rik fuglefauna med fleire par hekkande gravand, siland, tjeld og mange sporvefuglartar. I trekktidene er øya mellomstasjon for eit rikt utval artar. Den botaniske vernerverdien er også svært stor, grunna vegetasjonssamfunn prega av fuglefjell og havklima med stort innslag av sjeldsynte artar. Fuglelivet på Runde vart freda ved Kgl. res. av 30.04.81. Det er oppretta tre fredingsområda med ferdelsreguleringar, jamfør dei områda som er skildra ovanfor. I desse områda er også plantelivet freda.

UTFØRTE INNGREP: Utanom dei busette områda er det lite av inngrep. Ein del slitasje i turstigane.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Bruks- og næringsinteresser i fuglefjella gjeld særleg sauebeite, turisme og friluftsliv.

Runde fredingsområde (Runde nordside)

Naturtypar: marine område, havstrand, berg, kystlynghei, myr, naturbeitemark, ur, hekkeområde for sjøfugl

Kjelde: Dahl (1895)

Ove Dahl nemner at han fann blankburkne og ramslauk ved fyret på Kvalneset.

Kjelde: Naturbasen 1515 - 10 - 13

Sjå lok. 10 -11.

Verneverdi: nasjonal

Vernestatus: FF

Vnerdato: 30.04.81

Runde fredingsområde (Runde vestside)

Naturtypar: marine område, havstrand, berg, kystlynghei, myr, naturbeitemark, innsjø, ur, hekkeområde for sjøfugl

Kjelde: Naturbasen 1515 - 10 - 11

Fjellskrentar med store sjøfuglkoloniar som er dei største i Sør-Noreg med godt over 100000 hekkande par. Alle alkefuglane, måser, toppskarv, havhest og havsule er dei dominerande. Av vernereglane kjem det mellom anna fram at det er forbod mot allmenn ferdsel i området i perioden 15.3-31.8.

Av andre verneinteresser som kan nemnast er dei tre ekstremt oseaniske plantane purpurlyng, hinnebregne og havburkne (sjeldan på raudlista). Desse er ved si nordgrense. Eit av 4 delområde (fuglefredingsområde) i Herøy og Ulstein kommunar på til saman 1555 da landareal og 1100 da sjøareal. Dyrelivsfredning i tilgrensande område. Vnerdato: 30.04.81

Skorpa: Laugenæset (paddelok.)

Alv Ottar Folkestad har observert paddar på Laugenæset på vestsida av Skorpa.

Svinøya

Naturtypar: marine område, havstrand/kyst, berg, kysthei, ur, hekkeområde for sjøfugl

Kjelde: Naturbasen 1515 - 4 - 0

Svinøya er ein liten bergholme, 500 x 250m og 30m høg på det høgste, nær halvparten av holmen er graskledd, resten har snauvaska berg. Det er bemanna fyrtasjon på øya. Dette er den mest eksponerte holmen på Mørekysten og er såleis naturfagleg interessant på mange måtar. I tillegg til hekkande sjøfugl, er lokaliteten også rastepllass for fugl under trekket, både gås som beitar (m.a. kvitkinngås), litt ender, vadefugl og eit forbausande stort utval av småfuglar. Området er aktuelt for ei nærmare vurdering i samband med ein framtidig verneplan for sjøfugl i fylket. Verneverdi: nasjonal

Kjelde: Goksøyr (1931)

Harald Goksøyr vitja staden 27. juli 1928, og fann berre 25 planteartar, dei fleste vanlege (Goksøyr 1931). Særleg planteliv var det ikkje før 15-20 meter over havet. Grasbakkane nærmast fyret var på dette tidspunktet inngjerda til slåttemark. Dominerande arter var markrapp og engrapp, dessutan engsyre og raud jonsokblom. Vegetasjonen er nok både influert av sjøfuglgjødsling og av dei tøffe vertilhøva. Havklipperagg dekte berge så dei var heilt grå, dessutan var det mykje vanleg messinglav. Av fugl noterte han lunde, gråmåse, alke, toppskarv og tjeld som hekkande, dessutan såg han ei småspove. Han skriv også at før bygginga av fyrtasjonen tok til var lundefuglkolonien sers talrik, og folk som gjekk i land var særleg ute etter lundeegg. Eit tidlegare namn på øya var ifølgje Strøm Landego. Skikken med å sleppa svin på beite her som også Strøm nemner, vart det ifølgje Goksøyr slutt på rundt 1860.

Kjelde: Sjøfuglrapporten (Folkestad & Loen 1998)

Lok. 4.4.17

UTM (EUREF89): 32VLQ 06 16

OMRÅDESKILDRING: Lita øy, ca. 500 x 300 m, langt til havs. Avstand til nærmeste "nabo" er ca. 11 km. Det er stort sett berghamar og stup mot sjøen, men øya er meir flatlendt på toppen med grasmark i søraustre del, snauvaska berg og litt steinur i vest og nord. Høgste punkt er omlag 20 m.o.h.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

	1985	1994 - 95
Periode:		
Havsvale	?	
Stormsvale	?	?
Toppskarv	2 par	ca 15 par
Ærfugl		einskilde par
Fiskemåse	ca 30 par	50 par +
Sildemåse	1 par+	einskilde par
Gråmåse	ca 5 par	einskilde par
Svartbak	lpar +	ca 10 par
Krykkje	ca 50 par	1?
Raudnebbterne	10 - 20 par	50 par +
Lomvi	1 par ?	?
Alke	?	?
Teist	2 par	2 - 3 par
Lunde	160 par +	2 - 300 par
Totalbestand alle artar	250 - 300 par	350- 450 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: Av annan hekkefugl kan nemnast tjeld, skjerpiplerke, ramm, linerle.

Tidlegare har det hekka både lomvi og alke (5-10 par og 25-30 par i 1954), men det synest som desse artane er borte eller berre hekkar i eineskilde år. Truleg varierer også krykkjebestanden betydeleg frå år til år p.g.a. problem med båreslag. Nærleiken til Stad gjer Svinøya til den mest vérutsette holmen i fylket og han ligg slik at han er svært viktig som rastepllass for fugl på trekk langs kysten. Dette gjeld til dømes gjæser, vadalar og mange artar sporvefugl. Det samla talet 91 på artar som er observert er difor etter måten stort. Fuglelivsfredning (artsfredning) sidan 1935.

UTFØRTE INNGREP: Fyrstasjon med tilhøyrande bygningar. År om anna har det vore geiter på holmen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen.

Uprioriterte område

Gurskøya: Aspevik

Naturtype: Lauvskog

Dahl (1895) skildrar "smukke løvskoge. saaledes ved Aspevik" (s. 13).

Gurskøya: Aurvåglida

Naturtype: hasselskog

Dahl (1895) skildrar "smukke løvskoge. saaledes ved Aurvaagli" (s. 13). Han har vidare notert m. a. hassel, skogvikke og krossved.

Gurskøya: Kjeldsund

Naturtype: kystfuruskog, bjørkeskog

Kjelde: KJG/Lavdatabasen på Internett

Inventør: Grimstad, Karl Johan - Dato: 1998.8.22 - Ref.: kjk.h.V

UTM: LQ 35 08 - M711: 1119 I Ålesund- Kartdatum: ED50 - Alt.: 1 - 30 m

Oversikt over lavfunn:

Vanleg kruslav (*Cetraria chlorophylla*), vanleg kvistlav (*Hypogymnia physodes*), kulekvistlav (*Hypogymnia tubulosa*), lungenever (*Lobaria pulmonaria*), skrubbenever (*Lobaria scrobiculata*), grynvrente (*Nephroma parile*), brun fargelav (*Parmelia omphalodes*), bristlav (*Parmelia sulcata*), bikkjenever (*Peltigera canina*), vanleg papirlav (*Platismatia glauca*), elghornlav (*Pseudevernia furfuracea*), borkragg (*Ramalina farinacea*), grå koralllav (*Sphaerophorus fragilis*), brun koralllav (*Sphaerophorus globosus*), vanleg messinglav (*Xanthoria parietina*). Mest interessant er lungenever og skrubbenever, som i Herøy er relativt vanlege i skuggefullt og fuktig lokalmiljø.

Gurskøya: Kleppeholmane

Naturtype: tidl. kristtornlokalitet

Ifølgje Holmboe (1914 s. 60) fanst det kristtorn på Kleppeholmen. Kjelda hans var overretssakfører Henr. Friis. Ved eit besøk 12.03.2001 (KJG) vart det ikkje funne kristtorn, men vegetasjon med storfrytleeng m. vivendel, elles røsslynghei, bjørk, osp og rogn.

Gurskøya: Kleppeneset

Naturtype: Blandingsskog, gran, osp, bjørk, gråor.

(kjelde: KJG/Lavdatabasen på Internett)

Inventør: Grimstad, Karl Johan - Dato: 1998.10.04 - Ref.: kjk.h.7

UTM: LQ 343 051 - M711: 1119 II Volda- Kartdatum: WGS84 - Alt.: 1 - 10 m

Oversikt over nokre lavfunn: glattvrente (*Nephroma bellum*), grynvrente (*Nephroma parile*) og skålfiltlav (*Pannaria pezizoides*). Glattvrente er sparsam på Vestlandet, elles vanleg.

Gurskøya: Moldtustrand: Krikane-Hansmyrane

Naturtype: myr

Kjelde: Myrrapporten (Moen 1984)

Lok. 201 1119 IV Fosnavåg LQ 2709, 450 moh. 50 ha

Vurdert på flybilde. Flatmyr og tuet bakkemyr. Vart vurdert som muleg aktuell i verneplansamanhang, ikkje undersøkt.

Gurskøya: Moldtustrand: Moldtustinen

Naturtype: nordvendt berg, lauvskog

Inventør: Grimstad Karl Johan, Holtan Dag - Dato: 1999.04.03 - Ref.: Kjk. h.10

UTM: LQ 261 122 - M711: 1119 IV Fosnavåg - Kartdatum: ED50 - Alt.: 50 m

Oversikt over lavfunn:

Gaffelreinlav (*Cladonia ciliata*), syllav (*Cladonia gracilis*), grå reinlav (*Cladonia rangiferina*), vanleg kvistlav (*Hypogymnia physodes*), kulekvistlav (*Hypogymnia tubulosa*), grå fargelav (*Parmelia saxatilis*), bristlav (*Parmelia sulcata*), kystgrønnever (*Peltigera britannica*), bikkjenever (*Peltigera canina*), papirnever (*Peltigera*

hymenina), vanleg papirlav (*Platismatia glauca*), skrukkelav (*Platismatia norvegica*), grå korallav (*Sphaerophorus fragilis*), brun korallav (*Sphaerophorus globosus*). Skrukkelav er ein indikator på høg luftfuktigkeit.

Gurskøya: Måløy: Fureholmane, Torneholmane

Naturtype: tidl. kristtornlokalitet

Ifølgje Holmboe (1914, s. 60) fanst det kristtorn på Fureholmane og Torneholmane. Kjelda hans var lærar Elias B. Holsvik. Kristtorn fanst ikkje på Fureholmane ved besøk 10.03.2001 (KJG). Derimot finst ei plante med 8-10 stammar på Torneholmane (kjelde: A. O. Folkestad).

Gurskøya: Raftenes

Naturtype: hasselskog, naturbeitemark

Ove Dahl (1895, s. 12) nemner: "ved Raftenes vokser en del hassel". Han har vidare funne kranskongvall, stortviblad, skogvikke, purpurlyng og bakkesøte i dette området. Sistnemnde er mest knytt til sanddyner og gammal kulturmark på kalkrik grunn, men er i dag svært sjeldan å finna på kysten.

Frå Rafteset har han notert solblom, som i dag truleg er vanskeleg å finna att i kommunen.

Herøyfjorden: Buskeholmen

Naturtype: holme med tidlegare kristtorn

Kjelde: Strøm (1766), Dahl (1895), Holmboe (1914)

Strøm (1766, bd. 2) har beskrive kristtorn herifrå. Ove Dahl skriv (s. 12): "Den [Buskholmen eller Troldholmen] er neppe 50 skritt lang og omrent cirkelrund, men ganske træbekovset, især rogn og asp og ialdfald tidligere kristtorn (nu kun en nedhugget stubbe tilbage), hvorved den stikker kjedelig af mod de omliggende golde holmer. Ogsaa Strøm dvaeler særlig ved denne lille holme og anfører som grund til, at skogen her har været fredet, at man ansaa holmen for et helligt sted, beboet af de underjordiske." Holmboe (1914) behandler kristtornen i Vest-Noreg grundig, og brukar prost L. Strømme som kjelde til at det på Buskholmen fanst "kratliggende kristtorn" på slutten av 1880-talet.

Dahl har vidare notert liljekongvall.

Leinøya: Sandebukta

Naturtype: marine område, havstrand, furuskog

Kjelde: Dahl (1895)

Ove Dahl nemner (s. 10) at det var "flyvesand" i Sandebukta. I området rundt her har han notert funn av bakkesøte (sjeldan på kysten i dag), rosettakarse, ramslauk, liljekongvall og bergrøyrkvein.

Kjelde: KJG/Lavdatabasen ved Botanisk Museum

Habitat: Planta furuskog.

Inventør: Grimstad, Karl Johan/Holtan, Dag - Dato: 1998.10.10. - Ref.: kjk.h.9.

UTM: LQ 305 183 - M711: 1119 I - Kartdatum: ED50 - Alt.: 70 m

Oversikt over lavfunn:

Vanleg kruslav (*Cetraria chlorophylla*), vanleg kvistlav (*Hypogymnia physodes*), kulekvistlav (*Hypogymnia tubulosa*), grå fargelav (*Parmelia saxatilis*), bristlav (*Parmelia sulcata*), vanleg papirlav (*Platismatia glauca*), elghornlav (*Pseudevernia furfuracea*), grå korallav *Sphaerophorus fragilis*). Alle desse er vanlege artar.

Runde: sørsida (strand)

Naturtypar: sandstrand

Kjelde: Dahl (1895), Goksøyr (1938)

Ove Dahl nemner (s. 10) at det var "flyvesand" på sørsida rett ned for gardane. Han nemner sandstorr og strandkveke frå dette området. Harald Goksøyr fann bittersøte ved Rundegardane i 1929 (herbariet i Oslo). I dag er veggen med fyllingar lagt i strandsona, og det er lite att av naturleg sandstrand. Det som finst har likevel ein interessant flora, mest av lokal interesse.

RAUDLISTEARTAR OG ANSVARSARTAR

Generelt

Med truga artar meinest her artar som er oppført på nasjonale raudlister. Følgjande raudliste er nytta: DN (1999b). Denne byggjer på eit sett av underlagsmateriale og fagrapportar, m. a. Frisvoll & Blom (1997) (mosar), Tønsberg m. fl. (1996)(lav), Bendiksen m. fl. (1998)(sopp) og Myklebust (1996)(fugl). Funn av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl er samanstilt for heile fylket av Gaarder & Jordal (2001).

Følgjande kategoriar er nytta i raudlistene:

Ex	utdøydd
E	direkte truga
V	sårbar
R	sjeldan
DC	omsynskrevande
DM	bør overvakast

For mange organismegrupper har ein ikkje oversikt over om det er kjent funn av raudlisteartar frå Herøy. Dette gjeld t. d. dei fleste grupper av virvellause dyr. Det er heller ikkje kjent raudlista kransalgar. Med større innsats i felt ville nok mange fleire slike funn bli gjort.

Med *ansvarsartar* meinest artar der Noreg har eit særleg ansvar for å ta vare på bestandane, fordi vi har ein vesentleg del av totalbestandane samanlikna med andre land. Dette kan vera litt ulikt definert for dei ulike organismegruppene.

Sopp

Raudlisteartar

Funn i fylket vårt av raudlisteartar av sopp er oppsummert av Gaarder & Jordal (2001). Det er kjent godt over 7000 soppartar i Noreg, av desse står no 763 på raudlista (Bendiksen m. fl. 1998). I vårt fylke er det kjent 145 av desse raudlisteartane. I Herøy er det kjent 37 raudlista soppartar, av desse 3 direkte truga artar (kategori E), 10 sårbare (V), 2 sjeldan (R) og 19 i kategori omsynskrevande (DC). Tabell 14 viser kva artar og funn som er kjent frå Herøy. Dei fleste av desse er knytt til kulturlandskapet.

Ansvarsartar

Tabell 8. Ansvarsartar av beitemarkssopp (Jordal 1997) i Herøy. Kat. er evt. raudlistekategori, som forklart ovafor.

Kat.	Latinsk namn	Norsk namn
DC	<i>Camarophyllospis schulzeri</i>	gulbrun narrevokssopp
V	<i>Clavaria zollingeri</i>	fiolett greinkøllesopp
DC	<i>Geoglossum atropurpureum</i>	vrangtunge
DC	<i>Geoglossum simile</i>	trolljordtunge
E	<i>Hygrocybe canescens</i>	tinnvokssopp
DC	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfotvokssopp
V	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp
V	<i>Hygrocybe vitellina</i>	gul slimvokssopp
V	<i>Porpoloma metapodium</i>	grå narremusserong

Med ansvarsart meinest her artar der Noreg, dels saman med våre naboland, har ein vesentleg del av dei europeiske funna som er rapporterte. Av sopp er berre eit utval beitemarkssopp vurderte i forhold til internasjonalt ansvar (Jordal 1997).

Alle ansvarsartane er raudlisteartar, og tabellen tilfører derfor ikkje noko nytt i forvaltningsmessig samanheng ut over det som går fram av funnoversikta i tabell 14 nedafor.

Lav

Raudlisteartar

Funn i fylket vårt av raudlisteartar av lav er oppsummert av Gaarder & Jordal (2001). Det er kjent 15 busk- og bladlav-artar som står på raudlista. I tillegg har ein lista opp 24 skorpelavartar som er kandidatar til raudlista. I Herøy er det kjent 2 raudlista lavartar. Gullprikklav (sårbar - V) er sjeldan på kystberg i Møre og Romsdal (berre 3 lokalitetar), medan han i Trøndelag er meir utbreidd i restane av den boreale regnskogen med gran i kyststroka der. Kystblåfiltlav (omsynskrevande - DC) er relativt sjeldan (ca. 60 lokalitetar; Tønsberg m. fl. 1996) og bunden til vestlandskysten. Klumpmessig opptreden rundt Bergen tyder på at forekomsten elles er dårleg kjent og lite undersøkt. Runde i Herøy var tidlegare norsk nordgrense for arten, men han er no kjent nord til Nordøyane i Haram (Gaarder & Jordal 2001). Tabell 14 viser kva som er kjent frå Herøy.

Ansvarsartar

Tabell 9. Ansvarsartar av lav (DN1999b) i Herøy. Ansv. er ansvarskategori: AF=fennoskandisk ansvarsart, AE=europeisk ansvarsart. Kat. er evt. raudlistekategori, sjå innleiinga til dette kapitlet.

Ansv.	Kat.	Latinsk namn	Norsk namn	Kommentar
AE	-	<i>Bryoria glabra</i>	glattskjegg	på bartre i fuktig lokalmiljø
AF	DC	<i>Degelia atlantica</i>	kystblåfiltlav	sjeldan, kystbunden, sørleg. Runde: Goksøy, Nærlandsøy: Kalddalsbukta
AF	-	<i>Degelia plumbea</i>	vanleg blåfiltlav	spreidd i fuktig lokalklima
AE	-	<i>Lobaria amplissima</i>	sølvnever	spreidd i berg og skog med fuktig lokalklima nær sjøen
AF	-	<i>Pannaria conoplea</i>	grynpfiltlav	spreidd i berg og skog med fuktig lokalklima nær sjøen
AF	-	<i>Pannaria rubiginosa</i>	kystfiltlav	spreidd i fuktig lokalklima
AF	-	<i>Peltigera britannica</i>	kystgrønnever	spreidd i fuktig lokalklima
AF	-	<i>Platismatia norvegica</i>	skrukkelav	spreidd i fuktig lokalklima
AF	V	<i>Pseudocyphellaria crocata</i>	gullprikklav	sjeldan i stabilt fuktig lokalklima
AF	-	<i>Sticta fuliginosa</i>	rund porelav	spreidd i berg og skog med fuktig lokalklima nær sjøen
AF	-	<i>Sticta limbata</i>	grynporelav	spreidd i berg og skog med fuktig lokalklima nær sjøen
AF	-	<i>Sticta sylvatica</i>	buktporelav	Gurskøy: Rambjørhammaren

Som ein kan sjå av tabellen har Herøy mange lavartar som blir betrakta som norske ansvarsartar. Dette gjeld særleg artar knytt til eit fuktig lokalklima, som ein har mykje av i Herøy.

Planter

Raudlisteartar

Funn i fylket vårt av raudlisteartar av planter er oppsummert av Gaarder & Jordal (2001). Det er i Møre og Romsdal kjent 26 planteartar som står på raudlista. I Herøy er det kjent 4 raudlista planteartar (3 DC og 1 R). Tabell 14 viser kva artar og funn som er kjent frå Herøy. To av desse, kvitkurle og solblom, er knytt til kulturlandskapet. Dei andre to er toppstorr og havburkne.

Ansvarsartar

Tabell 10. Ansvarsartar av planter i Herøy (DN 1999b). Ansv. er ansvarskategori: AF=fennoskandisk ansvarsart, AE=europeisk ansvarsart, End=endemismer, Cites=omfatta av Cites-konvensjonen. Kat. er evt. raudlistekategori, som i innleiinga til dette kapitlet.

Ansv.	Kat.	Latinsk namn	Norsk namn	Kommentar
End	-	<i>Sorbus rupicola</i>	bergasal	hist og her
AF	R	<i>Asplenium marinum</i>	havburkne	Raudlisteart, spreidd i Herøy (5-6 kjende lokalitetar).
Cites	DC	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	kvitkurle	Raudlisteart, få funn, dei fleste gamle, naturbeitemark

Mosar

Det er framleis berre laga førebels faktaark for norske raudlista mosar (Frisvoll & Blom 1997). Gaarder & Jordal (2001) har summert opp funn av raudlista mosar i Møre og Romsdal.

Skoddemose står oppført på den norske raudlista med DM og den europeiske raudlista med kategori R (sjeldan). Etter namn, høgd over havet og UTM er det noko uklart kvar funnet er gjort og om det faktisk ligg i Herøy kommune. I dag går riksvegen over Leikongeidet gjennom det aktuelle området.

Vorteknollnikke (*Pohlia lutescens*) er ein svært sjeldan art med berre ein norsk lokalitet. Dette tilseier at lokaliteten burde vore reinventert, og arten ettersøkt elles i distriktet. Det er godt muleg at arten er forsvunnen.

Fugl

Fuglelivet er oppsummert av Folkestad (1996a). Av 268 rapporterte fugleartar er 138 artar funne hekkande eller antatt hekkande. Kommunen er rik på fugl, og med sjøfugl som særleg viktig gruppe. Runde med Sør-Norges største fuglefjell ligg i kommunen.

Raudlisteartar

Av dei 138 (sikkert eller truleg) hekkande er det 17 raudlisteartar. Raudlista gjeld hekkande artar. Berre raudlisteartar med (påvist eller sannsynlege) reproduserande bestandar i Herøy er tatt med nedanfor.

Tabell 11. Raudlisteartar av fugl i Herøy. Artane er og omtala under den einskilde lokaliteten.

Kat=raudlistekategori (sjå innleiinga til dette hovudkapitlet). Hek=hekkestatus: H=påvist hekkande, h=sannsynleg/muleg hekkande.

Kat	Art	Hek	Kat	Art	Hek
E	sørleg gulerle	h	R	skeiand	H
E	åkerrikse	H	R	stjertand	H
V	hubro	H	R	vassrikse	h
V	jaktfalk	H	DC	gråspett	h
V	kvitryggspett	h	DC	havørn	H
V	lomvi	H	DC	lunde	H
V	vandrefalk	H	DC	smålom	H
R	myrrikse	h	DC	storlom	(H)
				teist	H

Ansvarsartar

Tabell 12. Ansvarsartar av fugl i Herøy. Med norske ansvarsartar for fugl meinest artar som har minst 25 % av den europeiske hekkebestanden i landet vårt (DN 1999b). Tala i parentes oppgjev den prosentvise delen av hekkebestanden i Europa som hekkar i Noreg.

Art	Kommentarar
havørn (45%)	hekkestader ikkje offentlege
jaktfalk (38%)	hekkestader ikkje offentlege
raudstilk (35%)	hekkar over alt langs strender og våtmark
svartbak (31%)	vanleg hekkefugl
krykkje (40%)	Sør-Noregs største koloni på Runde
lunde (33%)	Sør-Noregs største koloni på Runde
skjerpiplerke (88%)	vanleg hekkefugl langs strender, holmar og skjer
bergirisk (59%)	hekkefugl i bergskrentar, ofte på næringssøk i kulturlandskapet

Pattedyr

Det finst inga samla framstilling av pattedyr for Herøy. Ein må her nytte fleire ulike kjelder.

Raudlisteartar

Berre raudlisteartar med (påvist eller sannsynlege) reproduserande bestandar i Herøy er tatt med nedanfor. Av pattedyr som reproduuserer i kommunen er det 2 raudlisteartar.

Tabell 13. Raudlisteartar av pattedyr i Herøy. Kat=raudlistekategori (sjå innleiinga til dette hovudkapitlet).

Kat	Art	Kommentarar
DM	oter	god bestand, strender, gruntvatn, vassdrag
DM	piggsvin	hist og her i kulturlandskapet

Gaupe står og på raudlista, men reproduuserer neppe i kommunen. I tillegg er nise og ulike andre kvalartar oppført på ei raudliste for havområda og Svalbard.

Ansvarsartar

Med norske ansvarsartar for pattedyr meinest her artar som har minst 25 % av den europeiske bestanden i landet vårt (DN 1999b: 142). Oteren er den viktigaste ansvarsarten i Herøy blant pattedyr. Til gjengjeld er denne svært talrik med uvanleg tette bestandar somme stader. I tillegg er nise oppført som ansvarsart for havområda. Lemen er og ansvarsart, men det er usikkert om denne er observert i Herøy.

Tabell 14. Oversikt over funn av raudlisteartar i Herøy av gruppene lav (L), mosar (M), planter (P), og sopp (S). Forkortinger for raudlistekategoriar er vist først i dette kapitlet, medan forkortinger for personnamn er vist tidlegare i rapporten. Funn med feite typar er nye i høve til den oppdaterte raudlisteoversikta av Gaarder & Jordal (2001).

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat. 1999	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
L	<i>Degelia atlantica</i>	kystblåfiltlav	DC	Runde, nord for Blåfjell	15.05.1980	Y.Gauslaa	LQ 266 236
L	<i>Degelia atlantica</i>	kystblåfiltlav	DC	Runde, nord for Blåfjell	21.09.1993	GGa, JBJ	LQ 266 236
L	<i>Degelia atlantica</i>	kystblåfiltlav	DC	Nerlandsoya: Blåsvædet (Kalddalsbukta)	03.02.2001	GGa, KJG, DH	LQ 223 185
L	<i>Pseudocypellaria crocata</i>	gullprikklav	V	Runde: rett ovafor snuplassen ved Goksøyri	05.11.2000	KJG	LQ 252 246
M	<i>Brachydontium trichodes</i>	skoddemose	DM	Røddalshornet, 200 m o.h. i ei kløft	04.08.1904	E. Jørgensen (BG)	LQ 30 04-05
M	<i>Pohlia lutescens</i>	vorteknollnikke	E	Runde: Vardetoppen, ca. 330 m	20.07.1928	H. Goksøyri, det L. Loeske, conf. E. Nyholm (O) (Crundwell & Nyholm 1976)	LQ 261 229
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Gurskøya: Leikong	09.07.1931	H. Goksøyri	LQ 32 05
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Gurskøya: Moldtu	11.08.1930	H. Goksøyri	LQ 22-25, 10-11
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Gurskøya: Rafteset (Dahl 1895)	xx.07.1894	Dahl: Ytre Søndmøre, 37	LQ 30 11
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Gurskøya: Tjervåg	31.07.1931	H. Goksøyri	LQ 30-31, 09-11
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Gurskøya: Jøsokbakken, 5 rosettar	28.09.2000	KJG & JBJ	LQ 332 035
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Gurskøya: Raudskar ("masser på engene", Wischmann 1965)	16.07.1964	R. Tambs Lyche	LQ 30-31, 03
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Gurskøya: Raudskar, 8 rosettar på liten flekk	28.09.2000	KJG & JBJ	LQ 312 039
P	<i>Asplenium marinum</i>	havburkne	R	Runde: flere lok. Otreskredene-Hjortaneset (vestsida), frostvintrar 1970-tallet reduserte talet på lokalitetar	ca. 1970-1996	A. O. Folkestad	LQ 23-24, 22-24
P	<i>Asplenium marinum</i>	havburkne	R	Runde: Otreskredene	29.07.1928	H. Goksøyri	LQ 24 22
P	<i>Asplenium marinum</i>	havburkne	R	Nerlandsoya: Skageneset i Skorpesundet	17.08.2000	KJG	LQ 208 158
P	<i>Asplenium marinum</i>	havburkne	R	Nerlandsoya: Skageholia i Skorpesundet (Hals 1988)	høsten 1988	AOF, JBJ m. fl.	LQ 202 158
P	<i>Asplenium marinum</i>	havburkne	R	Skorpa, SV-sida	seinast 1994	AOF	LQ 17 14
P	<i>Carex paniculata</i>	toppstarr	DC	Lid & Lid (1994), belegg ikkje lokalisert			
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Bergsøya: Hornseten	10.03.2001	KJG	LQ 265 172 (ED)
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Leinøya: Grønelida	18.03.2001	KJG	LQ 292 189
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Nerlandsoya: Blåsvædet (Kalddalsbukta)	03.02.2001	GGa, KJG, DH	LQ 223 185
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Remøya: under Remøykammen	17.03.2001	KJG	LQ 276 202
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Herøyfjorden: Notøya	21.04.2000	KJG	LQ 278 130
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Runde: mellom Langenes og Goksøyri. N-vendt berg ca 10-20 m, sett 18.05.1975 AOF, JBJ m. fl.	14.07.1964	Finn Wischmann	LQ 264 234
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Runde (same som ovafor)	25.07.1979	H. Milthalen	LQ 264 234

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat. 1999	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Runde: mellom Langenes og Goksøyr. N-vendt berg (same som ovafor)	29.09.2000	KJG & JBJ	LQ 264 234
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Gurskøya: Tarbergtua	22.08.2000	KJG	LQ 232 114
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Gurskøya: Tarbergtua	03.12.2000	KJG	LQ 230 113
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Gurskøya: Jøsok	11.07.1931	H. Goksøyr	LQ 33 03
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Gurskøya: Moldtu-bakkane	11.08.1930	H. Goksøyr	LQ 22-25, 10-11
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Gurskøya: Moldtu-skrå mot Hisegga	12.08.1930	H. Goksøyr	LQ 23-24, 10
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Gurskøya: under Hisegga	14.07.1931	H. Goksøyr	LQ 23-24, 10
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Gurskøya: Løset på Moldustranda	02.08.1894	Ove Dahl	LQ 22 11
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Nerlandsøya: Lyrevika	30.07.2000	KJG	LQ 199 201
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Nerlandsøy: Skageneset		AOF	LQ 203 157
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Runde: Gokseyr-urene	26.07.1928	H. Goksøyr	LQ 25, 23-24
S	<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	gulbrun narrevokssopp	DC	Gurskøya: V. for Tarberg	25.09.1995	GGa & JBJ	LQ 232 116-235 118
S	<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	gulbrun narrevokssopp	DC	Nerlandsøya: Mulevika	26.09.1995	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Clavaria fumosa</i>	røykfarga kollesopp	V	Remøya: Terneneset	29.09.2000	KJG & JBJ	LQ 249-250, 198-200
S	<i>Clavaria zollingeri</i>	fiolett greinkollesopp	V	Gurskøya: V for Tarberg	26.09.1997	GGa & JBJ	LQ 232 116-235 118
S	<i>Clavulinopsis cinereoides</i>		V	Remøya: Terneneset	29.09.2000	KJG & JBJ	LQ 249-250, 198-200
S	<i>Clavulinopsis cinereoides</i>		V	Gurskøya: Stokksund	28.09.2000	KJG & JBJ	LQ 311 128
S	<i>Entoloma atrocoeruleum</i>		DC	Nerlandsøya: Mulevika	25.09.1997	GGa & JBJ	LQ 202184-205192
S	<i>Entoloma bloxamii</i>	praktraudskivesopp	E	Leinøya: Volsund	29.09.2000	KJG & JBJ	LQ 276-283, 181-186
S	<i>Entoloma bloxamii</i>	praktraudskivesopp	E	Nerlandsøya: Mulevika	26.09.1995	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Entoloma coeruleoflocculosum</i>		R	Nerlandsøya: Mulevika	25.09.1997	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Entoloma dichroum</i>		V	Nerlandsøya: Mulevika	27.09.1994- 25.09.1997	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Entoloma exile</i>		DC	Nerlandsøya: Mulevika	27.09.1994- 25.09.1997	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Entoloma exile</i>		DC	Nerlandsøya: Myraneset	27.09.1994	GGa & JBJ	LQ 218 193-222 194
S	<i>Entoloma formosum</i>	bronseraudskivesopp	R	Nerlandsøya: Mulevika	27.09.1994- 25.09.1997	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Entoloma fuscomarginatum</i>		R	Nerlandsøya: Mulevika	27.09.1994	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Entoloma griseocyaneum</i>	lillagrå raudskivesopp	DC	Nerlandsøya: Mulevika	09.08.1998	GGa	LQ 202184-205192
S	<i>Entoloma prunuloides</i>	melraudskivesopp	DC	Nerlandsøya: Mulevika	27.09.1994- 25.09.1997	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Entoloma xanthochroum</i>		R	Nerlandsøya: Mulevika	09.08.1998	GGa	LQ 202184-205192
S	<i>Geoglossum atropurpureum</i>	vrangtunge	DC	Bergøya: Flusundet	25.09.1997	GGa & JBJ	LQ 275 172
S	<i>Geoglossum cookeianum</i>	dynetunge	DC	Bergøya: Igesund	27.09.2000	KJG & JBJ	LQ 237-241. 133-136
S	<i>Geoglossum cookeianum</i>	dynetunge	DC	Bergøya: Nerlandsøya: Mulevika	26.09.1995- 10.10.1996	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	DC	Bergøya: Igesund	27.09.2000	KJG & JBJ	LQ 237-241. 133-136

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat. 1999	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
S	<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	DC	Nerlandsøya: Mulevika	21.09.1993- 25.09.1997	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	DC	Nerlandsøya: Myraneset	21.09.1993- 27.09.1994	GGa & JBJ	LQ 218 193-222 194
S	<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	DC	Nerlandsøya: Andbøvika (Verpingsneset)	21.09.1993	GGa & JBJ	LQ 235 188-237 190
S	<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	DC	Runde: Goksøy	21.09.1993	GGa & JBJ	LQ 25 24
S	<i>Geoglossum glutinosum</i>	sleip jordtunge	DC	Nerlandsøya: Myraneset	21.09.1993- 27.09.1994	GGa & JBJ	LQ 218 193-222 194
S	<i>Geoglossum glutinosum</i>	sleip jordtunge	DC	Nerlandsøya: Andbøvika (Verpingsneset)	21.09.1993	GGa & JBJ	LQ 235 188-237 190
S	<i>Geoglossum glutinosum</i>	sleip jordtunge	DC	Runde: Goksøy	21.09.1993	GGa & JBJ	LQ 25 24
S	<i>Geoglossum simile</i>	trolljordtunge	DC	Nerlandsøya: Myraneset	21.09.1993	GGa & JBJ	LQ 218 193-222 194
S	<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	DC	Nerlandsøya: Mulevika	21.09.1993- 25.09.1997	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	DC	Runde: Goksøy	21.09.1993	GGa & JBJ	LQ 25 24
S	<i>Gymnopilus odini</i>	oransje bålbittersopp	R	Nerlandsøya: Andbøvika (Verpingsneset)	21.09.1993	GGa & JBJ	LQ 235 188-237 190
S	<i>Hygrocybe canescens</i>	tinnvokssopp	E	Skorpa	27.09.1994	GGa & JBJ	LQ 17-18, 14-15
S	<i>Hygrocybe colemanniana</i>	brun engvokssopp	V	Nerlandsøya: Mulevika	27.09.1994- 10.10.1996	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfotvokssopp	DC	Nerlandsøya: Mulevika	27.09.1994- 25.09.1997	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Hygrocybe fornicata</i>	musserongvokssopp	DC	Gurskøya: V. for Tarberg	25.09.1995	GGa & JBJ	LQ 232 116-235 118
S	<i>Hygrocybe fornicata</i>	musserongvokssopp	DC	Nerlandsøya: Mulevika	26.09.1995- 10.10.1996	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	limvokssopp	V	Bergøya: Flusundet	25.09.1997	GGa & JBJ	LQ 275 172
S	<i>Hygrocybe ovina</i>	sauenvokssopp	E	Bergøya: Flusundet	25.09.1997	GGa & JBJ	LQ 275 172
S	<i>Hygrocybe ovina</i>	sauenvokssopp	E	Gurskøya: Jøsok i beitemark	22.09.1953	JS	LQ 33 03
S	<i>Hygrocybe ovina</i>	sauenvokssopp	E	Gurskøya: Leikonger	23.09.1953	OS & JS	LQ 32 05
S	<i>Hygrocybe ovina</i>	sauenvokssopp	E	Gurskøya: V for Tarberg	26.09.1997	GGa & JBJ	LQ 232 116-235 118
S	<i>Hygrocybe persistens</i>	spiss vokssopp	DC	Nerlandsøya: Mulevika	25.09.1997	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	svartdogga vokssopp	DC	Bergøya: Flusundet	25.09.1997	GGa & JBJ	LQ 275 172
S	<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	svartdogga vokssopp	DC	Nerlandsøya: Myraneset	27.09.1994- 26.09.1995	GGa & JBJ	LQ 218 193-222 194
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Bergøya: Flusund	10.10.1996- 25.09.1997	JB	LQ 275 172
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Gurskøya: v. for Løset	25.09.1995	GGa & JBJ	LQ 222 118
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Gurskøya: V. for Tarberg	25.09.1995	GGa & JBJ	LQ 232 116-235 118
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Herøya	28.09.2000	KJG & JB	LQ 277-281, 133-136
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Nerlandsøya: Mulevika	27.09.1994- 25.09.1997	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Nerlandsøya: Myraneset	26.09.1995	GGa & JBJ	LQ 218 193-222 194

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat. 1999	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Remøya: Terneneset	29.09.2000	KJG & JBJ	LQ 249-250, 198-200
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Runde: Goksøy	21.09.1993- 26.09.1995	GGa & JBJ	LQ 25 24
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Runde: Måganeset	10.10.1996	JBJ	LQ 245 220
S	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	russelærsvokssopp	DC	Flåvær: Husholmen	28.09.2000	KJG & JBJ	LQ 234-240, 135-137
S	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	russelærsvokssopp	DC	Flåvær: Vardholmen	28.09.2000	KJG & JBJ	LQ 231 140
S	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	russelærsvokssopp	DC	Nerlandsøya: Mulevika	27.09.1994- 10.10.1996	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	V	Bergøya: Flusund	10.10.1996- 25.09.1997	JBJ	LQ 275 172
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	V	Gurskøya: V for Tarberg	26.09.1997	GGa & JBJ	LQ 232 116-235 118
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	V	Gurskøya: v. for Løset	25.09.1995	GGa & JBJ	LQ 222 118
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	V	Gurskøya: V. for Tarberg	22.09.1993- 25.09.1995	GGa & JBJ	LQ 232116-235118
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	V	Nerlandsøya: Mulevika	27.09.2000	KJG & JBJ	LQ 203 185
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	V	Nerlandsøya: Mulevika	26.09.1995- 25.09.1997	GGa & JBJ	LQ 202 184-205192
S	<i>Hygrocybe vitellina</i>	gul slimvokssopp	V	Runde: Goksøy	26.09.1995	GGa & JBJ	LQ 25 24
S	<i>Microglossum fuscoviolaceum</i>	kopartunge	V	Nerlandsøya: Mulevika	27.09.1994- 26.09.1995	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192
S	<i>Porpoloma metapodium</i>	grå narremusserong	V	Nerlandsøya: Mulevika	09.08.1998	GGa	LQ 202184-205192
S	<i>Porpoloma metapodium</i>	grå narremusserong	V	Nerlandsøya: Myraneset	27.09.1994	GGa & JBJ	LQ 218 193-222 194
S	<i>Ramariopsis kunzei</i>	kvit småfingersopp	DC	Nerlandsøya: Mulevika	26.09.1995	GGa & JBJ	LQ 202 184-205 192

FORVALTNING OG TILRÅDINGAR

Viktige naturtypar og forvaltning av dei

Følgjande naturtypar må seiast å vera viktige å ta omsyn til i kommunen, samstundes som mange av dei er i tilbakegang på grunn av menneskelege aktivitetar (marine område hører ikkje med i prosjektet):

- **Havstrand med rik strand- og undervassvegetasjon**
- **Berg og rasmark, både nord- og sørvendt**
- **Innsjøar i kulturlandskapet**
- **Naturbeitemarker med stor artsrikdom**
- **Kystlynghei som framleis er i bruk**
- **Kystlynghei med purpurlyng**
- **Terrengdekkjande myr (Runde)**
- **Hassel- og almeskog (mest Gurskøya)**
- **Kystfuruskog (Gurskøya)**
- **Holmar og berg med større sjøfuglkoloniar (fell utanfor dette prosjektet, hører under viltkartlegging)**

I slike område bør omsynet til det biologiske mangfaldet prioriterast i alt planleggingsarbeid, og ein bør utarbeida planer for forvaltninga.

Herøy har eit sterkt sær preg i flora og fauna som ein av dei mest utprega kystkommunane i fylket. Det er ei utfordring å bevara det som er spesielt med denne kystnaturen.

Havstrand

Havstrandområda i kommunen er i stor grad svært eksponerte for vind og bølgjer. I mange tilfelle er alle lausmassar vaska vekk, og blanke berget står att. Der det er rolegare farvatn er det meir lausmassar, og i særleg beskytta farvatn kan lausmassane danna større flater med gradvis overgangar frå land til sjø og også ein del salt påverka engsamfunn (strandenger og strandsump). Desse stadene er flate og utsett for ulik menneskeleg arealutnytting. Nokre gonger kan ein her koma i konflikt mellom natur- og samfunnsinteresser i arealutnyttinga. Med denne rapporten er det peika på nokre slike område der ein etter rapportforfattarane si mening bør prioritera naturverdiane. Dette gjeld t. d. Igessundvaulen, Nøre Vaulen (Volsund) og Tjørvågleira. Ute i sjøen kan ein på slike rolege stader finna ålegrasenger. Ålegras er kjent i gode bestandar m. a. i Stokksund, Kvennavågen og Straumane (Eggesbøstraumen).

Elles er brakkvassområdet i Dragsundet (Styggesjøen m.m.) svært interessant fordi det veks spesialtilpassa brakkvassplanter her som det sjeldne skruehavgraset.

Sjøfuglområde er det mykje av i kommunen, men dei fell som nemnt utanfor dette prosjektet, sidan dei hører under viltkartlegging (DN 1996). Vi har samla materiale frå m. a. Folkestad & Loen (1998) i eit eige kapittel.

Berg og rasmark

Under arbeidet med dette prosjektet har vi fått mykje meir kunnskap om ein lite kjent vestlands-naturtype: nordvendte berg på kysten. Slike lokalitetar har svært interessant flora av fuktrevande lav, mosar og planter, m. a. hinnebregne. Naturtypen er dei fleste stader lite truga, men kan tilfeldigvis bli øydelagt ved anlegg av steinbrot, utbyggingsprosjekt m.m. dersom ein ikkje er merksam på lokalitetane. Nokre stader er sørvendte berg og rasmarker og registrerte som interessante med mellom anna varmekjær flora, t. d. purpurlyng. Desse er på same måte viktige å ta vare på.

Ferskvatn

Viktigaste innsjøen i kommunen er som nemnt Myklebustvatnet, som alt er verna. At noko er verna tyder likevel ikkje at ein er ferdig med alt som heiter forvaltning. Elles er Tuftevatnet næringsrikt og artsrikt. Fleire andre låglandsvatn er og verdifulle. Djupvikvatnet er etter somme si mening verdifullt fordi det er eit relativt upåverka låglandsvatn.

Kulturlandskap

Dei viktigaste typane i kulturlandskapet i Herøy (biologisk sett) er naturbeitemarker og attverande beita kystlyngheier. Av naturbeitemarker er følgjande særleg viktig å beita også i framtida: Mulevika, Myraneset og Andbøvika på Nerlandsøya, Jøsokbakken, Raudskar, Stokksund, Tarberg og Løset på Gurskøya, Hornsetstranda på Bergsøya, Terneneset på Remøya og Goksøyr, Nøre Handfangen og Måganeset på Runde. Generelt er det positivt å ta opp att beitinga i udyrka område der beiting har vore drive i lang tid tidlegare. Dette gjeld også kystlyngheier. Der er Leinehornet på Leinøya, Barmen og Koparstad-Skorpesundet på Nerlandsøya, Geita m.m. på Runde dei viktigaste. Gammal norsk sau (villsau, utegangarsau) er eit av håpa for kulturlandskapet på kysten i tida framover. Ein bør leggja til rette for at meir av arealet kan nyttast av utegangarsau. Sørvendte kystlyngheier med purpuryng er nær nordgrensa si i Noreg (Nordøyane i Haram), og er viktige å ta vare på.

Myr

Goksøyrmynrene er alt verna (1996), men ein bør her følgja med m. a. på trakkslitasjen og vurdera tiltak i høve til det.

Det er grunn til å vera merksam på at "intakt låglandsmyr" i dag blir betrakta som ein verdifull naturtype uansett artsrikdom, rett og slett fordi naturtypen har vorte sjeldan i låglandet. I Herøy bør ein ta vare på dei intakte myrene som er att. Desse myrene er ikkje tilstrekkeleg undersøkte.

Skog

Biologisk interessant skog i Herøy er i første rekke edellauvskog, det vil seia skog med dei varmekjære tresлага alm, hassel og svartor. Dette finst særleg på austlege deler av Gurskøya.

Elles er det i det same området på austsida av Gurskøya og viktige bestandar av krisstorn.

Til sist er det grunn til å nemna kystfuruskogen ved Huldrehornet og Kleppe på Gurskøya. Ein bør søkja å bevara det preget desse skogane har.

I alle desse skogtypane er det ønskjeleg med minst muleg fysiske inngrep og ikkje treslagskifte. Når det gjeld hogst, bør ein avgrensa det til plukkhogst og unngå større flater.

Kontroll med innførte artar

Vi menneske flyttar mange artar med oss frå ein stad til ein annan av ulike grunnar. Det kan vera fine blomar å ha i hagen, vakre tre, kulturplanter, husdyr osb. Det kan også vera artar som berre følger usett med på lasset når varer, folk og dyr forflyttar seg. Innførte artar er ikkje nødvendigvis tilpassa å leva saman med dei artane som er her frå før, og av og til kan nye artar ta over i ein grad som er gjer dei heilt uønska og ukontrollerbare.

Noreg har ratifisert Konvensjonen for biologisk mangfold, og denne vart gyldig frå 1994. Noreg er flink på mange av dei områda som denne konvensjonen regulerer, men vi er mindre flinke på to område:

- konsekvensutgreiingar i samband med naturinngrep
- kontroll med innførte artar

Ifølge artikkel 8h i konvensjonen forpliktar landa seg til mellom anna å hindra innføring av, kontrollera eller utrydda framande artar som trugar økosystem, habitat eller artar.

Vi ønskjer derfor å fokusera på det siste, idet vi omtalar nokre innførte artar, og dermed ønskjer å gjera folk merksame på at desse artane kan koma ut av kontroll.

Mink

Minken er ein nordamerikansk art som vart sleppt fri i naturen få år etter at dei første dyra kom til Noreg i 1927. Minken spreidde seg over heile fylket vårt i løpet av 1950-talet. Mange stader på kysten har han verka negativt inn på kolonihekkande bestandar av sjøfugl. Nokre artar synest å motverka dette ved å gå over til spreidd hekking.

Platanlønn

Platanlønn er eit innført treslag som har vore mykje bruka i hagar, parkanlegg, som tuntre på gardar m.m. I dag ser ein at denne arten breier seg heilt ukontrollert i litt varme lauvskogslier. I Herøy er det ikkje så mykje av han, men ein bør unngå å la han frøa seg, og prøva å hogga han ut etter kvart der han finst.

Sitkagran

Sitkagran har vore planta særleg i kyststrok. Dei trea som veks i nokså verhardt klima på kysten, høver ofte dårleg både til skur, slip og ved, og er dessutan svært ubehagelege å ha med å gjera på grunn av stive kvistar og spisse nåler. Det er derfor lite truleg at det kjem til å bli drive særleg mykje hogst på arten utan vidare. Ein bør vera merksam på at denne arten kan koma til å spreia seg ukontrollert somme stader.

Andre

Det finst fleire innførte artar som spreier seg. Rukkerose er ein fin art å sjå på, men han spreier seg ein god del i stredene, og kan somme stader fortrenga stadeigen vegetasjon. Fagerfredlaus er ei hageplante som også spreier seg frå hageavfall i vegkantar og skogkantar fleire stader.

Kunnskapsstatus og behov for vidare undersøkingar

Med dette prosjektet er kunnskapen om naturtypane i Herøy som er omtala i DN-handboka systematisert betre enn før og ny kunnskap har kome til. Marine område har ikkje vore ein del av prosjektet, i påvente av eige opplegg for dette. Når det gjeld havstrand/kyst, har truleg dei større og viktige lokalitetane kome med, men det kan framleis finnast att interessante område som ikkje er undersøkt. Dekninga er middels på edellauvskog, det vil seia skog med varmekjære treslag som alm, svartor og hassel. Det er registrert fleire område som ein ikkje har hatt tid til å oppsøkja. Når det gjeld kulturlandskap er på same måte dei større lokalitetane truleg kome med, medan det framleis kan finnast ein del mindre lokalitetar som ikkje er undersøkt. Intakte låglandsmyrer burde vore betre undersøkte.

Behovet for vidare undersøkingar er størst når det gjeld

- **kulturlandskap**
- **nordvendte berg**
- **myrområde i låglandet**
- **marine område**
- **oppdatering av viltkart**

Også i dei fleste andre naturtypar vil det finnast ein god del meir enn det som er kartlagt. Når det gjeld kunnskap om artsmangfaldet i Herøy, er det framleis utruleg mykje å henta, særleg innanfor lite studerte organismegrupper som virvellause dyr og lågare planter, sopp og mosar. Også plantelivet er framleis utilstrekkeleg kjent.

Vidare undersøkingar på landjorda bør inkludera lite studerte organismegrupper som

- **lav**
- **mosar**
- **sopp**

Elles er det viktig å få til ei oppdatering av viltkartet for Herøy som eit supplement til denne rapporten for å ha eit fyldigast muleg grunnlag for framtidig naturforvaltning.

Takk

Alv Ottar Folkestad, Geir Gaarder, Dag Holtan, Hans Olsvik og Anders Langangen har gjeve diverse faglege opplysningar. Dessutan har ei rekke grunneigarar og andre i større eller mindre grad bidratt med lokalkunnskap. Tanja Rafteseth har skyssa oss med båt i Herøyfjorden. Kontaktperson i kommunen i første fase har vore Torbjørn Hasund, på slutten avløyst av Tanja Rafteseth. Rapportforfattarane ønskjer å takka alle desse.

LITTERATUR

Litteratur som berører Herøy

Lista nedanfor er eit resultat av søk på kommunenamnet "Herøy" i litteraturdatabasen for naturen i Møre og Romsdal (Jordal & Gaarder 2001), noko som gav 582 treff. Dette er dermed ei liste over litteratur som omhandlar eit eller anna forhold som har med naturen i Herøy å gjera. Berre ein mindre del av titlane er siterte i rapporten. Eit tilsvarende søker på "Runde" ga treff på 245 av titlane nedanfor, det reelle talet vil nok bli høgare etter kvart som basen blir meir utfyllende. Runde er dermed ein av dei stadene i Møre og Romsdal som er mest omskriven. Der fleire kjelder av same forfattar fra same årstal er siterte i rapporten, er desse skilde med a, b og c, t. d. Folkestad (1976b).

- Aksdal, S., 1994: Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga rapport nr. 6 - 1994. 125 s.
- Alm, T. & Ofoten, A., 1997: Botaniske fabeldyr - eller fins de i Finnmark? *Blyttia* 55:147-176.
- Andersen, J. & Hanssen, O., 1993: Geographical distribution of the riparian species of the tribe Bembidiini (Col., Carabidae) in south and central Norway. *Fauna norv. Ser. B. Norw. J. Ent.* 40:59-69.
- Anfinnsen, M. T., 1956: Fuglelivet på Rundøy. *Naturen* 80:259-274.
- Anker-Nilsen, T., 1990: Ringmerking av havsvaler og stormsvaler i Norge. *Ringmerkaren* 2:144-152.
- Anker-Nilsen, T., 1991: Ringmerking av havsvaler og stormsvaler i 1990. *Ringmerkaren* 3:140-148.
- Anker-Nilsen, T., 1992: Ringmerking av havsvaler og stormsvaler i 1991. *Ringmerkaren* 4:140-148.
- Anker-Nilsen, T., 1993: Ringmerking av havsvaler og stormsvaler i 1992. *Ringmerkaren* 5:163-174.
- Anker-Nilsen, T., 1994: Ringmerking av havsvaler og stormsvaler i 1993. *Ringmerkaren* 6:173-187.
- Anker-Nilsen, T., 1995: Havsvalefangsten i Norge i 1994. *Ringmerkaren* 7:201-215.
- Anker-Nilsen, T., 1996: Salte svaler i Norge i 1995. *Ringmerkaren* 8:180-196.
- Anker-Nilsen, T., 1997: Resultater fra Havsvaleprosjektet i 1996. *Ringmerkaren* 9:159-169.
- Anker-Nilsen, T., 1998: Resultater fra Havsvaleprosjektet i 1997. *Ringmerkaren* 10:159-169.
- Anker-Nilsen, T., 1999: Havsvaleprosjektets resultater i 1998. *Ringmerkaren* 11:104-120.
- Anonym, 1949: To havsuleegg funne i fuglefjellet på Runde. Dei første eggene som er funne i Norge. *Fauna* 2:94-95.
- Anonym, 1984: Representativa naturområden i Norden. Nordiska ministerrådet 1984. Rapport.
- Aune, B. 1993: Årstider og vekstsесong 1:7 mill. Nasjonalatlas for Norge, kartblad 3.1.7. Statens kartverk.
- Barrett, R., 1984: Havsula - stor, men sjeldan. *Vår fuglefauna* 7:224-226.
- Barrett, R. T. & Runde, O. J., 1980: Growth and survival of nestling Kittiwakes Rissa tridactyla in Norway. *Ornis Scandinavica* 11:225-235.
- Barrett, R. T. & Vader, W. 1984: The status and conservation of breeding seabird in Norway. In: Croxall, J. P., P.G.H. Evans & R. W. Schreiber (eds.) *Status and conservation of the world's seabirds*. ICBP Tech. Publ. No. 2:223-233.
- Barrett, R. T., Anker-Nilssen, T., Rikardsen, F., Valde, K., Røv, N. & Vader, W. 1987: The food, growth and fledging success of Norwegian Puffin chicks Fratercula arctica in 1980-1983. *Ornis Scand.* 18:73-83.
- Barth, E. K., 1966: Nye fugleiakttagelser på Rundøy. *Fauna* 19:110-115.
- Bendiksen, E., Høiland, K., Brandrud, T. E. & Jordal, J. B., 1997: Truete og sårbare sopparter i Norge - en kommentert rødliste. *Fungiflora*. 221 s.
- Bevanger, K. & Ålbø, Ø. 1986: Minken Mustela vison i Norge. *Økoforsk utredning* 1986:6: 1-73.
- Bevanger, K. & Ålbø, Ø. 1987: Distributional history and population development of the feral mink Mustela vison Schreber, 1977 in Norway. *Meddelelser fra norsk viltforskning* 3. serie nr. 18. 22 s.
- Bjørbæk, G. 1993: Snø 1:7 mill. Nasjonalatlas for Norge, kartblad 3.1.4. Statens kartverk.
- Bjørlykke, B., 1938: Vegetasjonen på olivinstein på Sunnmøre. *Nytt. mag. naturv.* 79:51-125. (Publ. av hov. f. oppg. UiO)
- Bjørlykke, H., 1940: Utsyn over Norges jord og jordsmonn. Med oversiktskarter av jordbunnsforholdene i Norge i to blader: Sør-Norge og Nord-Norge. 1:2 000 000. NGU skrifter nr. 156.
- Bjørnsrud, B., 1965: Runde - suleøya mot storhavet. *Norsk natur* 1:15-20.
- Blytt, A., 1874: Norges Flora eller Beskrivelser over de i Norge vildtvoksende Karplanter tilligemed Angivelser af de geografiske Forholde, under hvilke de forekomme. 2. s. 387-855. Christiania.
- Blytt, A., 1876: Norges Flora eller Beskrivelser over de i Norge vildtvoksende Karplanter tilligemed Angivelser af de geografiske Forholde, under hvilke de forekomme. 3. s. 857-1348. Christiania.
- Blytt, M. N., 1861: Norges Flora eller Beskrivelser over de i Norge vildtvoksende Karplanter tilligemed Angivelser af de geografiske Forholde, under hvilke de forekomme. 1. Christiania. 386 s.

- Bosy, R. G. & A. W. Clarke, 1993: Sjeldne fugler i Norge i 1991. Rapport fra Norsk sjeldenhetskomité for fugl (NSKF). Vår fuglefauna 16:205-225.
- Brandrød, T. E., 1983: *Cortinarius* subgen. *Cortinarius* (Agaricales) in the Nordic countries, taxonomy, ecology and chorology. Nordic Journal of Botany 3:577-592.
- Braskerud, B., 1989: Herøy beitlag. Rapport fra Det norske jord- og myrselskap. 9 s. + vedlegg.
- Brattegård, T. & Holthe, T. (red.), 1995: Kartlegging av egnede marine verneområder i Norge. Tilråding fra et rådgivende utvalg. Utredning for Direktoratet for naturforvaltning (DN) 1995, nr. 3:1-179.
- Brun, E., 1962: Trekk fra fuglelivet på Rundøy. Fauna 15:164-171.
- Brun, E., 1963: Mer om Rundøy fuglefauna. Fauna 16:84-85.
- Brun, E., 1966: Hekkebestanden av lunde Fratercula arctica (L.) i Norge. Sterna 7:1-17.
- Brun, E., 1969: Utbredelse og hekkebestand av lomvi (Uria aalge) i Norge. Sterna 8:209-224.
- Brun, E., 1969: Utbredelse og hekkebestand av alke (Alca torda) i Norge. Sterna 8:345-359.
- Brun, E., 1971: Populasjonsendringer hos noen sjøfuglarter i Sør-Norge. Sterna 10:35-56.
- Brun, E., 1971: Spredning av havhest på Sunnmørskysten. Sterna 10:225.
- Brun, E., 1972: Establishment and population increase of the Gannet, *Sula bassana*, in Norway. Ornis Scand. 3:27-38.
- Brun, E., 1972: Kommentarer til "Populasjonsendringer hos noen sjøfuglarter i Sør-Norge". Sterna 11:20.
- Brun, E., 1973: Nye hekkeforekomster av krykkje, *Rissa tridactyla*, på kyststrekningen Stadt-Hitra. Sterna 12: 218-222.
- Brun, E., 1979: Present status and trends in population of seabirds in Norway. In: J. C. Bartonek & D. N. Nettleship (eds.): Conservation of marine birds of northern North America. U.S. Dept. Int., Fish Wildl. Res. Rep. 11:289-262.
- Brun, P. F., 1985: Program for overvaking av fjordar og vassdrag i Møre og Romsdal 1984-88. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport 1-1985. 124 s.
- Brun, P. F., 1986: Overvaking av fjordar og vassdrag i Møre og Romsdal 1983-85. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, rapport 7/86. 91 s.
- Brun, P. F. & Haugen, T., 1990: Overvaking av fjordar og vassdrag i Møre og Romsdal 1986-88. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, rapport 2/90. 101 s.
- Brun, P. F., 1992: Overvaking av fjordar og vassdrag i Møre og Romsdal 1989-91. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, rapport 9/92. 92 s.
- Bruun, P. & Eide, O., 1999: Status for lakseførande vassdrag i Møre og Romsdal i 1998. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport 2-1999. 186 s.
- Bruun, P., Asplan Viak Sør A/S, Aspås, H., & Eide, O. & Sættem, L. M., 1999: Kultiveringsplan for anadrom laksefisk og innlandsfisk i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport 3-1999. 161 s.
- Bruun, P., Aspås, H. & Eide, O., 1995: Forslag til kultiveringsplan for ferskvannsfisk i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport 8-1995. 156 s.
- Bruun, P., Aspås, H., Eide, O. & Sættem, L. M., 1999: Kultiveringsplan for ferskvannsfisk i Møre og Romsdal. Status og framtidig strategi. Høringsutkast, januar 1999. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport 8-1995. 156 s.
- Bryhn, I., 1977: Geologi med store kontraster. I: Møre og Romsdal, serien Bygd og by i Norge. s. 74-103.
- Bugge-Høyler, R., 1926: Vernskogen i Møre. Tidsskr. skogbr. 34:558-564.
- Bustnes, J. O., Christie, H. & Lorentsen, S. H., 1997: Sjøfugl, tareskog og taretråling: en kunnskapsstatus. NINA oppdragsmelding 472. 43 s.
- Byrkjeland, S., 1997: Etter år med intens ringmerking av havsvaler: Stadig gåtefull og lyssky. Vår fuglefauna 20:113-116.
- Byrkjeland, S. & Skjelstad, H. B. 1996: Fugleøya Runde - Sør-Norge eneste fuglefjell. Vår fuglefauna 19:12-16.
- Børset A., Lucasen, U. & Strøm, A. M. 1990: Spørreundersøkelse blant jegere i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga. Rapport nr. 8-1990. 64 s. + vedlegg.
- Børset, A., 1995: Forvaltning av freda rovvilt i Møre og Romsdal 1991-94. Forvaltningstiltak, bestandsregistrering, førebyggjande tiltak, skadedokumentasjon og erstatninger. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport nr. 10/1995. 45 s. + vedlegg.
- Christensen, H., 1995: Determinants of otter *Lutra lutra*. Distribution in Norway. Effects of harvest, PCBs, human population density and competition with mink *Mustela vison*. Dr. scient-avhandling, Univ. i Trondheim, Zool. inst.
- Christensen, H. & Eldøy, S., 1988: Truede virveldyr i Norge. DN-rapport nr. 2-1988. 104 s.
- Collett, R., 1869: Norges fugle, og deres geographiske udbredelse i landet. Forh. Vidensk. Selsk. Krist. 1868:116-193.
